

Takk

Å skrive denne oppgåva er utan tvil det mest krevande eg har gjort så langt i mitt liv og der var fleire tidspunktpunkt undervegs der eg trudde at eg ikkje kom til å få det til. Når eg no likevel har skrive den ferdig er det ikkje i lita grad pga. den støtta eg har fått frå andre.

Fyrst vil eg takke rettleiaren min, Jardar Eggelsbø Abrahamsen, som har tvunge meg til å omdefinere definisjonen min av «tolmod». Uansett kor rotete tankar eller tekst har vore har du kunne gi fornuftig og hjelpsam tilbakemelding. Om det ikkje var for hjelpa eg har fått frå deg hadde oppgåva aldri blitt ferdig. Takk for det.

Eg vil takke informantane mine, samt dei ansette hjå Saemien Sijte og Gielem Nastedh i Snåsa.

Eg vil takke familien min for utrøyteleg støtte og oppmuntring heile vegen under arbeidet. For tilbod om nattekøyring til Trondheim, for god mat og godt selskap når eg kom heimom, for ei trygg atmosfære der eg kunne unnsleppa stresset i eit par dagar, for alt dette er eg veldig takksam.

Ein takk går også til Åsen-gjengen i Volda, som hjalp meg med å hugse kvifor eg likte å vere student i utgangspunktet. 12-timarsdagar har aldri vore så kjekke som dei var med dykk.

Til slutt vil eg takke Julia for alle stundene mellom skrivinga, for at du sat og høyrde på når eg ville snakke om analysa mi, for at du var med meg når døgnrytmen mista grepet, og for at du hjalp med å passe på at sinnet ikkje gjorde det same.

Innhald

1 Innleiing	5
1.0.1 Kva er oppgåva om?	5
1.1 Samefolket	5
1.1.1 Kva kjenneteiknar ein same?	5
1.1.2 Kor mange samar er der?	6
1.1.3 Samar og språk	7
1.2 Samisk språk	8
1.2.1 Språkgenetisk plassering og kjenneteikn	8
1.2.2 Sørsamisk	10
1.3 Problemstillinga	13
1.3.1 Bøyingsparadigme	13
1.3.2 Kvifor undersøke dette?	14
2 Omgrep	15
2.1 Notasjonsbruk	15
2.2 Suprasegmental struktur	15
2.3 Fonologiske prosessar	19
2.4 Schwa	22
3 Metode	23
3.1 Innleiing	23
3.2 Korpusarbeid og elisitering	23
3.2.1 Korpus	23
3.2.2 Introspeksjon	27
3.2.3 Intervju/elisitasjon	28
3.3 Datasamlingsprosessen	29
3.3.1 Korpus	29
3.3.2 Elisitasjon	30
4 Data	33
4.1 Rådata	33
4.1.1 NOM.SG	34
4.1.2 NOM.PL	39
4.1.3 AKK.SG	40
4.1.4 GEN.SG	41
4.1.5 GEN.PL	42
4.1.6 KOM.PL	43
4.1.7 ILL.SG	44

4.1.8	INESS.SG	45
4.1.9	ELAT.SG	46
4.1.10	ESS/KOM.SG/INESS.PL	47
4.1.11	AKK/ILL.PL	48
4.1.12	ELAT.PL	49
4.1.13	Oppsummering	50
4.2	Intervju-data	51
5	Teori	53
5.1	Om OT generelt	53
5.1.1	Komponentane i ei OT-grammatikk	53
5.1.2	Epentese i OT - DEP	57
5.2	Posisjonell asymmetri i OT	58
5.2.1	Kva er posisjonell asymmetri?	58
5.2.2	Positional faithfulness vs. positional markedness	58
6	Analyse	61
6.1	Vokalane i NOM.SG	61
6.1.1	Vokalar som epentese	61
6.1.2	Vokalar som suffiks	63
6.2	Vokalvekslingar	64
6.2.1	Reduksjon eller hiatusletting?	64
6.2.2	[V] ~ [ø/Ø] i tostava røter	64
6.2.3	Stavingstal	69
6.2.4	Reduksjon i staving tre av tre	71
6.2.5	«SYLL-K»	75
7	Oppsummering	81

Kapittel 1

Innleiing

1.0.1 Kva er oppgåva om?

Sett i verdssamanheng er sørsamisk eit lite språk, både i antal morsmålstalarar og geografisk utbreiing. Men det er også eit rikt og levande språk, som fortener merksemd frå akademia, så vel som frå samfunnet ellers. Denne oppgåva er eit forsøk på eit bidrag ifrå fyrstnemnde. I oppgåva skal eg undersøke nokre vekslingar i substantivsparadigma til sørsamisk og forsøke å analysere desse i eit optimalitetsteoretisk rammeverk.

Oppgåva har sju kapittel: Introduksjon, Omgrep, Metode, Data, Teori, Analyse og Oppsummering. Kapittel ein presenterer kort det samiske folk og språk, og presiserer problemstillinga. Kapittel to greier ut om begrep og fenomen som er relevante for oppgåva. Kapittel tre presenterer metodene som blei brukt under innsamling og handsaming av data. Kapittel fire legg fram resultata frå undersøkingane. Kapittel fem legg fram det teoretiske rammeverket som skal brukast i analysen. Kapittel seks legg fram ein analyse av dataa, medan kapittel sju oppsummerar oppgåva.

1.1 Samefolket

1.1.1 Kva kjenneteiknar ein same?

Å bestemme om ein person skal reknast som same eller ikkje er inga enkel sak. I likheit med alle andre folkegrupper er det ikkje kun éin ting som gjer ein same til ein same, men mange forskjellelege trekk i samspele. Dette inneber at ein person kan reknast som same av ein person, men ikkje-same av ein annan, alt etter korleis dei vektlegg dei forskjellege trekka. Følgjeleg er der ikkje éin enkel måte å bestemme om nokon er same eller ikkje. Med det sagt er der lovfestat kriterium for kven som skal kunne registrere seg i samemanntalet, og slik ein indirekte definisjon av ein same. Desse kriteria er oppskrivne i samelova, paragraf 2-6, «sametingets valgmanntall».

Eit viktig kriterium er samisk språk som heimespråk. Samane har eit eige språk¹, som går tilbake fleire tusen år (Sammallahti, 1998a, s. 44). Språket ber både kultur og historie med seg og er eit viktig element i kva som gjer ein person samisk. Difor er det ikkje rart at samelova seier at ein kan melde seg inn i samemanntalet dersom ein har samisk som heimespråk, eller dersom ein har ein forelder, besteforelder eller oldeforelder som har/hadde det som heimespråk (Backer og Bull, 2015, s. 1090).

Dersom ein ikkje oppfyller dei språklege kriteria nemnt ovanfor, så kan ein framleis skrive seg inn dersom ein har ein forelder som står eller har stått i samemanntalet (Backer og Bull, 2015, s. 1090).

Om ein ikkje oppfyller dei lovfesta krava for å vere same, så tyder ikkje det nødvendigvis at ein ikkje er same. Der er også andre ting som knyt saman den samiske identiteten. Samane som etnisitets- og kultureining har eksistert i Fennoscandia minst sidan Kristi fødsel, og kanskje så langt tilbake som 1000 år før det (Hætta, 2002, s. 35-6). Gjennom den tida har samane fått ei felles historie, og utvikla kulturelle trekk som gjer dei unike.

Dei kulturelle kjenneteikna vert ikkje presenterte her, men interesserte lestarar kan sjå Hætta (2006). For ein kortfatta og lettlest introduksjon om samisk kultur og historie kan lestarar sjå på Hætta (2007), medan lestarar som vil gå nøyare inn på samisk historie før 1750 kan sjå på Hansen og Olsen (2004) eller Solbakk (2007).

Som for dei fleste i nyare tider, er ikkje kulturell, språkleg eller etninsk identitet eit solid kriterium for å bestemme kvar ein person bur. Ein same kan flyge til Taiwan og busetje seg der, like mykje som andre. Men den samiske busetnaden er i hovudsak konsentrert i eit geografisk område som ein kallar Sápmi. Sápmi er det området der samane tradisjonelt sett har budd og framleis bur. Ifylgje Berg (2003) strekkjer det seg over «de fem nordligste fylkene i Norge, de to nordligeste i Sverige (Norrland og Västerbotten), Lapinlääni i Finnland og Kolahalvøya i Russland» (s. 21).

1.1.2 Kor mange samar er der?

Som nemnt ovanfor er det ikkje nødvendigvis slik at alle som er samar passar inn i dei offisielle kriteria for å skrive seg inn i samemanntalet. Vidare er det ikkje nødvendigvis slik at alle som er samar og som kan skrive seg inn, gjer det. Altså er ikkje samemanntalet ein heilt påliteleg måte å finne ut kor mange samar der er på. I tillegg er ikkje samebusetnaden berre lokalisert i Noreg, men også i Sverige, Finland og Russland. Ifylgje Hætta er der ingen ordentlege oversikter over antalet samar (2007, s. 6), og i litteraturen finn ein kun estimat. Desse estimata varierer ein del, frå 43 000 i Korhonen (1988, s. 41), 50 000 i Hætta (2007, s. 13), og 50-70 000 i Solbakk (2004, s. 12).

¹Rettare sagt har dei 10 eigne språk. Sjå seksjon 1.2 om samisk språk.

Sjølv om tala går opp og ned mellom dei forskjellege estimata, så ligg hovudtyngda av samar i Noreg. Hætta (2007, s. 13) skriv at rundt halvparten bur i Noreg, Korhonen (1988) presenterer liknande tal, med 20 000 av 43 000 i Noreg (s.41), medan Solbakk (2004) estimerer talet til rundt 40 000 av totalt 50-70 000 (s. 13).

Etter Noreg er konsentrasjonen størst i Sverige, med estimert 7000 samisktalende, dernest i Finland, med under 3000 talarar, og færrest samisktalande er der i Russland, med estimert 1000 samar (Sammallahti, 1998b, s. 2).

1.1.3 Samar og språk

Snakkar alle samar samisk?

På 1800-talet innførte den norske stat ei rekke tiltak som skulle «fornorske» samane. Dei skulle integrerast i det norske samfunnet, språkleg og kulturelt (Solbakk, 2004, s. 66-72). Resultatet av dette gjorde seg fort gjeldande og litt under 100 år etter var samisk språk sterkt påverka, som Bergsland (1946, s. XV) kommenterer i samanheng med det samiske språket som ein snakka rundt Røros tidleg på 1940-talet:

Særlig de yngre holder seg imidlertid mest til norsk. [...] [N]å [er det] bare noen få som kan sies å beherske sitt språk og (i det minste ved Riasten) knapt noen som ikke kan norsk bedre. Ofte kan man høre »øyeblikkslåner« brukt i fleng med selv de alminneligste lappiske ord (f. eks. *kalwə* for *miešie* ‘reinkalv’, *fiškəjh* for *g.öləjh* ‘fiske’) og norske former og setninger (med helt norsk uttale) inne imellom de lappiske, slik at man nesten kunne si at hovedvanskhetene med å lære språket består i å blande med norsk på den rette måten [...].

Denne språkpolitikken har framleis konsekvensar i dag, i det at antalet folk som snakkar samisk er lågt i høve til kor mange som reknar seg som samar. Og mellom dei som kan snakke samisk er det nokre stader mange som ikkje brukar det. (Solstad et al., 2012, s. 41-48)

Med det sagt, ser alt ikkje så grimt ut som det ein gong gjorde. Medan ein før jobba imot samisk, jobbar ein no for å styrkje samisk språk og kultur. Både det offentlege og det vitskapelege samfunnet har byrja å fatte meir interesse for det samiske. Samane fekk sitt eige ting i 1989, og før det, i 1987, introduserte ein samelova som skal «[...] legge forholdene til rette for at den samiske folkegruppe i Norge kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv» (Backer og Bull, 2015, s. 1088). Og medan forsking på samisk i hovudsak blei gjort av nokre få eldsjeler før, har ein no eit eige bibliotek og fleire som forskar på samisk.

Kor mange snakkar samisk?

I verdsperspektiv snakkar veldig få folk eit samisk språk; alle dei samiske språka er på UNESCOs liste over utryddjingstrua språk (Moseley, 2010). Der er ingen fullstendige register over kor mange som snakkar samisk, men Sammallahti (1998a, s. 43) estimerer antalet til i overkant av 20 000 (s.43). Korhonen (1988) estimerer antalet til rundt 19 000 (s. 41).

I likhet med sametalet generelt har distribusjonen av samisktalande hovufokus i Noreg og Sverige: Korhonen (1988) estimerer antalet til 10 000 i Noreg, 5000 i Sverige, 3000 i Finland, og 2000 i «USSR» (s. 41), medan Sammallahти(1998a) estimerer at det er ca. 12 000 i Noreg, 7000 i Sverige, 3000 i Finland og 1000 i Russland (s. 43).


1.2 Samisk språk

1.2.1 Språkgenetisk plassering og kjenneteikn

I den fylgjande underseksjonen vert den genetiske klassifiseringa til samisk presentert slik Abondolo (1998) presenterer den, samt skilnaden mellom dei forskjellege samiske språka. Så vert nokre viktige språklege trekk i sørsamisk skissert i grove trekk og dei primære dialektkilja vert presenterte slik dei blir lagt fram i Rydving (2008).


Frå uralsk til samisk

Ein går ut ifrå at samisk, saman med omtrent 30 andre språk, stammar ifrå eit språk som blei tala ein plass nær den sørlege delen av Ural-fjella. Nøyaktig når dette urspråket byrja å dele seg opp i fleire separate språk er uklart, men ein går ut ifrå at det første skillet skjedde seinast 4000 år før Kristus, potensielt ganske lenge før det. Denne fyrste delinga skilde den samojediske språkgruppa frå dei andre. Den andre, ikkje-samojediske gruppa vert kalla finsk-ugrisk («fennو-ugric») og innehold det som blei til dagens samiske språk, marisk, mordvinsk, og ungarsk m.m. (Abondolo, 1998, s. 1-2).



Figur 1.1: Dei uralske språka etter (Abondolo, 1998).

Ei deling skjedde så relativt raskt innad i finsk-ugrisk, der den finsk-samiske («saamic-fennic») språkgruppa skilde seg ifrå resten. Den inneholder, som namnet tilseier, dei samiske og finske språkgruppene, og heldt saman fram til rundt 2500 før Kristus, då den byrja å gå i oppløysing (Abondolo, 1998, s. 3).



Figur 1.2: Finsk-ugrisk genetisk slektskap.

Inndeling av dei samiske språka

Synkront plar ein dele opp samisk i ti forskjellege språk (Sammallahti, 1998b, s. 1). Desse ti språka vert igjen delte i grupper, der hovudskiljet går mellom aust- og vestsamisk² («Eastern Saami» vs. «Western Saami»). Skilnaden mellom gruppene ligg mellom anna i korleis dei historiske sekvensane *ʃt, *ʃk, og *ʃn har utvikla seg. I dei austlege språka har ein teke vare på *ʃ, og har /ʃk/, for *ʃk osb., medan dei vestlege har løyst den opp i /jh/, slik at ein har /jhk/ for *ʃk osb. (Sammallahti, 1998b, s. 6).

Aust-samisk består av enare- («inari»), skolt-, akkala-, kildin- og tersamisk (Sammallahti, 1998b, s. 6). Desse vert igjen grupperte i landgruppa³, og halvøygruppa («mainland» vs. «peninsular»). Fyrstnemnde omfattar enare-, skolt-, og akkalasamisk, medan sistnemnde omfattar kildin- og tersamisk (Sammallahti, 1998b, s. 26).


Vest-samisk består av nord-, pite-, lule-, ume-, og sørsamisk, som igjen gruppefast inn i sørleg (vest)samisk⁴ («the southern group»), og nordleg (vest)samisk⁵ («the northern group»). Sørleg vestsamisk består av ume- og sørsamisk, medan nordleg samisk består av pite-, lule- og nordsamisk. Skiljande kriterium for desse to gruppene er mellom anna at sørleg samisk ikkje har korte trykksterke stavingar (Sammallahti, 1998b, s. 6-7).

²Bergsland meinte derimot at ein ikkje burde operere med eit skilje mellom aust- og vest-samisk. Sjå Bergsland(1946, s.VIII).

³Eg baserer inndelinga på (Sammallahti, 1998b). Han brukar ei anna inndeling enn dei norske verka eg har kome over, og eg har difor ikkje funne etablerte norske termar for alt. Der eg ikkje fann eit brukande norsk begrep, eller meinte det passa betre, har eg sjølv omsett namna og sett det engelske i parentes etter.

⁴Kalla «Sør-samisk (i vid forstand)» i (Nickel og Sammallahti, 2011)

⁵Kalla «Sentralsamisk» i (Nickel og Sammallahti, 2011).



Figur 1.3: Dei sørsamiske språka, etter (Sammallahti, 1998b, s. 1).

Sørleg samisk

Dei sørlege vestsamiske språka vert snakka så langt sør som til Idre i Sverige og så langt nord som Rana i Noreg, frå norskekysten i vest og til Arvidsjaur i Sverige i aust (Sammallahti, 1998b, s. 5). Skilnaden mellom dei ligg mellom anna i det at sørsamisk ikkje har stadieveksling («gradation»), medan umesamisk delvis har det. Eit anna skillemerkje er at sørsamisk har redusert lange vokalar i andre staving i trestavingsgrupper (Sammallahti, 1998b, s. 23-4).

Reduksjon			Stadieveksling		
'hus'	Sørsamisk	Umesamisk	'hus'	Sørsamisk	Umesamisk
SG.NOM	<gåetie>	<gåahtie>	SG.NOM	<gåetie>	<gåahtie>
SG.INESS	<gåetesne>	<gåatiesne>	SG.GEN	<gåetien>	<gåatiens>

Figur 1.4: Skilnadar mellom umesamisk og sørsamisk

1.2.2 Sørsamisk

Ortografi

Sørsamisk har blitt skrive på forskjellege måtar sidan det fyrste eksempelet på nedskrivne sørsamisk i 1820, men fekk ein fastsett skrivenorm i 1978 (Bergsland, 1994, s. 13). Det faktum at det har ein eigen ortografi brukar Sammallahti (1998a, s. 43) som grunnlag for å kalle sørsamisk eit eige språk, heller enn ei dialekt. I nokre tilfelle i teksta, der det ikkje er naudsynt å transkribere fonetisk/fonologisk, kjem sørsamisk ortografi til å bli brukt for å representera ord. Difor blir dei viktigaste samsvara mellom skrift og uttale kort presenterte her. For ei meir grundig gjennomgang, sjå Bergsland (1994).

Dei fleste konsonantane samsvarar med norsk bruk, f.eks. er <m> = [m] og <n> = [n]. Utanom desse er der nokre digrafar som det er viktig å nemne: <sj>, <nj>, <ng> står for høvevis [ʃ], [n], og [ŋ]. For vokalane burde ein merkje seg at <å> står for [o], <o> for [u] og <u> for [u]⁶. I tillegg kan ein merkje seg

⁶I motsetnad til i nordsamisk, der <o> = [o], <u> = [u] (Nickel og Sammallahti, 2011, s. 8).

at *<i>* kan stå for tre forskjellege lydar som blir skrivne *<i>*, *<î>* og *<î̄>*. (Magga og Magga, 2012, s. 14) skriv om *<i>* at den er «omtrent som norsk eller svensk», medan *<î>* «uttales trangere («spissere»)», og *<î̄>* er «mørk, uttales bak i munnen». Eg tolkar dette som at *<i>* = [i], *<î>* = [i] og *<î̄>* = [i].

Generelle kjenneteikn

Eit av dei kjenneteikna på sørsamisk som er lettast å kjenne igjen er ordstillinga. Sjølv om ein kan variere ordstillinga i relativt stor grad, så er den prototypiske ordstillinga SOV i sørsamisk, i motsetning til SVO i dei andre samiske språka (Rydving, 2008, s. 371). Det vil seie at, i ei normal setning, der ein ikkje vil legge vekt på éin ting meir enn ein annan, så kjem subjektet fyrist i setninga, deretter objektet, og så verbet. Eit eksempel er setninga nedanfor:

‘Eg tek lua’		
Manne	tjohpem	vaaltam
‘eg’	‘lue’	‘ta’
1.SG.NOM	SG.AKK	1.SG.PRES

Figur 1.5: Ei enkel sør-samisk setning.

Sør-samisk har ein rik morfologi, og brukar endingar for å merke grammatiske relasjonar mellom ord i setninga. For eksempel vert objektfunksjonen i eintal merka ved akkusativsendinga *<-m>*, medan genitiv vert merka med *<-n>*. Vidare har ein samsvarsbøyning mellom finitte verb og subjekt. Nedanfor er ein tabell som viser dei forskjellege bøyingsformene for verbet *<båetedh>* ‘å kome’.

Person	SG	DU	PL	Tempus
1.	<i><båatam></i>	<i><båetien></i>	<i><båetebe></i>	Presens
2.	<i><båatah></i>	<i><båeteden></i>	<i><båetede></i>	
3.	<i><båata></i>	<i><båetiejægan></i>	<i><båetieh></i>	
1.	<i><båetiejim></i>	<i><båetiejimen></i>	<i><båetiejimh></i>	Preteritum
2.	<i><båetiejih></i>	<i><båetiejiden></i>	<i><båetiejidh></i>	
3.	<i><båetiejji></i>	<i><båetiejigan></i>	<i><båetiejin></i>	

Figur 1.6: Bøyingsparadigme for *<båetedh>* ‘å kome’.

Som med ein del andre språk med rik morfologi er sør-samisk eit pro-dropp språk. Dvs. at ein kan utelate subjektet i setninga, og slik like godt kan seie *<tjohpem vaaltam>* som *<manne tjohpem vaaltam>* ‘eg tek lua’.

Sør-samisk har som regel trykk på første stavning i ordet⁷ (Magga og Magga, 2012, s. 13), slik at ein får *<'manne 'tjohpem 'vaaltam>* ‘eg tek lua’’. For usamansette ord som har fleire enn 2 stavningar fell trykket på annakvar stavning, så lenge det ikkje er siste stavning (Lorentz, 1973, s. 40), slik at ein får *<'klaassesne>* ‘i klassa’.

⁷Lånerord kan vise seg å vere unntak, då eg fann eksempel som [sep'temberən] for *<september>*, ‘september’, heller enn ['septem,berən].

Trykk i usamansette ord					
Stavingar	1	2	3	4	5
Trykk	'σ	'σσ	'σσσ	'σσ,σσ	'σσ,σσσ

Figur 1.7: Sørsamisk trykk, skjematisk.

Eit anna tydeleg kjenneteikn er det at sørsamisk har omlyd. Vokalen i fyrste staving varierer etter kva vokal som er til stades i andre staving. Eit eksempel på dette er verbet «båetedh» ‘å kome’, som har formene «båatam» i 1.SG.PRES, «båetien» i 1.DU.PRES, og «bōötim» i 1.SG.PRET. Den fyrste vokalen varierer mellom <aa>, <æ> og <öö> alt etter kva som er i andre staving, høvevis <a>, <ie>, og <i>.

For ei generell skildring av sørsamisk morfologi og syntaks, sjå (Magga og Magga, 2012).

Dialektale skilnadar

Magga (2009), Bergsland (1946) og Sammallahti (1998b) deler sørsamisk inn i ei nordleg og ei sørleg dialektgruppe. Rydving (2008) opererer heller med eit tre-delt skille, med nordleg, sentral og sørleg sørsamisk. Framstillinga her er etter Rydving.

Trekka Rydving (2008, s. 371-2) brukar til å skilje dialektene er:

- Lang vokal i trykksvak staving

I ein del ord kan dialekter variere i om dei har [uə] eller [a:] i trykksvak staving, f.eks. <beark[uə]> vs. <beark[a:]> ‘kjøt’ SG.NOM.

- [m] vs. [b] i visse kontekstar

I innlyd, samt som endingar kan dialekter variere mellom å ha eller <m>. For eksempel kan ein ha <maanam> eller <maanab> ‘barn’ SG.AKK.

- Infinitivsending i jamstava verb

Dialekter kan variere mellom å ha <-dh> eller <-jh> som infinitivsending: <båete[t]> vs. <båeti[j]> ‘å kome’ INF.

- 3. person, eintal, presens hjå dei same verba

Dialekter kan variere mellom å ha <ie>, <oe> og <oe> vs. respektive <ije> <ove> og <ove> i tre av bøyingsklassene. For eksempel <göölje> vs. <göölje ‘å fiske’, 3.SG.PRET.

- Runda vs. urunda vokalar i trykkstaving

Dialekter kan variere mellom å ha runda vokalar i trykksterk staving, eller å ha urunda vokalar der. For eksempel: <j[i]elkie> vs. <j[u]elkie> ‘fot’ SG.NOM

- Utviklinga av *-ð-

Dialekter kan variere i korleis den historiske intervokaliske [ð] har utvikla seg. I nokre dialekter har den blitt til [d], i andre til [r].

- [s] vs. [ʃ] i framlyd.

Dialekter kan variere i om dei har [s] eller [ʃ] i framlyd av nokre ord. For eksempel <[s]ljjie> vs. <[ʃ]ljjie> ‘stad’ SG.NOM.

Korleis dei tre dialektypane skil seg frå kvarandre er oppsummert i tabellen nedanfor.

	oe vs. a	m vs. b	INF	3.SG.PRES	Runding	*-ð-	s vs. ſ
Nordleg	oe	b	-dh	oe/oe/ie	runda	r	s
Sentral	a	m	-dh	oe/oe/ie	runda	r	s
Sørleg	a	m	-jh	ove/ove/ije	urunda	d	ſ

Figur 1.8: Oppsummering dialektale skilnadar etter Rydving (2008, s. 371-2).

1.3 Problemstillinga

1.3.1 Bøyingsparadigme

Sørsamiske substantiv vert bøygde i numerus, og kasus. Dei fleste substantiv har altså forskjellige former alt etter kva tal ein bøyer dei i; eintal eller fleirtal, og kva kasus dei får; nominativ, akkusativ, genitiv, illativ, inessiv, elativ, komittativ, eller essiv. Nedanfor er to substantivsparadigme.

	'Hus'		'Barn'	
	SG	PL	SG	PL
NOM	<gåetie>	<gåetieh>	<maana>	<maanah>
AKK	<gåetiem>	<gåetide>	<maanam>	<maanide>
GEN	<gåetien>	<gåetiej>	<maanan>	<maanaj>
ILL	<gåatan>	<gåetide>	<maanese>	<maanide>
INESS	<gåetesne>	<gåetine>	<maanesne>	<maanine>
ELAT	<gåeteste>	<gåetijste>	<maanest e>	<maanijste>
KOMIT	<gåetine>	<gåetiejgujmie>	<maanine>	<maanajgujmie>
ESS	<gåetine>		<maanine>	

Figur 1.9: Bøyingsparadigme for <gåetie> ‘hus’ og <maana> ‘barn’.

Kasusa vert markerte ved suffiksering av ein konsonant eller ei heil staving. Akkusativ eintal vert til dømes merkert ved å legge til <-m>, og genitiv eintal ved å legge til <-n>. Kva dei enkelte kasusane vert brukte til kan variere med konteksten, men til vanleg har dei desse rollene⁸: Akkusativ plar markere objekt, genitiv eigeralasjonar eller tid, illativ plar markere bevegelse mot noko, inessiv ein posisjon i/på noko, elativ bevegelse vekk frå noko, medan bruken av komitativ ofte overlappar med der ein ville bruke «med» på norsk, og essiv markerer tilstand. Sjå Magga og Magga (2012, s. 209-223) for meir om kasusbruk i sørsamisk.

Ordformene ovanfor varierer i kva vokal dei har som andre vokal. I nokre former har dei <ie>, som i <goetiem>, i andre <a>, <i> eller <e>, som i <gåatan>, <gåetine> og <gåetesne>. Paradigma varierer på liknande måtar i talemålet også. Grovt sett svarar <ie> til [ie], slik at ein har [goetie] for <goetie> ‘hus’. <a> svarar til [a], slik at ein får [ma:na], <e> til [ɔ] eller [Ø], slik at ein har [goetsnø], og [ma:nøsnø], medan <i> svarar til [i] eller [ɔ], slik at

⁸Desse forklaringane er for at leseren skal få ei viss aning av kva kasusane vert brukte til, det er ikkje ei nøyaktig eller nyansert framstilling.

ein har [ma:nənə] og [ma:niðə] for høvevis <maanine> og <maanide>. Desse vekslingane mellom kasusformer er gjennomgåande i paradigma til sørsamiske substantiv. Dersom ein ser på paradigma til substantiv med røter på tre stavinsgar, som <gaamege> ‘sko’, finn ein liknande vekslingar⁹.

Korleis skal slike vekslingar tolkast? Skal dei reknast som reint morfologiske vekslingar? Eller kan ein forklare dei på fonologisk grunnlag? Denne oppgåva tek sikte på å analysere vekslingane innanfor eit optimalitetsteoretisk rameverk.

1.3.2 Kvifor undersøke dette?

Medan forsking på norsk språk får nye tilskot støtt og stadig, har samisk til samanlikning veldig få bidrag. Innad i samisk språk har sør-samisk heller ikkje ei prominent rolle, og innanfor forsking på sør-samisk igjen står fonologien ikkje som den sterkeste greina. Knut Bergsland ga i 1946 ut ei skildring av Røros-samisk, «Røros-lappisk grammatikk», der han presenterte lydlæra. Rett før, i 1944, gav Gustav Hasselbrink ut «Vilheminalapskans ljudlära». Hasselbrink gav også ut «Alternative analyses of the phonemic system in Central South Lappish» i 1965. Og Ove Lorentz skreiv ei hovudfagsoppgåve om sør-samisk fonologi i 1973. Utanom desse har det vore veldig lite moderne forsking rundt den sør-samiske lydlæra på norsk eller svensk. Men det faktum at den har blitt via lite merksemd, relativt sett, tyder ikkje at den ikkje er interessant. Den sør-samiske fonologien er eit intrikat system og fortener meir gransking.

Som nemnt ovanfor er det ikkje alle samar som talar samisk. Dette gjeld nok også for sør-samisk. For ein del av desse, og andre som er interesserte i samisk, vil det vere ynskjeleg å kunne lære språket. Ein kritisk del av å lære språket består i å tilegne seg ein god uttale, noko som forsking på fonologien kan lette.

Frå eit reint språkvitskapleg perspektiv representerer sør-samisk eit interessant forskningsobjekt. Målet til språkvitskapen er mellom anna å konstruere nøyaktige modellar av språk. For å gjere det må ein undersøkje så mange språk som ein kan, slik at ein har eit godt grunnlag for å konstruere modellane på.

Til sist kan ein velje å undersøke slike ting fordi dei er interessante. Språklege mønster kan vere komplekse, slik at eit fenomen er avhengig av eit mylder av andre faktorar. Å utforske og kartleggje dei språklege strukturane og interaksjonen mellom dei kan vere ein utfordrande og givande prosess, det om ein er interessert i dei medmenneskelege, og samfunnsmessige fordelane som kjem med forsking på språk, eller ikkje.

⁹ Alle vekslingane er skildra i kapittel 4.

Kapittel 2

Omgrep


2.1 Notasjonsbruk

Forsking på lydlære krev at ein representerer uttalen skriftleg på ein eller annan måte. I denne oppgåva vil «The International Phonetic Alphabet» (IPA) verte brukt for å representere lydar. Der det ikkje er naudsynt å bruke IPA, vil eg bruke sørsamisk eller annan ortografi for å representere lydane.

Underliggjande former er skrivne mellom skråstrekar, /underliggjande/, medan overflateform vert sette mellom klammer, [overflate]. Stavingsgrenser er markerte med eit punktum, [sta:umŋ], medan føter blir markerte med parentes, [(.,paran)('te:s)]. Morfemgrenser er markerte med plusssteikn, murf+e:m og ordgrenser med skigard, #ord#grense#. Ortografiske representasjonar vert markerte med vinkelparentes, <ortografi>.

2.2 Suprasegmental struktur

Ovanfor segmentnivået er der eit sett med konstituentar som er organiserte hierarkisk. Desse blir refererte til som det prosodiske hierarkiet. Eg fylgjer Zec(2003, s. 123) og brukar konstituentane mora, staving, fot og fonologisk ord for desse einingane.




Figur 2.1: Det prosodiske hierarkiet.

Mora

Moraen, « μ », er ein prosodisk konstituent som er under stavingsnivået. Den har diverse funksjonar i den fonologiske litteraturen, anten som eining for fonologisk lengde, eller fonologisk tyngd, som toneberande eining eller som stavingsinterne posisjonar. I denne oppgåva kjem eg til å sjå vekk ifrå dei to siste funksjonane.

Moraen spelar ei dobbelrolle i samanheng med vekt og lengde i det at både vekt og lengde er avhengig av antalet moraer. Dersom ei staving har éin mora er stavinga lett, og dersom den har to er den tung. Der er også tilfelle der ein reknar med tre moraer i ei staving¹. Då vert stavinga «overtung». Lengde vert også bestemt av kor mange moraer ein knyt til kvart segment. Dersom ein vokal er knytt til éin mora er den kort, og om den er knytt til to er den lang. Ein konsonant er kort dersom den ikkje er knytt til ein mora, medan den er lang om den er knytt til éin.



Figur 2.2: Moraen mht. vekt og lengde.

¹Sørsamisk er eitt slikt språk.


Staving

Ovanfor moraen i hierarkiet er stavinga, « σ ». Dei fleste har som regel relativt eintydige intuisjonar om kva som utgjer ei staving. For eksempel vil norsktalarar flest vite utan å tenkje seg om at det norske ordet «kalking» består av to stavingar, medan «kalkinga» består av tre. Ein kan seie at stavingar er rytmiske porsjonar i ord som omfattar minst éin, og opptil fleire, lydar.

Trass i at vi har ganske klare intuisjonar for kor mange stavingar eit ord har, så er der ingen klare fonetiske korrelat til stavinga (Ladefoged og Maddieson, 1996). Dvs. at der ikkje er klare lydlege faktorar som ein kan seie signaliserer om noko utgjer ei staving eller ikkje. Men, det at ein ikkje finn konkrete fonetiske korrelat til stavinga, tyder ikkje at stavinga ikkje finst. Ein har klare fonologiske grunnar for å operere med stavinga. Mellom anna vil det vere vanskeleg å forklare diverse fonotaktiske, tonale og metriske fenomen utan å referere til stavinga.

Ei staving kan bestå av så lite som ein vokal, som i det norske ordet «i». Ein kan så leggje til konsonantar utan at det blir fleire stavingar av det: «ti», «sti», «stil», «stilk» «skrifts». Sidan vokalen er den einaste lyden som må vere med, seier ein at den er stavingskjerna. Tanken er den at kjerna «ber» stavinga, medan dei andre lydane, konsonantane, heng på. Dette ser ein når ein legg til vokalar og får fleire stavingar: <stil> [sti:l] vs. <stilig> [sti:li].

Innad i stavinga plar ein dele opp i dei fylgjande konstituentane: Opptakt, kjerne, koda, og rim. Opptakta er det som kjem før stavingskjerna, høvevis «t-», «st-», og «skr-» i orda ovanfor. Koda er det som kjem etter stavingskjerna, altså «l», «lk» og «fts» i dei tre siste orda ovanfor. Innad i ord, altså mellom stavingar, reknar ein som regel så mange konsonantar som mogleg til opptakta. Rim er ein konstituent som inneheld både stavingskjerna og koda. Nedanfor er ei grafisk framstilling av stavingsstrukturen til «skrifts²».



Figur 2.3: Ein modell av stavingsstrukturen til det norske ordet <skrifts>.

Fot


Foten, « ϕ », er ein konstituent som er høgare i hierarkiet enn stavinga, men lågare enn det prosodiske ordet, og vert hovudsakleg brukt for å spegle generaliseringar rundt trykk. Trykk³ er ibuande relasjonelt, i det at ei staving kun kan vere trykksterk i høve til ei anna mindre framtredande staving. Der er ifylgje

²Som i setninga «En skrifts skjønnhet avhenger av innsatsen man har lagt i den»

³Engelsk «stress».

Kager (2007) ingen universelle fonetiske karakteristikkar ein kan binde til trykk, men trykksterke stavingar er ofte knytt til lengre durasjon, høgare amplitude og meir framtredande tonar (s. 195).

I kvar fot er der éi staving som er sterkare enn dei andre. Kager (2007) delar føter inn i tre hovudtypar: Syllabisk trokéar, moraisk trokéar og jambar. Ein syllabisk troké består av to stavingar, uavhengig av vekt, der den første stavinga er den trykksterke. Ein moraisk troké tek derimot hensyn til kor mange morae ei staving har, og består anten av to lette eller éi tung staving, der den venstre stavinga er den trykksterke. Jambar kan anten bestå av éi tung staving, to lette eller éi lett og éi tung staving, der den høgste stavinga er den trykksterke.




Figur 2.4: Dei forskjellelege typar føter.

Når eg skriv at noko er trykksterkt i teksten meiner eg at det er eit fothovud.

Prosodisk ord

Det prosodiske ordet, « ω », er konstituenten som er høgare enn foten. I likheit med føter har det ein sterk dotternode som er hovudet i det prosodiske ordet. Når ei staving har primærtrykk vil det i denne oppgåva seie at den både er fothovud og hovud i det prosodiske ordet, eller sagt på ein annan måte: Den er den sterke stavinga i den sterke foten av eit prosodisk ord. Stavingar med sekundærtrykk reknast som den sterke stavinga i den svake foten i det prosodiske ordet.



Figur 2.5: Primærtrykk vs. sekundærtrykk.

2.3 Fonologiske prosessar

I denne underseksjonen vert fire prosessar som er relaterte til diskusjonen i oppgåva presenterte: Sletting, epentese, reduksjon og styrking av vokalar. Alle desse prosessane kan ein bruke om konsonantar òg, då ein har konsonantsletting, -epentese, -reduksjon og -styrking. Men når desse prosessane nemnast i oppgåva, er det implisitt at ein snakkar om dei i relasjon til vokalar, med mindre noko anna blir spesifisert.

Før vi diskuterer sletting og epentese må vi nemne det som i engelsk litteratur blir kalla «intrusive vowels». Hall(2006) skil mellom to typer innskotne vokalar, dvs. vokalar som ikkje er tilstade i den underliggende forma. Ho skil mellom «intrusive vowels»⁴ på den eine sida og «epenthetic vowels»⁵ på den andre. Den fyrstnemnde gjeld vokalar som fonetisk sett kan reknast som vokalar, men som verkar til å vere usynlege for det fonologiske systemet. Epentetiske vokalar må derimot reknast som fonologiske eininga (s. 3).

Hall (2006) skriv om overgangsvokalar at dei vanlegvis har ein schwa-kvalitet, kopierer ein nabovokal, eller er tilpassa dei nærliggjande konsonantane. Dei opptrer vanlegvis i heteroorganiske konsonantklynger, vert lett fjerna i rask tale og kan elles verte utelate frå ord. Til sist verkar dei ikkje til å reparere ulovlege segvensar i språket. Epentetiske vokalar er derimot meir stabile og reparerer som regel markerte konstruksjonar(s. 5).

Sletting og epentese

I nokre språk har ein vokalar som vekslar med eit fråvær av vokal. Eit typisk eksempel på dette kan ein finne i fransk: Om ein samanliknar *<le ami>* ‘venen’, som kjem til overflata som [lami], med *<le garson>*, som kjem til overflata som [lø gaſſø], ser ein at den bestemte artikkelen *<le>* vekslar mellom å ha [ø] og ingen vokal. Ein kan forklare dette ved å postulere at underliggende /ø/ blir sletta når den kjem i kontakt med ein påfylgjande vokal. Denne generaliseringa held for veldig mange franske ord, gitt eit par etterhald (som f.eks h-aspiré).

Harris (2011) skriv at vokalsletting, i motsetning til konsonantsletting, sjeldan kan forklarast som eit forsøk på å få ein stavingsstruktur som er mindre markert. Det einaste tilfellet ville vere når ein slettar ein vokal som fylgje av hiatus (s. 1614). Eksempelet med *<le ami>* ovanfor er eit eksempel på dette. Når ein får to vokalar ved sidan av kvarandre i kvar si staving, så vil den eine utgjere ei staving utan ei opptakt. Dette er ein konstruksjon som språk generelt prøver å unngå, anten ved å slette ein av vokalane eller ved andre metoder. I situasjonar der vokalar ikkje grensar mot vokalar men konsonantar er det som regel andre grunnar for at ein sletter dei. Harris (2011) skriv at i slike tilfelle er det som regel prosodiske årsaker som ligg bak. Det skjer som oftast i uframtidende stillingar, prosodisk sett, som for eksempel ei trykksvak staving (s. 1614).

⁴Heretter overgangsvokalar.

⁵Heretter epentetiske vokalar.

Samstundes som vokalsletting verkar som ein god måte å analysere vokalvekslinga i fransk, så går det an å sjå vekslinga på ein annan måte. Ein kan sjå for seg at den bestemte artikkelen er /l/ på fransk, og at vokalen som ein har i <le garçon> er noko som ein har putta inn mellom konsonantane. For maskuline substantiv så vil den analysen gi det same resultatet⁶; for <le ami> har ein artikkelen /l/ og substantivet /ami/. Der er ikkje to konsonantar, så ein set ikkje inn ein vokal. I <le garçon>, derimot, så har ein /l/+/g/ som dei to fyrste segmenta. Då [lg] er ein vanskeleg måte å starte ei staving på, set ein inn ein vokal imellom for å lette på uttalen. Segment som ein har putta inn på den måten kallar ein «epentetiske», og er eit resultat av prosessen «epentese».

Hall (2011) skriv at den vanlegaste årsaka til vokalepentese er «to repair an input that does not meet a language's structural requirements» (s.1576). Dvs. at ein har ein underliggende konstruksjon som ikkje er tillete på overflata og sett inn materiale som ikkje er underliggende for å tilpasse konstruksjonen, slik at den blir akseptabel for overflata. Dette skjer ofta i samanheng med konsonantar i «ulovlege» posisjonar (Hall, 2011, s. 1576). For eksempel, der som eit språk må ha stavingar som består av ein konsonant og ein vokal, men samstundes har ei rot med forma KVK, så kan epentese vere ein måte å gjere ordet slik at språket kan lage to KV-stavingar. På den måten tilpassar ein ordet som i utgangspunktet ikkje var kompatibelt med måten språket må strukturere stavingane sine på.

I tillegg til å «reparere» feilplasserte konsonantar kan epentese brukast i samanheng med trykk. Det kan sørge for at trykket landar på annakvar staving, eller for å få ordet opp til ei viss minimumslengde (Hall, 2011, s.1577-78).

Ifylgje Hall (2011) varierer språk i kva vokal dei epentiserer. Nokre, som Libanesisk Arabisk, set konsekvent inn [i] som epentetisk vokal. Andre epentetiske vokalar som blir brukt er [ø], [i], [e] og [a]. Av desse er [i] og [ø] er dei mest frekvente (s. 1581).

Som ein ser kan både sletting og epentese vere forklaringsmåtar for ei vekslings der ein har ein vokal i éin kontekst, men ikkje i ein annan. Anten er det snakk om at ein slettar vokal(ar) i ein kontekst (f.eks. før ein annan vokal), eller så er det snakk om at ein epentiserer ein vokal i ein kontekst (f.eks. mellom to konsonantar). Med det sagt er der tilfelle der den eine forklaringsmodellen er å foretrekkje over den andre.

Gitt eit hypotetisk språk der ein har eit substantiv som har forma [malek] i eintal, og [malka] i fleirtal, så ville ein bli nødt til å postulere at ein anten slettar [e] i fleirtal, eller epentiserer den i eintal⁷. Dersom ein epentiserer [e], skulle ein forvente at ein ikkje fann kombinasjonen [lk] i slutten av ord; dersom ein set inn ein vokal for å lette uttalen i /malk/, så vil ein gjere det i andre tilfelle med /Vlk/. Så om ein då finn eit ord [kilk], kan ein seie at vokalvekslinga [malek/malka] ikkje er grunna at ein sette inn ein vokal i [malek], men heller

⁶For hokjønnsord vil ein derimot få eit forklaringsproblem, då vokalen er [ɑ], ikkje [ø].

⁷Gitt at vekslinga ikkje er ein reint morfologisk operasjon.

det at ein sletta den i [malka]. Dersom ein derimot fann eit ord [veleka] ville den same tankegangen gjere epentese til den mest sannsynlege analysen⁸.

Reduksjon og styrking

I tillegg til språk som har ein alternasjon mellom vokal og ingenting er der språk der ein vokal veksler med ein annan vokal i forskjellege kontekstar. Vokalar kan skifte kvalitet av forskjellege grunnar. Ein måte kan vere pga. assimilasjon med ein konsonant eller med ein vokal. Ein annan måte er ved reduksjon: Klassisk reduksjon er når ein vokal vert «sentralisert» og kort, altså blir til ein schwa. Det engelske ordparet <atom> og <atomic> er eit godt eksempel på dette. Dei uttalast høvevis ['ætəm] og [ə'tomɪk]. I orda veksler begge vokalane, [æ] og [o], med [ə]. Ein ser at i begge orda kjem [ə] i den trykksvake stavinga. Dette kan analyserast som at vokalen blir redusert i trykksvak staving, dvs. at den misser alle trekka unntatt rotnoden.

Det engelske eksempelet ovanfor er eit kanonisk eksempel på reduksjon: fulle vokalar blir til schwa i trykksvak staving. Men ein kan snakke om reduksjon også når ein vokal ikkje blir til schwa. Crosswhite (2004) snakkar om reduksjon også når midtre vokalar blir til [a], [i] eller [u] som fylgje av å vere trykksvake (192). Reduksjon kan då altså sjåast som ein prosess der ein vokal misser eitt eller fleire trekk som fylgje av at den er trykksvak. Så, om ein for eit fiktivt språk har to ord /byme/ og /hoba/ som dukkar opp som høvevis [byma] og [hoba] vil ein kunne analysere det som reduksjon, dersom ein fylgjer Crosswhite (2004).

Crosswhite (2004) legg fram to potensielle grunnar for kvifor ein reduserer vokalar. Den eine er prominensreduksjon⁹ og den andre er kontrastreduksjon¹⁰. Prominensreduksjon er fundert i behovet for å ikkje ha sonore vokalar i trykksvak posisjon¹¹. Medan i kontrastreduksjon ligg målet heller i det at ein vil ha hjørnevokalar i trykksvak posisjon. Essensen i argumentet for kontrastreduksjon er at hjørnevokalarne er lettast å skilje mellom og er dei vokalane ein helst vil ha i trykksvake stavingar, der det er vanskelegare å skjelne mellom dei andre vokalane (s. 192-6).

Som med sletting og epentese, så er der eit motstykkje til reduksjon. Dersom ein vokal alternerer med schwa avhengig av trykk, så kan det tenkjast at det anten er pga. reduksjon i trykksvak staving (eller andre grunnar), eller at det er pga. ei forsterking i trykksterk staving. I tilfellet <atom> og <atomic> er det ganske sikkert at det er snakk om reduksjon, då det er forskjellige vokalar som alternerer med [ə]. Dersom ein skulle gå ut ifrå at det var forsterking måtte ein kunne forklare kvifor éin vokal blir forsterka til [æ], medan den andre blir forsterka til [o]. Då er det mykje enklare å seie at dei var /æ/ og /o/ frå før av, og blei reduserte til [ə]. Men Oostendorp (1999) nemner nokre eksempl

⁸Der vil sjølv sagt vere andre faktorar som kompliserer dette forenkla biletet, men eit slikt falsifikasjonsargument kan vere eitt av fleire som peikar mot ein av analysane.

⁹«prominence reduction» i Crosswhite (2004).

¹⁰«Contrast-enhancing reduction» i Crosswhite (2004).

¹¹Dette er typen reduksjon i engelskeksempelet ovanfor.

fransk der [ø] vekslar med [ɛ] som han hevder er tilfelle med forsterking, heller enn reduksjon (vanoostendorp.nl).

2.4 Schwa

Eit viktig omgrep å avklare er «schwa». Schwa dukkar ofte opp i fonetisk og fonologisk litteratur, ofte utan mykje forklaring. Til tross for det, så kan folk referere til ganske forskjellege ting når dei snakkar om schwa.

I alle tilfelle der ein nemner den, er schwa ein vokal. Fonetisk sett er den definert som ein kort, sentral, midtre vokal (Ashby og Maidment, 2005, s. 74). Det vil seie at det er den lyden ein lagar når tunga ligg i kvileposisjonen og ikkje er verken framre, bakre, høg eller låg. Lyden transkriberast [ə] og finnast i ord som engelske <atomic> [ə'tomik], eller i austnorske <rolle> ['rol:ə].

Fonetisk sett er altså schwa relativt lett å definere. Men, det ein omtalar i fonologien som schwa har ikkje alltid den same fonetiske verdien som fonetisk schwa. Sanneleg kan fonologisk schwa kome veldig nært uttalen til korte fulle vokalar.

Oostendorp (1995) definerer schwa som eit fonologisk tomt segment, som kun har ein rot-node, dvs. kun har trekka [-cons., +son.]. Han skriv at dette reflekterer den tomme fonetiske statusen til schwa (s. 117-18). Med «den tomme fonetiske statusen til schwa» snakkar Oostendorp om det faktum at schwa er nøytral samanlikna med dei andre vokalane mht. plass-spesifisering.

Andre definerer schwa på forskjellege måtar, som Crosswhite (2004) som reknar schwa som «essentially a targetless vowel that is not specified for any vowel features [...]» (s. 192). I denne oppgåva vil Oostendorps definisjon verte brukt, altså at schwa er ein vokal som kun har ein «rot»-node. Når begrepet «schwa» blir brukt i teksta, er det implisitt at det er snakk om fonologisk schwa, og ikkje fonetisk schwa, med mindre noko anna er sagt.

Kapittel 3

Metode

3.1 Innleiing

Seksjonane nedanfor presenterer metodane som har vore brukt under innsamling og handsaming av dataa. Eg greier først ut om kva korpusarbeid og elisitering er generelt før eg skildrar korleis eg gjekk fram i meir detalj.

Arbeidet med denne oppgåva har strekt seg over to år, frå hausten 2014 til våren 2016. I løpet av den tida har der kome nokre endringar. Den største av desse var skiftet av problemstilling. Ved starten av arbeidet og då intervjuua blei utført var målet med oppgåva å finne ut kvar vokalar blei sletta og når dei blei syllabiske. Metodene og dataa eg samla inn under intervjuua ber difor klåre spor etter dette. Dataa frå intervjuua har likevel blitt teke med då dei framleis gir nyttig informasjon for den noverande problemstillinga.

3.2 Korpusarbeid og elisitering

3.2.1 Korpus

Kva er eit korpus?

Ordet «korpus» kjem frå latinsk *<corpus>* og tydar ‘lekam’. I den mest grunnleggjande forstand er det det eit lingvistisk korpus er: Ein kropp av språkleg materiale samla på éin plass. Om ein hadde ei samling beståande av eitt brev kunne ein i prinsippet kalle det eit korpus, men i praksis har korpus vanlegvis eit meir spesifikt sett med konnotasjonar enn berre ei samling av data, mellom anna storleik.

Eit brev ville kanskje gi eit korpus på 250 ord. Moderne korpus er mykje større enn dette: Då Lancaster-Oslo/Bergen-korpuset (LOB) var ferdig i 1978 hadde det ein million ord (Thompson, 2001, s. 25). Andre korpus har endå fleire enn det. Ein treng store korpus for å sørge for at ein har eit representativt bilet av språket. Det å utgjere eit representativt bilet av språket inneber at ein utover rein storleik også må ta med materiale frå forskjellige sjangrar og bruksområde.

Dette er viktig, då eit unyansert korpus risikerer å feilrepresentere språket. Dersom ein dømes laga eit korpus som bestod kun av norske Grand Prix-tekster, ville ein få eit syn på norsk språkbruk som skil seg ganske kraftig frå måten ein ordlegg seg i f.eks. sakprosa eller i vanlege samtalar. Difor må ein ha med materiale frå forskjellelege sjangrar, forfattarar, media osb., slik at ein kan modellere skilnadar mellom dei forskjellege kjeldene og faktorere inn skilnadane i undersøkingar.

Å utgjere eit representativt fragment av eit språk er eitt av trekka Durand et al. (2014) trekk fram som kjenneteiknande for eit korpus. Dei skriv at generelt består korpus av to typar data, rådata, dvs. data som er samla inn, men ikkje endra av forskaren, og annotasjonar, som er ekstraopplysningar om data som forskaren har lagt til. Dette kan vere lingvistiske opplysningar, som ordklasse o.l., eller metadata, som kven som gjorde opptaka, kvar dei blei gjort osb. (s. 15-16).

McEnery og Wilson (2001, s. 29-32) påpeiker at eit korpus må (1) ha ein finitt storlek og (2) kunne behandlast av datamaskiner. Punkt 1 er praktisk av natur. Desto meir materiale ein inkluderer i korpuset, desto mindre nøyaktig kan ein annotere materialet og desto større sjanse er det for at ein gjer feil i arbeidet. Ein har berre ei finitt mengde arbeidskraft som ein må spreie over det materialet ein har. Dersom materialet stadig veks vil det automatisk føre til at kvar enkelt del av korpuset får mindre merksemd under annotasjon¹.

Punkt 2 er nærmast ei sjølvfølgje i 2016. Søking, annotering, lagring, retting, alle desse prosessane blir gjort utruleg mykje enklare ved å gjøre dei på datamaskin samanlikna med å gjøre det manuelt. Dei fleste korpus i dag ville vere praktisk talt umogleg å lage med like stor grad av nøyaktigkeit, og vere enormt mykje mindre praktiske i bruk, dersom ein gjorde det for hand. Sjølv små arbeid som det i denne oppgåva ville krevje enormt mykje meir arbeid og gi eit mykje dårlegare resultat om det blei gjort manuelt.

Utover den generelle definisjonen av eit korpus definerer Durand et al. eit fonologisk korpus som ei representativ prøve av språk med audio eller video som rådata, fonologiske annotasjonar som er jamstilte med rådata, og metadata om opptakar, talarar og generelt om korpuset (2014, s. 16). Arbeidet i denne oppgåva tilfredsstiller ikkje denne definisjonen, då den ikkje har jamstilt fonologisk data, og ikkje gir metadata om dei tre punkta. Difor vil diskusjonen nedanfor handle om korpus generelt, heller enn denne innskrenka definisjonen.

Kva data kan ein få frå eit korpus?

Ein får i hovudsak kun éin type data frå eit korpus: At informantane/ane har ytra noko, under eit sett av kontekstuelle tilhøve. Dersom ein for eksempel undersøker ein del av eit korpus som kjem frå ei høgtlesing av ei bok, så veit ein at leseren uttrykte seg på måten han/ho gjorde i eit høgtlesingsscenario. Ein får også ofte tilgang til metainformasjon som gir tidspunkt for lesinga og potensielt

¹Det finst slike korpus, som stadig utvidar seg. Sjå McEnery og Wilson (2001).

relevant bakgrunnsinformasjon om lesaren, men om sjølve ytringane kan ein ikkje vite meir enn at dei blir sagt på den måten det blir sagt på².

Ein har ikkje tilgang til informasjon om grammatikaliteten til det som blir sagt, kun det faktum at det har blitt sagt. Ifylgje Sampson (2001) vil ein kunne dele settet av moglege sekvensar av engelske ord³ inn i fire kategoriar: (1) Sekvensar som er lisensiert for ein gitt grammatikk av engelsk og som vert ytra. (2) Sekvensar som er lisensiert av ein grammatikk, men som ikkje blir brukt i praksis. (3) Sekvensar som ikkje er lisensiert av ein grammatikk, men som blir ytra. (4) Sekvensar som verken er lisensiert eller blir brukt (s. 134):

(1) Eit norsk eksempel av typen (1) kan vere «han ga henne blomster», som er ein grammatisk sekvens, og som ein sannsynlegvis vil finne i eit korpus som er tilstrekkeleg stort.

(2) Sekvensar av typen (2) inkluderer gjerne sekvensar som er moglege, men veldig kompliserte. Ein grammatikk vil for eksempel vurdere ei frase med 20 rekursive preposisjonsfraser som grammatisk, men sjansen for å finne bruk med så mange nivå må vere veldig låg.

(3) Sekvensar som ikkje er lisensierte av ein grammatikk, men som framleis opptrer kan vere avbrotne ytringar, som «han var ein veldig» for «han var ein veldig høg mann». Ytringar med grammatiske feil, som «alle hus er gul», eller talefeil inngår også i denne kategorien.

(4) Mellom dei moglege sekvensane av norske ord vil der også vere eit sett av sekvensar som ikkje er grammatiske ifylgje ein grammatikk og som heller ikkje blir observerte, sekvensar som «og men og og for til å». Dette er sekvensar som ikkje ville reknast som grammatisk/god norsk av norsktalarar, men som heller ikkje vil opptre ved ein feil, sjølv i store korpus⁴.

I eit korpus vil ein finne sekvensar av typen (1) og (2), og ein vil ikkje (i dei fleste tilfelle) kunne skille mellom dei. Ein kan med andre ord ikkje finne negativ evidens⁵ i eit korpus, og den positive evidensen⁶ ein finn må ein vere forsiktig med, då det faktum at ei ytring er å finne i korpuset ikkje nødvendigvis tyder at den er grammatisk. Dette faktumet leder til eit spørsmål: Kan ein då konkludere noko i det heile teke på bakgrunn av korpusdata? For å svare på dette må ein fyrst sjå på korleis vitskapeleg metode fungerer.

²Med mindre ein har ei ytring i korpuset som spesifikt kommenterer på grammatikaliteten til ei ytring, men dette vil vere så sjeldsynt at ein ikkje kan bruke det på ein påliteleg måte.

³Sampson skriv om engelsk, men poenget gjeld like godt for alle språk.

⁴Logisk sett er det ikkje noko som tilsei at ein slik sekvens ikkje kan oppstre (den opptrer tross alt i denne teksta), men sjansen for at den, og tilsvarande sekvensar, skal oppstre i bruk må vere tilnærma null, og ein kan difor rettferdiggjøre å seie at den ikkje kjem til å oppstre i eit korpus.

⁵Dvs. informasjon som avkreftar noko, t.d. «setninga 'fisken bli opp' er ikkje grammatisk».

⁶Dvs. informasjon som bekreftar noko, t.d. «Informanten sa 'eg lever'».

Essensen i vitskapleg forsking er at ein skal i prinsippet kunne falsifisere ein hypotese. Til dømes er «alle mennesker har ti fingrar» ein hypotese som ein enkelt kan falsifisere ved å finne eit menneske med meir eller mindre enn ti fingrar. Hypotesen «i år 200 f.Kr. bada 14 personar i Trondheimsfjorden» vil derimot vere umogleg å falsifisere fordi ein ikkje har tilgang til fortida og slik ikkje kan verken bekrefte eller avkrefte hypotesen.

Desto meir presis ein hypotese er, desto sterkare er den. Ein sterk hypotese er lettare å falsifisere og seier slik meir enn ein analyse som ikkje lett kan falsifiserast (Sampson, 2001, s.129). For eksempel vil hypotesen «vatn kokar ved 100 °C » vere lettare å falsifisere enn «vatn kokar når det er varmt» og seier oss slik meir om verda, då den i større grad begrensar settet av tilhøve som kan gjelde.

Samstundes som at ein vil gjere hypotesane så sterke som mogleg vil ein også unngå unødig kompleksitet, eit prinsipp som kallast Ockhams barberkniv. For eksempel, dersom ei opa bok lukkar seg utan at eit menneske forårsakar det kunne ein blandt anna postulere desse to hypotesane: (1) Eit spøkelse var i rommet og gjorde at boka lukka seg, (2) elastisiteten i bokbindinga gjorde at bok lukka seg. Begge hypotesane vil forklare det ein har observert, men hypotese (1) vil komplisere eins teori av verda betrakteleg mykje meir enn den andre, då ein blir nødt til å godta at spøkelse finst. Ein vel difor den sterkaste hypotesen som forklarar fenomenet, utan å komplisere hypotesen for mykje, hypotese to.

Ei typisk innvending mot å bruke korpus som datagrunnlag er at ein ikkje får negativ evidens og difor ikkje kan lage fullstende modellar av språk. Men, som Thompson (2001) påpeikar, treng ein ikkje negativ evidens for å lage fulstendige modellar (s. 122-139).

Som eit eksempel på metoden kan ein tenkje seg ein situasjon der ein skal finne ut kvar ein kan og ikkje kan opphalde seg for eit gitt område, men ikkje har lov til å gå der sjølv. For å finne ut kor grensene går må ein etablere hypotesar og teste dei gjennom observasjon. Hypotesane kan anten formulerast i ei positiv ramme, «for område X er det slik at ein kan gå der», eller ei negativ ramme, «for område X er det slik at ein ikkje kan gå der». Av desse to er den negativt formulerte den som er lettast å falsifisere: Ein kan observere at folk kan gå plassar, men ein kan ikkje observere at folk ikkje kan gå plassar. Ein kan observere at dei ikkje har gådd på plassar, men det tyder ikkje at dei ikkje *kan* gjere det. Dvs. fråvær av positiv evidens er ikkje lik negativ evidens. Den negativt ramma hypotesen, derimot, kan lett falsifiserast ved å observere at folk er i området ein nemnte i hypotesen.

Ein ser altså at dersom ein kun har positiv evidens kan ein framleis drage konklusjonar basert på data gitt at ein formulerer hypotesar på ein slik måte at dei kan verte falsifiserte av positiv evidens. Slik kan ein seie at ein kan drage konklusjonar også frå korpusdata, gitt at korpuset er laga på ein konsistent og representabel måte, og at ein er bevisst på at ikkje alt som er i korpuset kan reknast som gyldig data.

3.2.2 Introspeksjon

Kva er introspeksjon?

Når ein gjer korpusundersøkingar er det empiriske grunnlaget for ein analyse språk i meir eller mindre naturlege kontekstar der talaren ikkje tenkjer aktivt på om det han/ho seier er grammatisk eller ikkje. Ved introspeksjon, derimot, brukar ein heller sine intuisjonar som morsmålstalar som empirisk grunnlag for modellane sine. Ein kan, i kraft av å vere morsmålstalar, bedømme om ei ytring X er ei grammatisk ytring eller ikkje og kan slik lage ein modell av språket ved å generere og bedømme ytringar.

Kva data kan ein få frå introspeksjon?

Som ved korpusundersøkingar får ein positiv evidens, gjennom ei eksplisitt vurdering av ei setning som grammatisk. I tillegg får ein negativ evidens, og kan slik bestemme ikkje berre kva som er akseptabelt og ikkje, blandt settet av ytringar ein finn i bruk, men også om ytringar ein ikkje finn til vanleg manglar pga. at dei skjeldent blir brukt, eller om det er pga. at dei er ugrammatiske.

Om ein brukar områdecksempelet ovanfor kan ein tenkje seg ein person som har gått i området og kjenner det godt. Vedkommande kan då spørje seg sjølv om ein kan gå på eit gitt område og svare basert på sine erfaringar.

Introspeksjon verkar ved fyrste overblikk som ei idéell metode, då den tilsyne-latande eliminerer svakheitene korpus har utan at det går på bekosting av noko anna. Ein får dei same dataa, og meir, verkar det som. Men dette stemmer ikkje heilt. Når ein konsulterer intuisjonen sin vil ein få ei eksplisitt bedømming av ei ytring, men den bedømmingen er ikkje dermed nødvendigvis sann.

Eitt element er at sjølv om introspektøren vurderer noko på ein bestemt måte, tyder det ikkje nødvendigvis at andre som talar det same språket er samde. Ein kan altså stå ovanfor representativitetsproblem dersom ein kun brukar sine eigne intuisjonar. Vidare er det ikkje nødvendigvis slik at det introspektøren vurderer som sant er spegla i hans/hennar tale. Sampson (2001) gir eit eksempel med ein informant som meinte han aldri hadde hørt ein konstruksjon som det viste seg han brukte sjølv, tilsynelatande utan å vere klar over det sjølv (s. 3-4).

Det ein baserer grammatikken sin på er altså morsmålsbrukarar sine vurderingar av språket basert på intuisjonar, og ikkje språket i seg sjølv. Desse intuisjonane samsvarar ofte med bruk, men kan påverkast av eit bredt spektrum av faktorar, alt frå å vere uopplagt til sosiolingvistiske fordommar ein har lagt til seg.

3.2.3 Intervju/elisitasjon

Kva er elisitasjon?

Introspeksjon kan brukast av ein forskar dersom vedkommande er morsmålstalar av språket ein skal undersøke. Men dersom ein vil samle data frå andre morsmålstalarar enn seg sjølv, eller forskar på eit språk som ein ikkje er morsmåltalar i, så må ein intervjuje informantar/drive med elisitasjon⁷.

Ein kan seie at elisitering er ein form av styrt introspeksjon; ein spør informantar om ei gitt ytring er grammatisk eller ikkje og brukar vurderingane dei kjem fram til via introspeksjon som grunnlag for ein grammatikk. Prinsippet er altså veldig likt, men i motsetnad til introspeksjon er der eitt ekstra ledd mellom utgangspunktet og kategoriseringa. Forskaren veit kva han/ho er ute etter når han/ho driv med introspeksjon sjølv. Ein informant må derimot få denne informasjonen gjennom samtale med forskaren. Slik kan misforståingar oppstå under elisitasjon.

Eit eksempel kan vere tolkinga av «kan du seie X slik?». Dersom ein språkforskar seier det, er det sannsynleg at han/ho meiner «ville det vere grammatisk om du sa dette til ein annan talar av språket ditt?». Men denne tolkinga er ikkje like naturleg for folk som ikkje er språkforskarar, og som ikkje er vande med å skilje ytringar inn i kategoriane «grammatisk/ugrammatisk». For ein informant vil tolkinga «er du i stand til å seie dette?», eller andre, kunne verke like sannsynleg som den tenkte tolkinga. Svaret informanten gir kan då variere alt etter kva tolking ein vel.

Eit anna problem som kan oppstå under elisitasjon er at det faktum at ein har eit intervju påverkar måten informanten vurderer visse ytringar. Forsking er seriøst arbeid, og informanten kan som fylgje av dette kjenne ein trang til å snakke «ordentleg», eit begrep som ofte tolkast som «nærare eit høgstatusregister». Dersom ein skal undersøkje høgstatusregister er dette ikkje så problematisk, men dersom ein skal undersøke vanleg tale blir dette straks eit problem, då det potensielt gir feil data (jf. eksempelet frå Sampson (2001) ovanfor).

På denne måten har elisitasjon ei potensiell feilkjelde som introspeksjon ikkje har. Samstundes manglar elisitasjon ei feilkjelde som introspeksjon har: Som språkforskar vil introspektøren allereie ha ei formeining om korleis han/ho trur noko er. Dette kan igjen påverke korleis han/ho bedømmer ytringar. Informanten er som regel ikkje påverka på same måte og vil sannsynlegvis basere svara sine i større grad kun på sine intuisjonar.

⁷Eg anser «elisitasjon» og «intervju» som synonym i denn konteksten og kjem til å bruke dei, og derivasjonar av dei, om kvarandre.

3.3 Datasamlingsprosessen

3.3.1 Korpus

Datagrunnlag

Datagrunnlaget for korpusundersøkinga var spor 1-25 og 27 på CDen «Gæbreiki soptsesh : Rørossamiske tekster» frå 2010 (Bergsland, 2010). Spora er innlesingar av forteljingar som Knut Bergsland samla inn i Rørostraktene tidleg på 1940-talet. For å søke igjennom det lydlege materialet jamførte eg det med ein skriftleg versjon (Bergsland, 1987).

Oppsett

For kvart kapittel i boka blei heile kapittelet kopiert til eit tekstdokument og delt opp i setningar etter kvar det var punktum eller kolon i teksta. Alle setningane blei nummererte og plasserte under ein felles seksjon. Lydspora blei brotne opp i delar samsvarande med oppdelinga av setningene. Delane blei gitt namn med to bokstavar og opptil tre tal, der bokstavane var ei kode for kva kapittel ytringa var henta ifrå, og tala dens sekvensielle plassering innad i sporet. Så lydsporet som tilsvarte setning 11 i kapittelet «Daelvie-laantesne» heiter DL-11 og lydsporet som svarar til setning 53 i «Tjaktje Doeckoe» er TD-53.

Søking Då nummera i det skriftlege dokumentet samsvarar med dei muntlege delane kan ein søke igjennom det skriftlege materialet etter bokstavkombinasjonar og deretter finne aktuelle ord i det muntlege materialet utan større problem. Desse orda blei kopierte til eigne filer, merka på same måte som dei muntlege ytringene, men markerte for kva ord det var. Så dersom ein henta ut den muntlege ekvivalenten til <maanah> i BS-7 blir den gitt namnet BS-7-maanah.

Problem

Totalt utgjorde dette eit korpus på omtrent 6679 ord⁸. Det har nokre av kjenneteikna til eit korpus - Det har ein finitt størrelse, og kan behandlast av maskin. Men å gi ei representativ prøve av språket kan det ikkje seiast å gjere . Alle tekstene blei tekne frå same kjelde, «Rørossamiske tekster» og er alle av same sjanger, forteljing. Dette gjer at ein ikkje kan garantere at eit evt. mønster ein finn i korpuset ikkje er begrensa til den eine kjelda; det kan hende at bruken er annleis i språksamfunnet elles og at dette ikkje reflekterast i korpuset. Dette problemet blir forverra av det at korpuset er veldig lite, totalt sett, som vil gjøre at eit evt. mønster kan verke meir framtredande enn det faktisk er.

Eit anna problematisk aspekt ved korpuset er at søkinga blei gjort på ortografiske representasjonar av orda. Sjølv om den sør-samiske ortografiens er relativt ny⁹, og relativt ortofon, kan ein ikkje tilskrive eit ein-til-ein tilhøve mellom skrift og underliggjande form, eller uttale. Altså er det mogleg at der er tilhøve som gjeld for det muntlege, men ikkje for det skriftlege og omvendt.

⁸Basert på Openoffices «word count»-funksjon. Talet kan vere litt høgre eller lågare, då der i nokre tilfelle var ord i teksta utan motpart i det muntlege og omvendt.

⁹Den noverande versjonen blei vedtatt i 1978, sjå Bergsland (1994, s. 14).

Dette tyder at ein ikkje kan drage ei slutning basert på at noko er til stades i ortografin og ikkje til stades i uttalen og omvendt. Dersom ein for eksempel leiter opp den muntlege motparten til <aaten>, GEN.SG av 'ting', og finn [ɑ:tŋ] kan ein ikkje slutte at vokalen som «tilsvarar» <e> har blitt sletta. På same måte kan ein ikkje slutte at ein vokal har blitt epentisert basert på <balve>, NOM.SG. av 'sky', og [baləvə]. Generelt kan ein altså ikkje bruke skriftspråket som grunnlag for å seie noko om fonologien til eit språk.

3.3.2 Elisitasjon

Antal intervju

2 informantar, 3 intervju Der var totalt to informantar, referert til her som «Informant 1» og «Informant 2». Informant 1 hadde to intervju, og informant 2 hadde eitt. Begge informantane hadde fått forklart formålet til intervjuet ei veke før fyrste intervju tok stad.

Før intervjeta tok til blei det presisert kva type tale ein var ute etter, for å hindre «ypynta» tale, og dei blei informerte om at dei hadde høve til å bestemme korleis data som blei tatt opp under intervjuet skulle brukast i etterkant via ei kontrakt. Kontrakta blei presentert i etterkant av intervjuet for å sikre at informantane ikkje skulle begrense seg for mykje under intervjuet og for at dei skulle kunne vite klart kva dei godkjente bruken av.

Kva utstyr blei brukt?

Intervjeta blei tatt opp med ein Zoom H1 opptakar. Den var festa til eit tripodstativ som var omrent 15 cm høgt. Opptaka blei gjort med samplingsrate på 44100 Hz og lagra ukomprimert i WAV-format.

Informant 1

Rom 1 Det fyrste intervjuet med Informant 1 blei halde i desember 2014, på eit pauserom på rundt 8-10 kvadratmeter. Informant og intervjuar sat på kvar si side av eit kjøkkenbord, med mikrofonen imellom, rundt ein halv meter frå informanten. Før sjølve intervjuet byrja blei informanten informert om formatet på intervjuet. I tillegg blei informanten beden om å snakke som om intervjuaren var ein bekjent og å seie ifrå om eit spørsmål eller ei frasing høyrtes merkeleg ut.

Spørsmål 1 Intervjuet var strukturert rundt eit sett omsetjingsoppgåver, der informanten fikk ei norsk setning og blei bedd om å omsetje til sørsamisk. For kvar setning var valget i omsetjinga fri med unntak av eitt ord, som informanten fekk spesifisert. For eksempel kunne informanten bli bedt om å omsetje «eg tok lua», med spesifikk instruks om å bruke <tjohpe> for 'lue'. Informanten stod då fritt til å omsettje resten av setninga som han/ho ville, men måtte bruke ordet <tjohpe> for 'lue'.

Stort sett fungerte oppgåvene som planlagt, og dataa som blei samla inn var av tilstrekkeleg god kvalitet for sitt formål. Men der var nokre problem:

Eitt problem var at mikrofonen var dårlig plassert: Den var plassert slik at den ikkje berre fekk eit svakt signal, men også plukka opp vibrasjonar i bordplata, som når ein kopp blei plassert på bordet, eller ved mjuke berøringar frå hender. Dette problemet ville mest sannsynleg ha blitt løyst dersom mikrofonen blei sett nærrare, og anten på mjukt underlag slik at vibrasjonane blei absorbert, eller på noko anna enn sjølve bordplata.

Eit anna var at for dei spesifiserte orda var der kun eitt eksempel per lydkontekst. For [pøm] var der for eksempel kun <tjohpem>, AKK.SG av 'lue'. I dei tilfella der informanten ikkje var kjend med eit ord, eller når ord var sett saman på ein uvand måte¹⁰ var der ingenting å erstatte dei med. Pga. av dette blei der fleire hol i dataa i fyrste intervju. Nokre av desse blei tetta i det andre intervjuet med den same informanten.

I tillegg var det planlagt for mange omsettjingssetningar. Ein time og 25 minutt inn i intervjuet hadde kun ein fjerdedel av dei planlagte setningene blitt gjennomgått, og det blei avtalt å halde fram i eit oppfylgingsintervju. Dersom det hadde blitt gjort prøveintervju før intervjeta kunne dette blitt oppdaga og intervjuamanuskriptet justert.

Rom 2 Det andre intervjuet blei utført på nyåret 2015, i kjellaretasjen til eit større bygg. Rommet var relativt stort, og hadde eit luftanlegg som gjekk i bakgrunnen, men var det beste av dei tilgjengelege romma på intervjulokala.

Mik-plassering 2 Som i intervju 1 blei mikrofonen plassert på eit bord mellom informant og intervjuar. Denne gongen var bordet betraktelig lågare og lengre vekk frå informanten. For å kompensere for dette blei opptaksstyrka auka, noko som reduserte kvaliteten av signalet like mykje som det auka styrken på det. Sidan opptaksstyrka var skrudd opp tok mikrofonen opp meir støy frå bakgrunnen. I tillegg førte det til at mikrofonen plukka opp små vibrasjonar i bordplata i større grad enn ved førre intervju. Begge desse problema kunne blitt unngått dersom mikrofonen heller hadde blitt plassert nærrare, og ute av vegen.

Spørsmål 2 Intervjuet var prinsipielt likt intervju 1, men dersom eit ord var ukjent for informanten hadde ein mellom eitt og to andre alternativ å supplere med pr. lydkontekst, og med eit mindre manuskript. På grunn av desse tilpassingane oppstod der ikkje vesentlege problem knytta til utforminga av spørsmåla.

Informant 2

Rom 1 Det fyrste intervjuet med Informant 2 blei gjennomført i desember 2014, på eit kontor. Mikrofonen blei plassert på eit skrivebord rundt 60 cm frå informanten. I likhet med Informant 1 blei Informant 2 forklart formatet til intervjuet og kva han/ho kom til å bli spurta om å gjere.

¹⁰Eitt tilfelle var 'kvardag' som nettordboka Nedtedigibaakoe omset som <aarke> (baakoeh.oahpa.no), men som begge informantane førstrakk å kalle <aarkebiejjie>.

Intervjuet var direkte etter det fyrste intervjuet med Informant 1 og skulle i teorien foregå på same måte. Pga. tidsproblemet som intervjuumanuskriptet førårsaka der blei det gjort endringar rett før for å kome igjennom meir på tilnærma same tid. Informanten var kjent med grammatiske begrep slik at oppgåvane kunne tilpassast til å gi ordformer i isolasjon, i staden for å omsettje heile setninger.

Endringa førte til at ein fekk gjennomgått fleire spørsmål, men på bekosting av kor grundig ein kunne vere. I intervju 1 med Informant 1 opna spørsmåla for til litt resonnering rundt omsetjina, slik at ein fekk fleire gjenntakingar pr. lydkontekst. Spørsmålsformatet i intervjuet med Informant 2 var derimot veldig rett fram og opna ikkje mykje for refleksjon.

Kapittel 4

Data

4.1 Rådata

Rådataa i oppgåva består av dei substantivsformene som har blitt henta ut¹ frå opptaka i Rørossamiske tekster(Bergsland, 2010), totalt 1529 former. Nedenfor er ein tabell som viser fordelinga av ordformer etter kasusform.

	SG	PL
NOM	656	577
AKK	906	104
GEN	633	130
ILL	212	104
INESS	134	148
ELAT	166	45
KOM	148	32
ESS	148	148
	804	725

Tabell 4.1: Antal kasusformer i korpuset

Der er ei klar skeivfordeling av antalet former, med hovudtyngda av former på NOM.SG, NOM.PL, AKK.SG, og GEN.SG. Skeivfordelinga er endå større enn den verkar til ut ifrå tabellen ovanfor, då ESS, KOM.SG og INESS.PL er homografar, likeleis med AKK.PL og ILL.PL. Det vil seie at det kan vere tilfellet at der er 148 ordformer med INESS.PL og 0 med ESS, ikkje 148 i kvar, slik det verkar som frå tabellen. Eg skal ikkje spekulere mykje i kvifor dette er tilfellet, då det truleg er ei samling av faktorar som har gjort det slik, og sidan det ikkje er direkte relevant for oppgåva *kvifor* det er slik, berre at det er slik².

¹Sjå kap 3.

²Ein viktig faktor ein likevel kan nemne er at dei tilhøva som dei lågrepresenterte kasusa viser til kan uttrykkjast med postposisjonar òg, og slik kan «stele» frå dei.

Av tidsmessige grunnar har kun eit utval av desse blitt transkriberte for presentasjon her. Desse lydfilene og dei tilhøyrande textgrid-filene er å finne i CD-vedlegget, i mappa som er merka «Transkribert». Dei utranskriberte er å finne på den same CD-en, i mappa som er merka «Utranskribert». Nedanfor vil eg gå igjennom likskapar og ulikskapar i dei forskjellege kasusformene kvar for seg, før eg oppsummerer og trekk linjer mellom kasusformene. For å gjere dataa meir kompakte og oversiktlege har tydinga av dei forskjellege ordformene blitt utelate i tabellane nedanfor. Der det er naturleg og praktisk har tydinga likevel blitt gitt i løpende tekst.

I mange tilfelle nedanfor vil substantiv bli delt inn i grupper etter kor mange stavingar dei har. Det å dele ordformer inn i stavingar er i dei fleste tilfelle relativt enkelt, og som ein «tommelregel» kan ein seie at det er like mange stavingar som det er vokalar. Men straks ein ser nærmere på det blir stavingsinndeling ei meir komplisert sak. I denne oppgåva kjem eg til å bruke «tommelfingerregelen» for å bestemme antalet stavingar (med nokre unntak, sjå nedanfor), men gjer oppmerksam på at nokre av desse vil bli reviderte i analysekapittelet.

4.1.1 NOM.SG

Ein kan dele dei transkriberte substantivsformene i NOM.SG inn i to hovudgrupper: Dei med to stavingar og dei med tre. Inndeling etter stavingstal er noko som går igjen i dei andre kasusformene og speglar eit meir generelt skilje mellom dei orda der den siste stavinga grensar til den føregåande trykkstavinga³, [$\sigma \sigma \#$], og dei orda der siste staving ikkje grensar mot føregåande trykkstaving, [$\sigma \sigma \sigma \#$]. I teksta framover vil eg referere til desse som høvevis likestavings- og ulikestavingsformer (evt. like/ulikestava former). Distribusjonen av forskjellege segment skil seg generelt etter om dei kan kategoriserast som det eine eller det andre. Likestavingsformene i NOM.SG kan delast inn i tre grupper etter kva vokal dei sluttar på, grovt sett [a], [ie] eller [ø]. Dei trestava substantiva ender i hovudsak på ein versjon av schwa, eller noko i det artikulatoriske rommet mellom schwa og [ɛ] og [æ]. Nedanfor skal eg gå igjennom dei forskjellege typane og diskutere likskap og ulikskap mellom dei.

I tabellane nedanfor er der nokre ordformer som er transkriberte med 3 vokalar, som eg skal rekne som tostavingsord, og nokre som er transkriberte med 4 vokalar som skal reknast som trestavingsord. Grunnen til dette er at nokre av desse vokalane er som fonetiske effekter - transisjonsvokalar - å rekne. For å avgjere kva som skal reknast som transisjonsvokal og kva som ikkje skal det har eg brukte ei blanding av subjektiv oppfatning (vurdering ut ifrå kvalitet og lengde), og jamføring med ortografin; dersom noko høyrest ut som ein transisjonsvokal og ikkje er tilstade i ortografin blir den rekna som ein transisjonsvokal. Ein slik framgangsmåte støttast av at dei som har slike vokalar oppførar seg på same måte som dei som ikkje har det med tanke på kasusform, som det skal kome fram nedanfor.

³Når det er snakk om «trykkstaving» eller at ei staving «har trykk» meinast det generelt anten primær- og sekundærtrykk. Dersom det er snakk om éin av dei vil dette spesifiserast i teksten.

Type 1

Type 1 utgjer dei substantiva som er transkriberte med ein einsleg, ordfinal [a], [a:], [a] [a], [a], [ɑ], [ɑ], eller [ɑ]. Type 1 sluttar anten på <a> eller <oe> i ortografin og har eit partal stavingar. Der er nokre i NOM.SG som er transkriberte med [a] som ikkje inngår i type 1, desse vil bli behandla under sine eigne typer. Alle formene i tabellen reknast her som tostavingssubstantiv. Eit eksempel på ord av same type med fleire enn 2 stavingar er <gaarmanæjja> ‘mann’.

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	mɑ:na	AD-18-maana	A	muɛtɔ:	JB-108-muadta
A	mɑ:na	ME-17-maana	A	souvrɑ:	JB-74-såvra
A	mɑ:na	ME-2-maana-baelest	A	sɑjɛvɑ:	JB-90-sarva
A	mɑ:na	ME-23-maana	B	gɑm:q	LI-112-gåmma
A	mɑ:na	ME-25-maana-gåetie	B	qrɑ:	LI-4-årra
B	mɑ:na:	RE-23-maana	B	la:ɪdɑ:	LI-76-laajta
B	mɑ:nɑ:	RE-28-maana	A	ɑhkɑ:	ME-18-aahka
B	mɑ:na	RE-6-maana	A	ɔykhɑ:	ME-6-aahka
B	mɑ:nɑ:	RE-8-maana	B	mæ̃tə:	MU-30-muadta
A	mɑ:na:	SD-155-maana	A	skærqruw:a:	RB-103-skraavva
A	moɪ̃p:ja:	AD-5-månnja	A	uqp:q	RB-130-åabpa
A	mäɪ̃p:ja	AD-7-månnja	A	spæhtə:	RB-143-spæhta
B	boqntɔ:	BS-36-båanta	A	feada:	SD-140-feada
A	skør̃rja:	DL-112-skaarja	B	sarəvɑ:	RN-10-sarva
A	laehkɑ:	GI-7-leahka	A	sarəvɑ	RN-19-sarva

Figur 4.1: Transkripsjonar, NOM.SG Type 1

Variasjonen i sluttvokalen hjå type 1 er ganske liten, relativt til dei andre typane. Dei varierer i prinsippet kun på to måtar: 1) er det ein hovudsakleg fremre vokal eller ein hovudsakleg bakre vokal? Og 2) er den lang, eller ikkje?

Ein del av dei som er transkriberte som [a] er såpass langt bak at ein nesten like gjerne kunne transkribert dei som [ɑ] og omvendt. Vidare ser ein at forskjellege former av det same ordet varierer i om dei sluttar på [a] (som ME-17-maana) eller [ɑ] (som ME-28-maana). Slik sett kunne ein betre transkripsjon vere [ə] med [+] eller [-] etter om den hadde ein fremre eller bakre klang. Begge desse ytterpunktene i uttale, og dei som kjem imellom, kjem framover til å bli referert til som [a]⁴.

Når det gjeld lengde på segmentet verkar det til at der er liknande variasjon. Dette er spesielt tydeleg om ein ser på dei forskjellege formene for <maana> ‘barn’. Andre ord viser same variasjonen, som RN-10-sarva og RN-9-sarva. Fylleleg kjem ein til å referere til både [a] og [a:] som [a] i denne posisjonen.

⁴Eg kjem ikkje til å bruke slike generaliseringar i tabellane når eg presenterer dataa.

Elles er det verdt å nemne to former spesielt: ME-2-maana-bealeste og ME-25-maana-gåetie. Begge to er skrivne som om dei var ein del av samansette ord. I så fall kunne det innvendast at det ikkje er instansar av NOM.SG, men heller ordstamma⁵. Eg har likevel valt å ta dei med under NOM.SG, for å vise at forma som usamansett ord i NOM.SG og som forledd i ei samansetjing er den same, i alle fall for ein del substantiv. Nokre substantiv har ei anna form i samansetjingar - Magga og Magga (2012, s. 42) nemner blandt anna <gånska> ‘konge’ vs. <gunkies-kaarre> ‘kongskar’.

Type 2

Substantiva som utgjer Type 2 er dei som er likestava og sluttar på ein synkande diftong og skrivast med <ie> i ortografien. I oppgåva framover kjem eg til å referere til denne vokalen som [ie] med mindre konteksten krev meir spesifisitet. Nedanfor er ein tabell som viser dei forskjelle ge variasjonane ordformene av denne typen har.

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	el᷑k᷑:i᷑:	AD-16-elkie	A	ue᷑:ə	DL-32-åesie
A	jɪ:mi᷑	AD-36-jijmie	A	k᷑rūvɪ:ə	DL-66-krievnie
B	tʃɪtʃ:ɪə	BS-123-tjidtjie	B	tʃer̥gɪə	GA-14-tjerkie-bielie
B	tʃɪtʃ:ɪə	BS-130-tjidtjie	B	brieə	GA-14-tjerkie-bielie
B	baektɪə	BS-161-baektie-2	A	tʃɪetʃeə	DL-5-tjetsie
B	ba:ktɪə	BS-161-baektie	A	ʃkewmɛə	GB-11-boenge-skuvmie
B	yiehkeə	BS-162-viehkie	A	tʃɪtʃiə	GB-25-tjidtjie
B	tʃuv̥əriə	BS-3-tjuvrie	A	sæ:miə	GB-34-saejmie-2
B	sæ:dneə	BS-70-saernie	A	sæiməə	GB-34-saejmie
B	þaektɪə	BS-166-baektie	A	sæemeə	GB-36-saejmie
B	sa:meə	BS-173-saemie	A	sæejmie	GB-6-saejmie
A	seijiə	DL-20-sijjie	A	poaktʃeə	GG-125-båetskie
A	ue᷑:ɪə	DL-27-åesie	A	poaktʃɪ	GG-17-båetskie
A	staølea	DL-111-staelie	A	pøæk᷑tʃiə	GG-20-båetskie
A	uəse:ə	DL-32-åesie-2	A	pieleq	GG-28-bijjie-bielie

Figur 4.2: Transkripsjonar, NOM.SG Type 2

Reint fonetisk er der mest variasjon innad i denne klassa, med former frå final [i᷑] til [eo]. Men formene har det til felles at dei inneber ei rørsle frå ein høg, fremre vokal til ein som er lågare og lengre bak. Denne effekten kan, i nokre tilfelle, vere så liten at det er vanskeleg å høyre eller sjå i eit spektrogram, som med [poaktʃeə], eller fråverande, som i [poaktʃɪ], begge ‘hæl’. I desse siste tilfellene er vokalen ein fremre, ikkje-låg vokal, anten [e], [i], eller noko imellom desse.

Her òg, som i type 1 ovanfor, kan ein peike på at der er forledd som ein del av tabellen: GA-14-tjerkie-bielie opptrer to gongar i tabellen. Ein gong med forleddet <tjerkie> og ein gong med etterleddet <bielie>. Det kan også nemnast

⁵Eitt av tilfella, ME-2-maana-bealeste, kunne reknast som to ord, skrivne som eitt, då <bealeste> er ein postposisjon som tyder ‘ved sida av’.

at i dei tilfella der ordformer ender på [ɔ], reknar eg dette som ein type koartikulasjonseffekt frå nærliggjande segment, eller som ei meir eller mindre tilfeldig veksling.

Type 3

Substantiva i Type 3 er likestava og ender i skrift på <e>. Dei uttalast i hovudsak med ein final schwa, anten meir eller mindre «rein» [ø], eller ein vokal i det nærliggjande vokalrommet, som [ø], [ø], [ø], [ø], og [ø]. Desse reknast her som variantar av éin vokal, og kjem til å bli refererte til som [ø] i resten av oppgåva. Nedanfor er ein tabell av dei transkriberte ordformene.

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	siejšpø	AD-10-siejpe	B	paktʃø	BS-80-batske
A	jōne	AD-28-jyöne	B	bakʰtʃø	BS-80-batske-2
A	jōne	AD-31-jyöne	B	nem:o	BS-197-nomme
A	vieł:kø	AD-9-vielle	A	poqjøka	DL-35-pääjke
B	bøykø	BS-124-bahke	A	vieł:kø:	DL-5-vielle
B	kʰair:ø	BS-148-kaarre	A	s'nejpø	GB-15-snijpe-tjohpe
B	kup:ø	BS-15-gobpe	A	tʃuhpø	GB-15-snijpe-tjohpe
B	kʰare	BS-152-kaarre	A	la:ova	GB-29-laave
B	nem:o	BS-197-nomme	A	tʃuhppø	GB-52-tjurrie-tjohpe
B	treanjø	BS-33-triengke	A	stuhłfø	GG-103-stuhtje
B	treanjø	BS-35-triengke	A	stuhłføø	GG-18-stuhtje
B	kup:a	BS-41-gobpe	A	stuhłføø	GG-84-stuhtje
B	kup:ø	BS-49-gobpe	A	siejøpø	JB-95-siejpe
B	kup:ø	BS-52-gobpe	A	puſtø	SA-9-buste
B	kup:ø	BS-60-gobpe	A	miełøkø	SD-133-mielke

Figur 4.3: Transkripsjonar, NOM.SG Type 3

Der er nokre unntak til tendensen som blei nemnt i avsnittet ovanfor. Ein har ordformer som ender på [e] og [a] i høvevis BS-152-kaarre og BS-41-gobpe. Desse reknar eg som avvikande uttalar, då ein har andre versjonar av dei⁶ som uttalast med ein [ø]. For BS-41-gobpe er der også ein fylgjande [a], som kan ha forårsaka ein assimilasjon frå [ø] til [a]. Andre avvik er [ø] i bl.a. AD-31-jyöne, og GG-103-stuhtje. Desse reknar eg som meir ekstreme versjonar av [ø]. Utover desse har ein også [eø] og [eɛ] i høvevis GG-18-stuhtje og GG-84-stuhtje. Begge desse ordformene er frasefinale, eller før ei pause, slik at ei avslapping mot slutten av vokalen, og lengda kan reknast som eit fonetisk resultat av den prosodiske posisjonen heller enn av den underliggende forma.

⁶Til dømes BS-148-karre og BS-49-gobpe.

Type 4

Dersom ein ser vekk ifrå antalet stavingar varierer substantiva i Type 4 på same måte som dei i Type 3: Substantiva i type 3 er likestava og ender på ein form for [ə], medan dei i type 4 er ulikestava og ender på ein form for [ø]. Der er eitt unntak i tabellen, GG-50-altese, som er tostava etter definisjonen ovanfor. Dette skal eg sjå vekk ifrå her, og kome tilbake til i analysekapittelet..

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	ruəjəsə	GG-85-roejese	B	røuftækə	BS-81-Rovhlege
A	ɔ:ltsə	GG-50-altese	B	aæçtʃebə	BS-54-aehtjebē
A	tʃulɔ:kɔmə	GG-41-tjolkeme	B	aæçtʃebə	BS-39-aehtjebē
A	tʃulɔ:kɔmə	GG-29-tjolkeme	B	dæktərə	BS-37-daktere
A	kuməsæ	GG-22-gaamese	B	gøynəbə	BS-33-gujnebe
A	kɔ:mɔ:kə	GG-11-gaamege	B	poandəpu	BS-31-hosbåantebe
A	ju ejəsə	GG-107-roejese	B	pɔandəbu	BS-31-hosbåantebe-2
B	dreskərə	GA-30-dieskere	B	sueləkə	BS-30-soelege
B	pe:tʃvə	GA-19-beetsuve	B	tʃoqtʃemə	BS-20-tjäetskeme
B	tʃuləgəmə	GA-13-tjolkeme	B	açibə	BS-13-aehtjebē
A	koatəmɔ:	DL-75-gåatome	B	tʃo:kʰtʃemə	AD-13-tjäetskeme
A	iæhkɔdə:	DL-73-iehkede	B	mæ:təgə	SB-13-maadtege
A	koɑrɔmə:	DL-12-gaameh-gäärome	A	fiu:ækə	RB-69-hurrehke
B	ruftəgə	BS-98-Rovhlege	A	koatəmə	JB-128-gåatome
B	vijvəbə	BS-96-vijvebe	A	pʰærudəsə	SÄ-71-provrese

Figur 4.4: Transkripsjonar, NOM.SG Type 4

Verdt å merkje seg er dei to orda <hosbåantebe> og <Rovhlege>. Det siste skil seg frå dei andre ordformene i det at det er eit stadsnamn, og slik kan reknast som ein annan underkategori av nomen enn dei andre. Dei to <hosbåantebe>-ane er verd å nemne fordi ein i desse tilfella går imot tendensen som blei nemnd i kapittel 1 om trykklegging på annakvar staving. Ein har heller primærtrykk på fyrste staving, og så sekundærtrykk på andre staving: [hus,poandəpu]. Eg har tolka dette som eit samansetjing og difor utelete forleddet frå transkripsjonen.

Utover unntaka som blei nemnt under type 3 har ein tillegga [u] og [ø] i BS-31-hosbåantebe(-2), [ø] i GA-13-tjolkeme, [æ] i GG-29-tjolkeme og GG-22-gaamese, [øæ] i DL-75-gåatome, [ø] og [ø] i høvevis BS-98-Rovhlege og BS-30-soelege. Desse to siste kan reknast som variantar av [ø] på same grunnlag som i type 3 ovanfor. [øæ] kan i likhet med [øe] reknast som ein meir ekstrem type av [ø]. Om ein så tek med at [øæ] er frasefinal/prepausal gir lengda og den glidane kvalitetene meaning, à la [eø] i type 3. Dei to [u]-ane blir begge følgde av labiale [w]. Gitt at vokalen har labiale segment, [p/b] og [w], på begge sider gir det meaning å rekne rundinga av vokalen som eit resultat av dette heller enn å rekne med ein underliggende /u/.

4.1.2 NOM.PL

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
B	ɑ:jɑ:	BS-1-aajjah	A	keəsəstak	AD-23-geasastahkh
B	ɑ:hkɑ:	BS-1-aahkah	A	seejp	AD-44-siejph
A	læh:ta:	GB-13-leahlah	A	suəm	AD-7-soenh
A	ʃeəhkɑ:	DL-37-seahkoeh	A	siejp	AD-19-siejph
A	nɔ:lɑ:	DL-115-naaloeh	B	poqk	BS-38-påajkh
A	pɑ:kɑ:	AD-41-bægkah	B	kʰɑ:rə	BS-72-kaarrh
A	pak:q	AD-45-bægkah	A	ma:ksuw	AD-20-maksov
A	pʊ:fɛə	AD-30-burhvieh	A	priçtʃək	AD-20-prihtjegh
B	peəlea	GA-11-bielieh	B	aləmətʃ	BS-125-almetjh
B	sæameə	ML-1-saemieh	B	kɑ:məg	BS-151-gaamegh
A	jɑ:pəe	ME-85-jaepieh	B	kɑ:məg	BS-149-gaamegh
A	lae̯ebie	DL-106-laejpieh	B	f्रej:əru	BS-57-fræjjerh
B	jɑ:lgəe	BS-155-juelkieh	B	fڑe:ri:ərə	BS-51-fræjjerh
A	sæ̯erəneə	AD-45-saernieh	B	a:htʃəb	BS-7-aehtjebh
A	keəsəstahk	AD-5-geasastahkh	B	neejetʃ	BS-139-niejtetjh

Figur 4.5: Transkripsjonar, NOM.PL

Ordformene i NOM.SG kan delast inn i 4 typar etter kor mange stavingar dei har, 1, 2, eller ⁷ 3 og etter kva det siste segmentet er, [a], [ie], eller [K], der K står for diverse konsonantar.

Type 1 er likestava og sluttar anten på [ɑ], [ɑ:], [ɑu], [a:], [a:], eller [ɑ]. Dette stemmer godt overeins⁸ med type 1 i NOM.SG, og ein kjem her til å anta at det er same vokal, notert med [a]. Type 2 er likestava og sluttar på det som blei notert som [ie] i NOM.SG: [ea], [ea], [eɑ], [ee], [ie], [ee], [eæ]. Eg vil her gå ut ifrå at det er same vokal, og skrive den [ie].

Type 3 kan ha 1 staving, som i AD-44-siejph, eller 3, som i AD-5-geasastahkh, men felles er at der er trykk på den siste stavinga i ordet og sluttar på ein konsonant. Der er éi ordform som er transkribert med to vokalar, men som framleis skal reknast som type 3: BS-72-kaarrh. Denne ordforma har ein ekstra kort [ɔ]. Eg går her ut ifrå at dette er ein transisjonsvokal og ikkje ein overflatevokal.

Ordformene i type 4 har 3 stavingar, men i motsetnad til dei i type 3 har desse kun trykk på fyrste staving, ikkje siste. Dei sluttar begge på diverse konsonantar. Desse konsonantane er ikkje ein del av endinga, då dei går igjen i NOM.SG-formene og i andre kasusformer, og slik burde reknast som ein del av rota eller stamma til det aktuelle ordet. Også her vil eg gå ut unntaka er grunna transisjonsvokalar, altså er ikkje dei siste vokalane i BS-57-fræjjerh og BS-51-fræjjerh fonologiske vokalar, men heller resultatet av ein fonetisk effekt. Ein kan då seie at type 3 og 4 ender på K, for diverse konsonantar, eller [Ø], for «ingen vokal». Her vil ein forgripe analysen litt og skrive det som [Ø].

⁷ Dette blir revidert i analysekapittelet.

⁸ Unntaket her er DL-115-naaloeh. Eg ser vakk ifrå dette her.

4.1.3 AKK.SG

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	tuahp ^{əm}	SK-9-duahpam	A	v ^ɛ : ^{əm}	GG-21-vijjem
A	ɑ: ^χ k ^{qm}	ME-27-aahkam	A	gi ^ə ləm	RB-179-gielem
A	s ^o qjam	SK-17-såajam	A	poejk: ^{əm}	SÅ-14-påjkem
A	l ^æ hikam	GI-8-leahkam	A	tʃuhp ^{əm}	GB-25-stielie-tjohpem
A	diaram	GG-110-soene-dearam	A	li ^ɔ m ^{əm}	SD-100-doelehtimmie-liem
B	d ^æ uq ^{əm}	LI-92-deavam	B	stuç ^ʃ əm	VO-36-voedtege-stuhtjem
B	ʃown ^{əm}	LI-118-sjovnem	B	vijv ^{əm}	BS-92-vijvem
B	ʃpeax ^χ : ^{əm}	LI-16-speatam	B	ʃk ^ə ru:d ^{əm}	GS-19-skrovrem
B	m ^ø aet ^{əm}	MU-1-muadtam	B	k ^ə f ^χ qm	BS-15-kaaffem
B	oop: ^{əm}	BS-4-ääbpam	B	ço ^ɔ ŋjam	BS-131-tjoengem
A	oajie ^{əm}	SK-12-äeijiem	A	t ^ɛ t ^ʰ n ^ɛ ləm	GG-76-ditnelem
A	l ^æ hke ^{əm}	ME-32-lehkiem	A	tʃeap ^ɔ k: ^{əm}	SD-48-tjeapohkem
A	sae ^χ em ^{əm}	GB-21-saejmiem	A	tjuw ^χ anəm	DL-114-tjoeventenjem
A	sueke ^{əm}	TR-1-säekiem	A	tʃit ^ʃ epəm	ME-15-tjidtjeb
A	pærn ^{əm}	SÅ-28-baerniem	B	ga:lde ^{əm}	LI-119-tjaetsie-gaaltijem
B	r ^ø rae ^χ ke ^{əm}	LI-38-raejkiem	B	ke ^ə rat ^ʃ əm	TD-58-gierehtsem
B	sæ:lte ^{əm}	VO-47-saelhiem	B	ue ^ə ronəm	LI-121-riehpenem
B	ʃk ^ø aie ^{əm}	GA-29-skåerriem	B	d ^ø kterəm	BS-90-dakterem
B	leçpe ^{əm}	LI-83-lihpiem	B	ua:rəsən ^{əm}	BS-19-vaaresem
B	ka:rə ^{əm}	BS-60-gaeriem			

Figur 4.6: Transkripsjonar, AKK.SG

Substantivformene i AKK.SG har til felles at alle ender med ein nasal: Anten [m], [n], eller [ŋ]. Der er kun eitt eksempel på final [ŋ] i utvalet, BS-19-vaaresem, men der er fleire eksempel i dei andre, utranskriberte AKK.SG-formene. blueFinn eksempel her. BS-19-vaaresem er fylgd av ein [g], og dette verkar til å vere tilfellet for dei andre AKK.SG-formene med final [ŋ] som eg har funne. I same lei blir dei som ender med [n] fylgde med [v]. Sidan eksempla som ender i [m] er i overtal, og sidan der er ei naturleg forklaring på dei avvikande tilfella verkar det difor fornuftig å rekne desse som tilfelle av assimilasjon, og seie at generelt ender AKK.SG på [Vm], der [V] står for diverse vokalar. Desse vokalane gir utgangspunktet for å dele desse substantiva inn i 4 typar.

Type 1 har eit partal stavingar og pre-nasal [ɑ], [ɑ:], [a] eller [a]. I likheit med NOM.PL reknar ein denne som den same som i type 1 i NOM.ŚG og skriv den [a]. Type 2 har eit partal stavingar og ein pre-nasal [e^ø], [e^ø], [ea], [ee^ø], [e^ø], [e^ø], [e^ø], eller [e^ø]. Desse går ein ut ifrå er instansar av same vokal, som i NOM.SG, og skriv den [ie].

Type 3 er dei som er likestava og sluttar på [əm]. Vokalen som refererast til som [ə] her tek form som [ə], [ø], [ø], [ø], [ɔ], [ɔ], [ɔ], [ɔ]. Der er to avvikande tilfelle [ɑ] og [ɑ], desse ser eg vekk ifrå her. Type 4 har den same vokalkvaliteten som type 3 på slutten av ordet, men har eit oddetal stavingar.

4.1.4 GEN.SG

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	raejna:n	JB-15-reajnoen	B	tol:n	SB-56-dällen
A	soajam	SK-19-såajan	A	ge:eremj	AD-47-gijren
A	soqjam	SK-18-såajan	A	cjo:n:ej	AD-26-jönen
A	jør:am	SD-38-jarran	A	lup:mən	SD-40-lopmen
A	køisən	JB-42-gejsan	A	lup:məm	SD-40-lopmen-2
B	sarəvən	RN-8-sarvan	A	tʃak:tʃ:en	AD-1-tjaktjen
B	ʃkag:łqn	MU-5-skaglan	B	rutʃ:en	RN-20-rudtjen
B	ıqhtç:n	BS-4-rähtan	A	aləmətʃ:ej	DL-60-almetjen
A	aekjn	AD-6-aekien	B	geş:kəmən	BS-4-gierkemen
B	baækteñ	BS-172-baekti	B	loavtgeñ	BS-107-låavtegen
A	eləmien	GB-61-elmi	A	tʃipok:əm	GB-47-tjeapohken
B	saəmeñ	RE-8-saemien	B	homb:ərən	VO-46-homperen
A	giət:n	SK-23-gieten	A	ooqr:pən	SÅ-106-ääbpeben
A	uksn	RB-153-valkeme-oxsen	A	kɔarjkələj	SD-125-gåangkelen
B	voəs:n	LI-28-voessen	A	jip:mən	AD-18-jupmelen
B	xə.ru:t:n	BS-44-krovhten	A	skq:tərn	SD-65-skadteren
B	sel:n	SO-29-sillen	A	?iehked:n	SÅ-36-iehkeden

Figur 4.7: Transkripsjonar, GEN.SG

Felles for alle formene i GEN.SG er at dei sluttar på ein nasal. Denne varierer mellom [n], [m], [ŋ] og [ɳ]. I dei tilfella ein har [m] eller [ŋ] kan dette forklaast med referanse til artikulasjonsstaden til den fylgjande konsonanten, som i AKK.SG; dei nasalane som har labial artikulasjonsstad fylgjast av eit ord som byrjar på ein labial konsonant, og dei med velar artikulasjonsstad eit ord med velar konsonant først i ordet. Dei tilfella som har [ɳ] har til felles at dei kjem før [ʃ], slik at det kan tenkjast at årsaka bak kan vere assimilasjon her òg. I denne oppgåva kjem eg til å gå ut ifrå at dette er tilfellet, og seie at i det generelle tilfellet sluttar ordformer i GEN.SG på [n].

Orda varierer så etter om dei har ein vokal før nasalen, og kva vokal dei evt. har, samt kor mange stavingar dei har. Basert på dette kan ein dele dei inn i 6 typar. Type 1 har eit partal stavingar og ein pre-nasal [a:], [a], [ɑ], [ɑ], eller [ɑ:]. Desse går eg ut ifrå er den same vokalen som i NOM.SG, [a]. Type 2 har eit partal stavingar og ein pre-nasal vokal som varierer mellom [eə], [ɛə], [eə], [ɪ]. Desse går eg ut ifrå er den same vokalen som i NOM.SG, og skriv den [ie].

Type 3 er likestava og har ein pre-nasal [e], [e], [e], [ə], [ə], eller [ɔ]. Desse vil bli rekna som [ə] her. Om ein ser vekk ifrå antalet stavingar er tilhøvet det same for type 4: Type 4 sluttar i likhet med type 3 på ein form for [ə], men skil seg ved at dei har eit oddetal stavingar. Det same kan seiast for tilhøvet mellom type 5 og 6. Begge typane ender på [n] og har ein form for alveolar konsonant før det igjen. Det einaste som skil dei er antalet stavingar: type 5 har oddetal med stavingar, som i SO-29-sillen, medan type 6 har partal, som i SÅ-36-iehkeden.

4.1.5 GEN.PL

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	çunsahkɔ̄	RB-89-jovnesåhkoej	A	lehtē	JB-101-lihtiej
A	skɔ̄:ra:e	ME-95-skaadaj	A	jielkē	GI-19-juelkiej
A	nyysønejɔ̄:ej	GB-51-nyjsenæjjaj	A	plieneēj	RB-118-plieniej
A	snartfaj	SD-30-snjarhtaj	A	ja:ppeē	ME-68-jaepiej
B	nysønæjǣ	VO-28-nyjsenæjjaj	A	sæ:mēq	ME-8-saemiej
B	ga:rmanējaj	VO-28-gaarmanæjjaj	A	kaærrēq	SD-108-gaeriej
B	va:ryœ̄y	RE-13-vaarjoej	A	mœ̄sœ̄	RB-109-miesiej
A	ø̄jhtik̄ē	ME-1-eejhtegi	A	rem:ej	SD-78-tjäervie-rimmiej
A	ǣejlekē	DL-47-aejlegi	A	zǣeek̄ē	SD-80-tjelmie-raejkiej
A	alðmǣfjē	SÅ-35-provre-almetji	A	tʃelemēq	GG-82-tjelmiej
A	ejhtek̄ē	ME-5-eejhtegi	B	bœ̄elv̄ē	RN-23-boelvi
B	sēt̄orēq	LI-6-sieteri	B	bot̄ē	ML-47-åvtel-bodti
B	sēt̄orē	LI-4-sieteri	A	ǣ:pdē	ME-43-aeredi
B	fr̄ej:orē	BS-70-fraejjeri	A	put̄ē	SÅ-109-åvtel-bodti
B	kamigeē	SB-55-gaamegi	A	jowl̄ei	AD-1-jåvli

Figur 4.8: Transkripsjonar, GEN.PL

Basert på dataa i tabellen ovanfor kan ein igjen dele ordformene i typar basert på om dei er likestavings- eller ulikestavingssubstantiv og etter kva segment dei sluttar på.

Type 1 er likestava og har ein ordfinal [ɑ̄], [a], [a:], [ɑ̄], [œ̄], eller [ɔ̄], fulgt anten av [j], [e], [ɛ] eller [y]. Ein vil her gå ut ifrå at desse fire sistnemnde er instansar av [j], og at vokalane før dei er den same vokalen som i NOM.SG, [a]. Med desse antakelsane vil ein då få [aj] som markør for type 1 i GEN.PL. Ein kunne potensielt rekne det som ein dittong, [aj], men dette er der ikkje høve til å diskutere her. Eg vil difor gå ut ifrå at det er [aj] som står for GEN.PL.

Type 2 er likestavingssubstantiv og har ein vokal i siste staving som varierer mellom [eē], [eø̄], [eē], [eø̄], [eē], [eø̄] eller [ē]. Også her vil ein gå ut ifrå at det er same vokal, [iē]. I to av formene blir [iē] fylgd av eit segment, [j] og [ē]. Desse går ein ut ifrå representerer [j]. Det kan slik verke som at ein kan tenkje seg at type 2 anten er [iej̄] eller [iē]. I dei uttranskriberte substantiva er [iē] i fleirtal og difor den forma ein vil velje her. Ein kunne også tenkje seg at det er snakk om to adskilde typar, ein med [iē] og ein med [iej̄], men for enkelheits skuld skal eg ikkje gjøre dette her og halde meg til ein type med [iē].

Type 3 er dei substantiva som har eit partal stavingar og sluttar på [ɔ̄], [ø̄], eller [ē]. Desse reknast her som variantar av [i]. Det same gjeld for type 4 dersom ein tek med variantane [ø̄] og [eē]. Den einaste skilnaden vil då vere antalet stavingar: Type 3 har eit partal stavingar, medan type 4 har eit oddetal stavingar. Begge desse typane reknar ein med ender på [i].

4.1.6 KOM.PL

Talar	IPA	Filnamn
A	s'leaktégvymea	SA-96-sliktigujmie
A	tom:pøykumæ	SA-43-dååmpigujmie
B	makʃɔwɔgyymee	SO-31-maksovigujmie
A	spa:røegø:mee	SD-85-spaarrajgujmie
A	suɔrɔymækymee	SD-70-soermigujmie
A	kɔ:rkətasçejkyyðme	SD-23-gaarkehattsigujmie
A	buijtejkymæ	SD-150-buejtiejgujmie
B	suɔrɔmøgøyjmø	SB-10-soermigujmie
B	keetø:guyjime	RN-23-gietigujmie
A	loɔsøukyjmeæ	RB-91-låesuvigujmie
A	rɔ:jtøekymí	RB-57-raajroejgujmie
A	pʰliŋeç kɔ:jømeæ	RB-118-pleniejgujmie
A	p̥iesækymæ	JB-73-biessiejgujmie
A	skərɔ:wɔ:ækymæ	JB-60-skraavvajgujmie
A	miesœegvymæ	JB-12-miesiejgujmie
A	pø:skɔ:ykøymæ	GG-121-baarhohkigujmie
B	almtʃøgvymee	BS-130almetjigujmie

Figur 4.9: Transkripsjonar, KOM.PL

Generelt ser ein at ordformene i kommitativ fleirtal, sjølv om der er ein del variasjon, har ein meir eller mindre homogen sluttpart. Alle formene ender på ein vokal som varierer på same måte som [ie]. Før denne vokalen har dei ein [m] og før det igjen ein eller anna inkarnasjon av ein høg, runda vokal, anten kort og utan fylgjande [j], som SA-98-sliktigujmie med [ym], kort med fylgjande [j/y], som RB-91-låesuvigujmie med [yjm], eller diftongisk, som RB-23-gietigujmie med [uyjm]. Før dette igjen har ein ein velar konsonant, anten [k] eller [g]. Før den velare konsonanten varierer det i større grad, men den gjennomgående tendensen er at vokalen ender på eit framre, øvre segment.

Utvalet av former er meir begrensa i KOM.PL, slik at det blir vanskelegare å trekke ein trygg konklusjon basert på dataa⁹. I dette tilfellet skal eg difor støtte meg på ortografin i korleis eg reknar slutten på KOM.PL, då ortografin verkar relativt ortofon i dei føregåande tilfella. Her skal eg rekne det generelle tilfellet som [jgøymie] etter ord som er type 1 og 2 i NOM.SG, og [igøymie] etter ord som er type 3 og 4 i NOM.SG.

⁹Å seie at konklusjonane ein dreg her er «utrygge», i motsetnad til dei frå dei andre «trygge» kasusformene, er nok litt misvisande. Dei konklusjonane ein dreg her er alle relativt «utrygge», men dei i KOM.PL må seiast å vere utrygge i større grad enn dei andre.

4.1.7 ILL.SG

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
B	uuanse:	TD-59-voenese	A	stah:tjesø	GG-103-stuhjtjese
B	kʰaarsæ	BS-150-kaarrese	A	qr̩əŋan	DL-9-aarnan
A	suaṛṁməsə	SÅ-3-soermese	A	vuənesə	DL-78-voenese
B	pʰæenəsə	SO-23-pænnese	A	prečtʃekasə	DL-105-prihtjegasse
B	kum̩mæggsə	SB-51-gaamegassee	B	as:kæn	BS-60-askan
B	giəṛaggse	SB-34-gieregasse	B	takta:rɔ:san	BS-55-daktarasse
B	vøes:əsə	SB-15-voessese	B	dqktqqrɔ:san	BS-52-daktarasse
B	ṣutʃes:ə	MU-22-rudtjese	B	dakta:rɔ:san	BS-44-daktarasse
B	ʃkəvuəsə	LI-74-skaavose	B	qlʷ̥məsə	BS-34-ålmese
B	uqualqm	LI-129-gualan	B	freankqbəsə	BS-34-triengkebasse
B	daktu:rasə	LI-112-daktarasse	B	vɔ:rtṣə	BS-197-vaartose
A	nīqəssə	JB-83-njuanese	B	sæ:məsə	BS-177-saaman
A	leq:mtjan	JB-67-laamtjan	A	septʃaasə	AD-45-sieterasse
A	kœejərəsə	JB-100-gijrese	B	æ:htʃeəbəsə	BS-135-aehtjiebasse
A	pɛtʰnəsə	GG-21-batnan			

Figur 4.10: Transkripsjonar, ILL.SG

I formene i illativ eintal er der ein del forandringar relativt til kasusformene ein har sett så langt. I dei føregåande kasusformene kunne ein i større eller mindre grad kjenne igjen dei ordfinale vokalane frå NOM.SG. Men i ILL.SG kan ein ikkje avgjere kva vokal ord har i NOM.SG utan å undersøke formene i NOM.SG for kvart ord.

Jamt over kan ein dele formene inn i typar basert på sluttsegment og antal stavingar: Ein har ordformer på 2, 3, og 4 stavingar. Delt etter segmentdistribusjon er der 4 grupper: dei som sluttar på [asə], [əsə], [an] og [sə] (høvevis type 1, 2, 3, og 4 heretter). Dei som sluttar på [asə] er utelukkande 4-stavingssubstantiv, dei som sluttar på [əsə] er 3-stavingssubstantiv, medan [an] anten er 2- eller 4-stavingssubstantiv. Der er kun eitt eksempel av [sə]. Dette skal diskuterast i analysekapittelet og blir utelete frå diskusjonen her.

Ein interessant ting med formene ein kan påpeike er at nokre av dei avvik frå dei formene ein skulle forvente basert på ortografin. Ein skulle for eksempel forvente at BS-177-saaman ‘same’ skulle ende på same måte som LI-129-gualan ‘fisk’, [an]. I staden ender den på [əsə]. Likeins skulle ein forvente ein [asə]-ending på dei forskjellege <daktarasse>-formene. I staden får ein [an].

Når det gjeld lengde så varierer det om eit gitt segment er langt eller ikkje i dei forskjellege formene. For [əsə]-formene har ein former som [ṣutʃes:ə] med kort [s], og [kœejərəsə] med lang [s:]. For [asə] har ein [a] som i SB-51-gaamegassee, [a:] som i LI-112-daktarasse, [s] i SB-34-gieregasse, og [s:] i BS-135-aehtjiebasse. Likeins har ein [a] i JB-67-laamtjan og [a:] i DL-9-aarnan for [an]. I utvalet er det ikkje basis for å bestemme kva ein skal rekne som det generelle tilfellet, men i korpuset generelt er det eit overtal for [s] i [əsə], [a:] for [a:n]. For [as:ə] er det

ganske lite utval av filer i korpuset, men tendensen jamt over er med lang [s:] og kort [a].

4.1.8 INESS.SG

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	rutʃɪ̃snə	GI-25-rudtjesne	A	mɪ̃sekis'næ̃	RB-87-miesiehxisnie
A	jkaðwlãsnə	ME-47-skavlesne	A	æ:redɪ̃s'næ̃	TR-49-aeriedisnie
A	skawlãsnə	ME-86-skavlesne	A	mɑ̃tərəs:næ̃	DL-83-maadterisnie
A	uənəs:næ̃	ME-47-voenesne	B	dqlvæ̃fesnæ̃	LI-2-gaske-daelviesisnie
A	sutʃẽs:næ̃	ME-39-rudtjesne	B	mɑ̃tɑ̃fæ̃fæ̃næ̃	BS-82-gåetie-maadterisnie
A	sej:əs:næ̃	RB-53-vaagka-sijjesne	B	fərəamefæ̃næ̃	SO-14-searoemisnie
A	sej:es:næ̃	RB-51-vaagka-sijjesne	A	so:hpinijsnæ̃	JB-67-soehpenjisnie
A	iərəs:næ̃	RB-135-ieresne	A	çəsəpækfæ̃næ̃	SÅ-74-jarpekisnie
A	uəsərəs:næ̃	SÅ-10-nirresne	A	miẽkəfnijsnæ̃	JB-33-miesiehxisnie
B	ka:resnə	BS-69-gaeresne	A	so:hponefæ̃næ̃	JB-67-soehpenjisnie
B	ga:resnə	BS-62-gaeresne	A	skqawlãsn	ME-61-skavlesne
A	fuẽepesnə	RB-122-fuehpesne	A	uənəs:n	SÅ-42-voenesne
A	sa:jds:næ̃	ME-31-raajrosne	A	uəajnəs:n	RB-5-reajnosne
A	iəlks:næ̃	TR-32-juelkesne	A	ta:euəs:n	RB-86-dajvesne
A	læ:jps:næ̃	SD-145-laejpesne			

Figur 4.11: Transkripsjonar, INESS.SG

Likeins som i ILL.SG kan ein ikkje forutseie kva type eit gitt substantiv inngår i i NOM.SG på bakgrunn av formene i ILL.SG. Generelt kan ein skilje mellom formene ut ifrå stavingstal: to-, tre- eller firestavingssubstantiv. Dei som er to-stavingssubstantiv sluttar på [snə], eller [øsn], til dømes SD-145-laejpesne og RB-86-dajvesne. Dei på tre stavingar sluttar på [øsnə] slik som GI-25-rudtjesne og RB-135-ieresne. 4-stavingssubstantiv skil seg frå dei øvrige ved at dei sluttar anten på [isnie] eller [iſnie], som i DL-83-maadterisnie og SO-14-searoemisnie.

For at generaliseringa ovanfor skal halde må det spesifiserast at eg for [i s/ʃ nie] reknar [eæ], [e᷑], [e᷒], [eᷓ], [eᷔ], [eᷕ], [i᷑], [i᷒], [eᷖ] i staving fire av fire som [ie] og [i], [i᷑], [e᷑], og [e] i staving tre av fire som [i]. Vidare reknast dei forskjellege vokalane som er transkriberte [ə], [ø], [ø᷑], [ø᷒], [øᷓ], [øᷔ], [øᷕ], [ɛ], [ɛ᷑], [æ] ordfinalt som [ə] for [øsnə]. I staving to av tre reknast [ø᷑], [ø᷒], [øᷓ], [øᷔ], [øᷕ], [ɛ᷑], [æ᷑] som [ə].

Eitt potensielt unntak for trestavingssubstantiva ovanfor er BS-69-gaeresne, som kunne tolkast som [isnə] heller enn [øsnə]. Her kjem eg til å sjå vekk frå dette og rekne det som generelt at dei trestava substantiva har suffikset [øsnə].

4.1.9 ELAT.SG

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
B	wootegestə [?]	VO-17-voedtegisticie	A	tʰ̥reawkəstə [?]	TR-24-treavkestie
A	pyœs:əkesteə [?]	SD-106-byössegisticie	A	tæ:lœ̥ste	SD-152-daelveste
B	meæsakes'teə [?]	MU-12-measakistie	A	rūhtʃəste [?]	SD-125-ruhtjeste
A	vɑ:rəsəstə [?]	GI-21-vaaresistie	A	lop^n:mɔstə [?]	JB-19-lopmeste
A	tʃulkəməstə [?]	GG-47-tjolkemistie	A	k̥ənu:dəstə [?]	GB-42-skrovreste
A	kæ:tʃis'teə [?]	GG-22-gadtssistie	A	sua:rəvəstə [?]	TR-30-såerveste
A	vɑ:rəfəs'teə [?]	GB-2-vaaresistie	A	pɪeləstə [?]	GB-23-sisnie-bieleste
A	n̥ænekkis'teə [?]	DL-58-njueniekistie	A	huvdəstə [?]	GG-108-hovreste
A	sia:təsəstü [?]	AD-40-sierteristie	B	sueenəstə [?]	SB-35-suejneste
B	giestə [?]	BS-27-gietste	B	sueenəstə [?]	SB-16-suejneste
A	ʃla:hpstə [?]	GG-48-slaahposte	B	jæ:vəstə [?]	ML-44-krovne-jaavvoste
A	a:hkstə [?]	ME-49-aahkestie	B	jæ:vəstə [?]	ML-23-krovne-jaavvoste
A	ðähkstə [?]	RB-160-vâhkoste	B	mæləstə [?]	ML-22-maelestie
A	tut:neste [?]	GB-31-ditneste	B	tʃø:nəstə [?]	BS-87-tjonneste
A	rufʃ:istə [?]	SD-113-rudtjeste	A	ʃkɔ:ju:təsə [?]	GB-11-skrovreste

Figur 4.12: Transkripsjonar, INESS.SG

Formene i ELAT.SG fylgjer det generelle mønsteret frå INESS.SG, med nokre få unntak. ELAT.SG har ikkje former som sluttar på konsonantar; der INESS.SG [øsn] har ikkje ELAT.SG ei tilsvarende form *[øst]. Sett vekk ifrå det er formene i INESS.SG og ELAT.SG like dersom ein erstattar [n] i INESS.SG med [t]. Ein har då dei generelle allomorfane [stə] i tostavingsord som ME-49-aahkestie, [østə] i trestavingsord som SB-35-suejneste, og [istie] i firestavingsord som GI-21-vaaresistie.

Unntaka til mønsteret ovanfor er GB-11-skrovreste, og SD-113-rudtjeste. Fyrstnemnde skil seg ut fordi den ikkje har ein [t], medan sistnemnde skil seg ut i det at den har ein [i] som nest siste vokal, noko som elles kun er tilfellet for 4-stavingssubstantiva. I det fylgjande vil eg sjå vekk frå desse to eksempla og halde meg til det generelle mønsteret ovanfor.

4.1.10 ESS/KOM.SG/INESS.PL

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	p ^h ruut ^h sene ^ø	SÅ-61-provresinie	B	ge:lønø	BS-59-geelline
A	k ^h ahp ^h kine ^ø	TR-4-guhpekinie	B	k ^h suana ^{ønø}	VO-44-kruanine
A	kiesekene ^ø	TR-8-giesehkinie	B	laejbønø ^ø	ML-33-kåalhta-laejpine
A	pyæs:ækene	TR-14-byösseginie	B	ʃta:lønø ^ø	LI-107-staeline
A	m ^h a:k ^h øp ^h ju:nø ^ø	SA-104-maakebinie	A	k ^h uløk ^h nø ^ø	SD-91-gulhkine
B	b ^h alkarinø ^ø	GA-21-balhkarinie	A	k ^h uløk ^h nø ^ø	SD-89-gulhkine
B	v ^h u:dseñø ^ø	MU-33-vaaresinie	A	ne:jip ^h ønø ^ø	SD-15-nejpine
B	f ^h u:terenø ^ø	RE-25-faadterinie	A	k ^h uløk ^h nø ^ø	SD-125-gulhkine
B	ge:seyenø ^ø	VO-18-gieseginie	A	çik ^h ønø ^ø	SD-125-aaksjone
B	pru:β ^h rø:sene ^ø	BS-73-pruvresinie	A	ve:jvønø ^ø	SÅ-20-vijvine
A	sq:lt ^h ne ^ø	SD-110-saltine	A	k ^h reat ^h ønø ^ø	JB-74-kreadtine
B	gi ^h tø ^ø	SB-33-gietine	A	te:ʃønø ^ø	GG-127-dervine
B	gi ^h tø ^ø	SB-50-gietine	A	skruwøtønø ^ø	GB-7-skrovrine
A	pia:ækø:y ^h næ ^ø	TR-5-bearkine	A	skruwøren ^h ø ^ø	GB-19-skrovrine
B	su:eremønø ^ø	VO-11-soermine	A	kir:ænø ^ø	DL-46-girrine

Figur 4.13: Transkripsjonar, ESS/KOM.SG/INESS.PL

Også i ESS¹⁰ er der eit skilje mellom likestaving og ulikestaving. Ein kan skilje mellom dei med to stavingar, som SB-50-gietine, dei med tre stavingar, som DL-46-girrine, og dei med fire stavingar, som TR-4-guhpekinie.

Dei som er tostava endar generelt med [nø], dersom ein går ut ifrå at [ɛ], [e] og [ø] alle er versjonar av same vokal, [ø]. Ein kunne, om ein kun baserte seg på tabellen ovanfor, postulere at [t] var ein del av suffikset, då det går igjen i alle formene. Men om ein ser på andre former av orda er det tydeleg at desse konsonantane inngår i rota, ikkje suffikset.

Dei som er trestava ender i hovudsak på [ønø]. Under den siste vokalen reknar eg her [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], medan [ø] i staving to av tre har dei fonetiske variantane [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø], [ø] og [ø].

Dei som er firestava ender med [inie]. Under [ie] reknar eg her [eø], [eø], [eø], [e], [e], [eø], [eø], [eø], medan [e], [i], [ø], [i], [ø] reknast som versjonar av [i].

Der er to former som skil seg ut ovanfor. TR-5-bearkine og SÅ-104-maakebinie skil seg fra dei andre ved at dei har høvevis [øyj] og [uijn] der andre firestavings-substantiv har [inø].

¹⁰Eg skriv heretter ESS som fellesnemning for ESS/KOM.SG/INESS.PL.

4.1.11 AKK/ILL.PL

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
B	voət̪kide	VO-45-voedtegidie	A	kɑ:mɑ:kideð	GG-99-daelvie-gaamegidie
B	laejkədə	VO-33-laejkide	A	kɑ:mɑ:kət̪i	GG-88-gaamegidie
A	pa:rnedə	SÂ-77-baernide	A	kɑpt̪edə	GB-42-gaptojde
B	soənədə	SO-7-soenide	A	nɔ:sənəçete	DL-52-nyjsenæjjide
B	sɔ:nədə	SO-6-bætskie-soenide	A	kɔ:rmɑ:nəj;e:t̪e	DL-52-gaarmanæjjide
A	jez̪m̪teə	SD-61-jirremidie	A	kɑ:mɑ:nəj;e:t̪e	DL-49-gaarmanæjjide
A	iɛtnepiðeə	RB-156-ietniebidie	B	moar̪də	BS-64-måaride
A	muɑ:raedə	RB-126-viedth-moeride	B	moaredə	BS-60-måaride
B	ʃe:fed̪	MU-33-sisside	B	ʃtaejned̪e	BS-116-staanjide
A	aləmɑ:t̪ʃedeə	ME-52-bovtse-almetjidie	A	oɔ:rpelēteð	AD-35-åerpelidie
B	læt̪:ðe	LI-129-ledtide	A	dɛʃkuvəd̪ə	RB-79-dilhkuvidie
A	jvæhkɔ:ide	JB-42-svæhkide	B	kɑ:mɪʃd̪ə	GA-21-gamhtside
A	tʃəlemd̪ə	JB-24-tjelmide	B	kɑ:khəsəd̪ə	ML-37-gaahkojde
A	almɑ:t̪ʃedeə	JB-131-almetjidie	A	kɑ:lkət̪e	JB-136-galhkide
B	ga:r̪mənəjede	GS-1-gaarmanæjjide	A	mɑ:r̪:nəçed̪ə	AD-8-maarhnide

Figur 4.14: Transkripsjonar, AKK/ILL.PL

Ordformene i ALL/ILL.PL har til felles det at dei sluttar på ein [VDV]-sekvens, der V står for diverse vokalkvalitar og D står for ein av konsonantane [t], [d], eller [d̪]. Basert på kvaliteten av den siste vokalen kan ein igjen dele ordformene i grupper på [ie], [ø], og dei som kan tenkjast å høre til den eine eller den andre gruppa. Ein kan dele ordformene inn i 3-, 4-, og 5-stavingssubstantiv.

Hovudtrenden er at dei som er klare representantar for [ie] er 4-stavingssubstantiv, medan dei som er klare representantar for [ø] er anten 3- eller 5-stavingssubstantiv.

Eg vil med bakgrunn i dette gå ut ifrå at suffiksa for AKK/ILL.PL er [idie] for likestava ord og [ida] ulikestava ord, og skrive dei usikre til ei av desse gruppene basert på om dei er likestava eller ulikestava.

4.1.12 ELAT.PL

Talar	IPA	Filnamn	Talar	IPA	Filnamn
A	kɑ:məfɛsteæ	GG-63-gaamesijstie	A	a:kɔ:ste	DL-88-alkijste
A	kɑ:məfɔ:s'tea	GG-2-gaamesijstie	B	zuohtʃestə	BS-153-roehtsijste
A	geɔretʃis:tea	JB-21-gierichtsijstie	B	røohtʃestə	BS-153-roehtsijste-2
A	kɑ:mʃesteæ	JB-106-gaamesijstie	A	kɔ:wlestə	GG-92-gaavlojste
A	e:jɔ:kɛʃteæ	ME-2-eejhtegijstie	A	lç:stestə	GB-44-læstojste
B	yɑ:mʃestee	GS-3-gaamesijstie	A	reak:ʃistə	SD-46-ruaksijste
B	kɑ:məsʃesteæ	GS-1-gaamesijstie	A	mieʃestə	RB-158-miesijste
B	yɑ:mʃes'tea	GS-1-gaamesijstie-2	A	jeelkestə	ME-100-juelkijste
B	e:jtagɪʃteə	RE-23-eejhtegijstie	A	kriçkestə	GB-50-gierkjiste
A	kia:rəkəstə	GB-47-gierkjiste	A	krişkəs'te:	GB-13-gierkjiste
A	kia:rəkəstə	GB-46-gierkjiste	A	tʃæk:kestə	DL-88-tsegkijste
A	tʃe:leməstə	ME-44-tjelmijste	A	tʊslɔ:jestə	DL-50-duelbijste
A	nysenəfjestə	ME-30-nyjsenaejjijste	B	liçtfes'te	BS-44-rudtje-lihtsijste

Figur 4.15: Transkripsjonar, ELAT.PL

Felles for alle formene i ELAT.PL er at dei har sekvensen [VStV] ordfinalt, der S står for [s, s^j, eller f] og V for diverse vokalar. Der verkar ikkje å vere noko strukturert skilnad i [s] vs. [s^j], slik at eg kjem til å sjå vekk frå dette skiljet her. [f] verkar kun til å opptre framfor fremre ikkje-låge vokalar, men utvalet er ikkje stort nok her til å drage konklusjonar. Med hensyn til kva kvalitet siste vokal har, er der eit skilje i to hovudgrupper, anten [ie] eller [ø], samt eit sett på fire, GB-13-gierkjiste, DL-88-tsegkijste, DL-50-duelbijste, og BS-44-rudtje-lihtsijste, som kan tenkjast å vere variantar av begge desse gruppene.

Dei prekonsonantale vokalane hjå formene som sluttar på [ie] er hovudsakleg [e], [ɛ], [i]. I tillegg har ein éin [ø]. Basert på dette vil eg her generalisere og seie at ei av suffiksformene er [is/stie].

Settet med prekonsonantale vokalar hjå dei som sluttar på [ø] er [i, e, e, ø, ø]. Basert på dette, og slutningane eg har gjort før, kunne ein postulere at der var ein variasjon mellom [i] og [ø]. Dette skal eg ikkje gjøre her. Sidan dei versjonane av schwa som er tilstade er fremre og fremre-løfta skal eg her gå ut ifrå at det er versjonar av [i], slik at den andre formen av suffikset er [istə].

Når det gjeld dei tre unntaka vil desse reknast som [istə] grunna antalet stavningar: i dei andre ordformene har ein [ie] for dei med partal stavningar og [ø] for dei med oddetal stavningar. Gitt dette, samt at der er tilsvarende distribusjon i dei andre kasusformene gir det difor meining å forvente tilsvarende fordeling her.

4.1.13 Oppsummering

Ved å samanlikne endingane til forskjellege substantiv i same kasusform har eg ovanfor kome fram til dei fylgjande endingane:

	SG	PL
NOM	a, ie, ø	a, ie, Ø
AKK	am, iem, øm	idie, idø
GEN	an, ien, øn, n	aj, ie, i,
ILL	as:ø, øsø, a:n, sø	idie, idø
	øsnø, snø, øsn,	
INESS	isnie, i:jnie	nø, ønø, inie
ELAT	stø, østø, istie	istie, i:jtie, istø
KOM	nø, ønø, inie	igø:jmie, jgo:jmie
ESS	nø, ønø, inie	nø, ønø, inie

Figur 4.16: Transkripsjonar, generaliserte suffiks

Ein fellesnemnar for alle endingane er at distribusjonen av segment varierer etter kor mange stavingar der er i ordet, eller meir spesifikt etter kor mange stavingar som ligg mellom ordgrensa og den føregåande trykkstavinga. Nedanfor er ein tabell som viser distribusjonen av endingar etter om siste staving er trykkstaving, ($\sigma\#$) , om siste staving står direkte inntil føregåande trykkstaving, ($\sigma\ \sigma\#$), eller om der er ei staving mellom trykkstavinga og den ordfinale stavinga, ($\sigma\ \sigma\ \sigma\#$).

	'σ#	'σσ#	'σσσ#
NOM.SG	-	a, ie, ø	ø
AKK.SG	-	am, iem, øm	øm
GEN.SG	n	an, ien, øn	øn, n
ILL.SG	-	a:n, as:ø	øsø
INESS.SG	-	isnie, øsn, snø	øsnø
ELAT.SG	-	istie, stø	østø
KOM.SG	-	inie, nø	ønø
NOM.PL	Ø	a, ie	Ø
AKK.PL	-	idie	idø
GEN.PL	-	aj, ie, i	i
ILL.PL	-	idie	idø
INESS.PL	-	inie, nø	ønø
ELAT.PL	-	istie, i:jtie	istø
KOM.PL	-	igø:jmie, jgo:jmie	-
ESS	-	inie, nø	ønø

Figur 4.17: Transkripsjonar, generaliserte suffiks

4.2 Intervju-data

Som nemnt i metodekapittelet var målet med intervjuet å etablere kvar /ə/ blei realisert som [ə] og kvar denne forsvann. Resultata frå desse intervjuet er oppsummert i tabellane nedanfor. For å verne om identiteten til informantane har eg vald å ikkje leggje ved desse lydklippa.


For 2-2	Informant 1				Informant 2			
	m	n	s	h	m	n	s	h
p	ə	ə	x	x				x
t	ə	x	x	x				x
k	ə	x	x					x
f	ə							
s	ə	x	ə	x				x
sj	ə	x		x				x
h								
m	ə	ə	ə	x				
n	ə	ə	ə	x				x
nj	ə							x
ng	ə	ə	ə?					x
l	ə	x	ə	x				x
r	ə	ə/x	ə	x				x
j	ə	ə	ə	x				x
v	ə	ə	ə	x				x
tj	ə	x	x	x	ts	ə	x	x
ts	x	ə	x	x	tj	ə	x	x

Figur 4.18: [ə] ~ [Ø] i staving to av to.

I tabellane ovanfor ser ein kvar KøK-sekvensar er tillatne og kvar dei ikkje er det i staving to av to. Kvar konsonant i den venstre kolonnen står for den pre-vokale konsonanten i slike sekvensar, medan [m], [n], [s] og [h] øverst står for den post-vokale konsonanten. For kvar pre-vokale konsonant er det oppført om den kan stå før ein [ə] eller ikkje gitt at [m], [n], [s] eller [h] er den post-vokale konsonanten. Om den kan det er det ført ein «ə» i kolonnen for den relevante konsonanten, om ikkje er det ført ein «x». Om ein ser på tabellen for informant 1 kan ein altså ha [pəm] og [pən], men ikkje *[pəs] og [pəh] for p-rada, medan ein for t-rada kan ha [təm], men ingen av dei andre. Dei svarte rutene indikerer sekvensar som ikkje vart undersøkte.

Tabellen til venstre gjeld for informant 1, medan tabellen til høgre er for informant 2. Begge informantane tillet [ə] i alle kontekstane der [m] er post-vokal. For post-vokal [n] er også overenstemmelse om at sekvensane *[tən], *[sən], *[ʃən] og *[tsən] ikkje er tillatne. Dei skil seg i at informant 1 var litt i tvil om ein kunne tillate [ə] for [rən], medan informant 2 tillot [rən], og at informant 1 tillot [tsən] medan informant 2 ikkje tillot den. Dei skil seg også etter om dei tillet [lən] eller ikkje; informant 1 tillet den ikkje, medan informant 2 gjer det. Elles tillet dei dei resterande sekvensane. Ingen av informantane tillot sekvensar med post-vokal [h].

Sekvensar med post-vokal [s] blei kun undersøkt med informant 1. Her blei alle sekvensane unntek med pre-vokal plosiv eller [ç] tillatne.



Figur 4.19: [ə] ~ [Ø] i staving to av tre og tre av tre.

For staving to av to og staving to av tre har ein mindre utfyllande data. For det fyrste har ein berre data frå informant 1, og for det andre har ein testa færre kombinasjonar av konsonantar. Dette er delvis grunna tidsmangel, delvis pga. at det var vanskeleg å finne ord ein kunne teste dei manglande sekvensane på.

Dataa for desse stavingane skil seg i hovudsak ikkje frå dei i staving to av to, med eitt unntak. I staving to av to tillot informant 1 [ə], medan i staving tre av tre er den same sekvensen ikkje tillede.

Kapittel 5

Teori

5.1 Om OT generelt

Rammeverket eg kjem til å bruke for å analysere dataa i oppgåva er Optimitetsteori (heretter OT). I dette kapittelet vil eg gi eit raskt overblikk over korleis OT fungerer. For meir utfyllande informasjon om OT kan lesaren sjå McCarthy(2004). Framstillinga her er inspirert av Kager(1999, s. 1-40).

5.1.1 Komponentane i ei OT-grammatikk

Ein OT-grammatikk har i tre separate modular som interagerer med kvarandre: Leksikonet, GEN og EVAL.

Leksikon

Leksikonet er modulen som inneholder innput, det som er utgangspunktet for overflateforma. I leksikonet ligg all den relevante informasjonen om leksema og dei forskjellige formene deira lagra.

I ein OT-grammatikk er der ingen avgrensingar på forma til leksikalske innlegg («entry»), sett vekk ifrå at dei må vere bygde opp av lingvistiske entitetar. Dette er eit av dei definierande trekka til ein OT grammatikk og kallast «richness of the base». Det at der ikkje er avgrensingar på underliggende form vil seie at gapet mellom den underliggende forma og overflateforma kan i prinsippet vere arbitrært stort. Det er til dømes ingen avgrensingar i teorien som hindrar ein i å postulere ein underliggende form /gitar/ for ei overflateform [kur].

GEN

GEN står for «generator» og er den modulen innput ifrå leksikonet blir mata inn i. GEN produserer eit sett med overflatekandidatar. Settet er i prinsippet uendeleg, då GEN produserer overflatekandidatar som varierer på alle måtar som er moglege frå den underliggende forma. Så til dømes for ein innput /bala/ vil GEN lage kandidatar som varierer i syllabifisering. Ein kandidat vil syllabifiserast som [.ba.la.], ein annan [.bal.a.], ein annan [.ba.l.a.] etc. til ein har

uttømt dei moglege stavingsvariasjonane. I tillegg vil GEN produsere kandidatar som varierer i segmentkvalitet, slik at ein vil også produsere [balɑ], [pala], [tala], [dala] etc. Og for kva av desse vil ein få forskjellige stavingsdelingar.

Gitt eit avgrensa sett med moglege operasjonar på underliggende form så vil settet med overflatekandidatar nødvendigvis vere finitt, men settet vil vere så stort at det er i praksis uendeleg. Det vil seie, dersom ein seier at visse ting kan skje med eit innput, men andre ikkje, så vil ein til slutt uttømme settet med moglege kandidatar for eit gitt innput. Men i prinsippet er det altså uendeleg. Dette, det at ein kan derivere ein overflatekandidat som skil seg i arbitrært stor grad frå innput, er eit anna prinsipp som definerer OT, og vert kalla «Freedom of Analysis».

EVAL

Settet med overflatekandidatar som vert produsert av GEN utgjer innputt i den neste modulen, EVAL, som står for «evaluator». EVAL er ein funksjon som vurderer alle overflatekandidatane og finn den som er «best eigna» av dei, den optimale kandidaten. Den gjer dette ved å vurdere kandidatane opp mot eit sett med krav. For kvart krav bestemmer EVAL om ein gitt kandidat bryt det. Dersom kandidaten bryt det og der er minst éin annan kandidat som ikkje gjer det, eller som bryt det i mindre grad, så blir den kandidaten som bryt kravet ekskludert som mogleg overflateform, medan den eller dei andre kandidatane som ikkje bryt kravet fortsatt reknast som kandidat.

Som eksempel, kan ein ta kravet MAX (kortform for «maximality input-output») i vurderinga av innputen /lə ga̯sɔ/. Kravet MAX vurderer om noko som var i innputen har blitt fjerna. Dersom det har det gir den ut eitt brotspunkt per ting som er fjerna. Som nemnt produserer GEN eit praktisk talt uendeleg sett med kandidatar, men om ein fokuserer på den fyrste vokalen i /lə ga̯sɔ/, så er der kun to kandidatar som er relevante når ein vurderer sletting: Anten er vokalen sletta, eller så er den ikkje det.

Nedanfor er eit tablå som viser evalueringa av dei to moglege kandidatane for kravet MAX. Den underliggende forma er i feltet øverst til venstre, med kandidatane under nummerert a., b., etc. Til høgre for den underliggende forma er krava, her MAX, og under krava er felta der kvar kandidat blir vurdert for det kravet.

	lə ga̯sɔ	MAX
a.	lə ga̯sɔ	
b.	l ga̯sɔ	*!

Figur 5.1: MAX eliminerer kandidatar som manglar underliggende segment på overflata.

I tablået ser ein at kandidat a ikkje har brote MAX, då den er identisk med den underliggende forma, medan kandidat b har brote MAX, då den ikkje har

underliggjande /ə/. Dette brotet blir representert med ein asterisk i tablået. Sidan der er ein annan kandidat som bryt kravet mindre enn kandidat b, blir kandidat b ekskludert som overflatekandidat, noko som er indikert ved utropssteiknet ved siden av asteriksen som ført til ekskluderingsa.

Eitt viktig aspekt å få fram er at det er den som bryt minimalt med kravet som unngår eliminasjon i vurderinga. Som eksempel, så kan ein sjå på vurderinga av to kandidatar som begge bryt MAX:

	lø gaəsō	MAX
a.	☒ l gaəsō	*
b.	l gaəs	* !

Figur 5.2: Krav eliminerer alle unntatt dei som bryt dei minimalt.

Både kandidat a og kandidat b bryt MAX, men kandidat b manglar to vokalar som var med i den underliggjande forma og bryt difor med MAX to gongar. Pga. det blir kandidat b ekskludert, medan kandidat a framleis er ein overflatekandidat.

Om ein no vurderer alle tre formene saman får ein det venta resultatet, kandidaten som er likast den underliggjande forma vinn, men ein får også ei lita forandring:

	lø gaəsō	MAX
a.	☒ lø gaəsō	
b.	l gaəsō	*!
c.	l gaəs	*!*

Figur 5.3: [lø gaəsō] er optimal i vurdering under MAX.

Utropsteiknet ligg etter den første asterikken for kandidat c, då ein berre treng eitt brot for å bli ekskludert, sjølv om c bryt MAX to gongar.

Det at krav kan brytast er eit sentralt aspekt av EVAL. Eit anna er prioritering av krav. Alle krava evaluerer kandidatane frå GEN, men nokre krav kjem då i konflikt, slik at ein kun kan tilfredsstille eitt av dei. Eit eksempel er MAX og ONSET. MAX milliterer som sagt mot sletting av underliggjande element. ONSET gir straffepoeng til kandidatar som har ei staving utan opptakt. I ein del tilfelle vil MAX og ONSET ikkje vere i konflikt, som ved /lø gaəsō/:

	lø gaəsō	MAX	ONSET
a.	☒ lø gaəsō	!	!
b.	l gaəsō	*!	!

Figur 5.4: MAX og ONSET er ikkje i konflikt.

Kandidat b bryt MAX og blir ekskludert, medan verken a eller b bryt ONSET, så der er inga konflikt. Om ein derimot ser på /lø ami/, så vil kandidaten som tilfredsstiller den eine bryte den andre; å ta vare på ein vokal vil føre til at ein får ei opptaktslaus staving og slik bryte med ONSET, medan å slette ein vokal for å unngå dette vil bryte med MAX:

lø ami	MAX	ONSET
a. lø.a.mi		*
b. la.mi	*	

Figur 5.5: MAX og ONSET er i konflikt.

I fransk er overflateforma [lami], så den franske grammatikken prioriterer å tilfredsstille ONSET heller enn å tilfredsstille MAX. Slik kan ein seie at MAX er rangert under ONSET, noko som blir framstilt i brødtekst ved å settje det dominerande kravet til venstre for \gg , og det dominerte til høgre: ONSET \gg MAX. I tablå markerer ein det ved å setje kravet til venstre bak ei heiltrekt linje:

lø ami	ONSET	MAX
a. lø.a.mi	*!	
b. la .mi		*

Figur 5.6: Rangeringa ONSET \gg MAX i fransk.

Krava i EVAL vert i hovudsak rekna som universelle¹, slik at språkleg variasjon kan modellerast som eit resultat av forskjellig rangering av krav i språk som skil seg frå kvarandre.

Krav vert delte inn i typar, slik at ein har to hovedtypar: Trugenkapskrav («faithfulness constraints») og markertheitskrav («markedness constraints»). Desse typane fungerer på forskjellege måtar.

Trugenkapskrav krev at der ikkje skal vere skilnad mellom den underliggjande forma og overflateforma. Eit eksempel på dette er MAX, som samanliknar den underliggjande forma og gir ut brotsmerkje for kvart segment som er i den underliggjande forma, men ikkje i overflateforma.

Markertheitskrav, derimot, tek ikkje hensyn til den underliggjande forma, men vurderer om overflateforma har ein gitt konstruksjon. For eksempel, ONSET tek ikkje hensyn til kva den underliggjande forma er, men vurderer berre om ei staving utan opptakt opptrer i overflateforma.

¹Der er nokre unntak som gjer referanse til bl. anna språkspesifikke morfem (Kager, 1999, s. 12)

Vanlegvis når det er konflikt mellom krav er det ei konflikt mellom eit trugenskapskrav og eit markertheitskrav, slik som med ONSET og MAX. Men det kan også vere ei konflikt mellom to markertheitskrav. For eksempel, dersom eit språk har ei underliggende form /bakrat/, så kan ein syllabifisere det som [bak.rat] eller [ba.krat]. Kva for ei av formene som er den optimale kandidaten vil verte bestemt av rangeringa av krava *CODA, som forbyr konsonantar i koda, og *COMPL-ONS, («No complex onset») som forbyr meir enn eitt segment i opptaktet:

bakrat	*CODA	*COMPL-ONS
a. bak.rat	*!	
b. ba. ba.krat		*
bakrat	*COMPL-ONS	*CODA
a. ba. bak.rat		*
b. ba.krat	*!	

Figur 5.7: To markertheitskrav i konflikt.

På same vis kan der oppstå konflikt mellom trugenskapskrav. Dersom ein har ein underliggende sekvens /gs/ og eit udominert krav AGR[voice], som forbyr sekvensar av segment som ikkje har same spesifikasjon for trekket voice, så må eitt av segmenta skifte spesifikasjon². Dei vil gjere det ved å anten bryte IDENT[voice]_{plos} eller IDENT[voice]_{fric}. IDENT[voice] er eit trugenskapskrav som forbyr å skifte spesifikasjon for trekket [voice]. Kva kandidat som vinn, [gz] eller [ks], vert bestemt av kva krav som er høgast rangert:

lugse	AGR-voice	IDENT-voice-plos	IDENT-voice-fric
a. lugse	*!		
b. lu lugze			*
c. lukse		*!	
lugse	AGR-voice	IDENT-voice-fric	IDENT-voice-plos
a. lugse	*!		
b. lugze		*!	
c. lu lukse			*

Figur 5.8: To trugenskapskrav i konflikt.

5.1.2 Epentese i OT - DEP

Vi har allereie sett på korleis ein modellerer sletting i OT gjennom brot på kravet MAX. No skal vi sjå på korleis ein modellerer epentese. Epentese blir analysert i OT som resultatet av krav-interaksjon. I alle tilfelle der ein har epentese er det slik at kravet DEP-IO har blitt brote. DEP-IO (heretter berre DEP) forbyr

²gitt at MAX er rangert høgre enn IDENT-voice

former som har eit segment som ikkje er til stades i den underliggjande forma. Når ein har epentese er altså DEP rangert lågare enn eit anna krav som ville blitt brote om ein ikkje epentiserte. Omvendt, så må DEP vere rangert over andre krav som blir brote når ein ikkje har epentese.

Eit eksempel på når DEP forblir ubrote er engelske *<fight>*. Den optimale kandidaten i engelsk er [fart], som bryt *CODA, men ikkje DEP:

fart	DEP	*CODA
a. fart fart		*
b. farto	*!	

Figur 5.9: Rangeringa av *CODA og DEP i engelsk.

I japansk, derimot, vil ein låne inn ordet som kandidat b ovanfor. Så i japansk må *CODA vere rangert over DEP.

fart	*CODA	DEP
a. fart	*!	
b. fart farto		*

Figur 5.10: Rangeringa av *CODA og DEP i japansk.

5.2 Posisjonell asymmetri i OT

5.2.1 Kva er posisjonell asymmetri?

I språk har ein ei potensielt uendeleg mengde med distinksjonar, men brukar kun eit begrensa subsett av desse, slik at berre ein brøkdel er distinktive i eit språk. Sameleis brukar ein ikkje alle distinksjonane i alle moglege posisjonar. I nokre språk kan ein kun ha visse vokaldistinksjonar i trykksterke stavingar, og ikkje i trykksvake, jf. diskusjonen om reduksjon i engelske *<atomic>* vs. *<atom>*, der underliggjande /æ/ og /o/ kun kjem til overflata i trykksterke stavingar. Ein har ei skeiv fordeling av distinksjonar mellom dei forskjellege posisjonane i ordet, ein posisjonell asymmetri(PoA heretter).

Der finst to forskjellege måtar å analysere posisjonell asymmetri i OT: Posisjonal trugensap («Positional faithfulness») og posisjonell markerheit («positional markedness»). Nedanfor går eg raskt igjennom desse analysemetodene.

5.2.2 Positional faithfulness vs. positional markedness

Begge analysemetodene brukar same prinsipp: Ein introduserer krav av same type som eit generelt krav, men gjer at dei kun gjeld for ein spesifikk posisjon/konstituent. Det meir spesifikke kravet kan då rangerast over eit meir generelt krav som dominerer det generelle «morkravet». Så, for eksempel, lat oss

seie at ein har eit krav X som blir dominert av eit krav Y på generell basis, men ikkje i posisjon Z. Då kan ein introdusere eit krav X_Z som ein rangerer over Y.

$$X_Z \gg Y \gg X$$

Figur 5.11: Posisjonell asymmetri, skjematiske.

Punktet dei to analysane skil seg frå kvarandre er kva type krav ein skal relativise: Trugenskapskrav for positional faithfulness og overflatekrav for positional markedness. Så, dersom eit språk slettar ein vokal i trykksvake stavingar, men tek vare på den i trykksterke, så vil ein innanfor posisjonell trugenskap forklare det som eit resultat av at MAX_σ er rangert over overflatekravet, som eg skal kalle $*V^3$ («ikkje ha ein vokal i overflateforma») medan MAX er rangert nederst.

	satara	MAX_σ	$*V$	MAX
a.	'satara		$**!*$	
b.	'satar		$**!$	*
c.	'satr		*	**
d.	'satra		$**!$	**
e.	'stara	$!*$	$**$	*
f.	'stra	$!*$	*	**
g.	'str	$!*$		$***$

Figur 5.12: Posisjonell trugenskap.

Den generelle rankeringa av $*V$ over MAX gjer at alle trykksvake vokalar blir sletta. Hadde ein berre hatt dei to, så ville den optimale kandidaten vere [str], då den ikkje bryt $*V$ i det heile teke, men med MAX_σ rangert øvst eliminerast alle kandidatane som slettar den trykksterke vokalen, dvs. kandidatane e-g. Av dei gjennståande kandidatane vil alle unntatt ['satr] verte eliminerte då dei bryt $*V$ meir enn ['satr].

Dersom ein skulle forklare det same med positional markerheit ville ein seie at dei trykklause vokalane blir sletta pga. atmarkerheitskravet er sterke der. Eg vil her bruke eit krav $*V$ «overflateformer har ikkje trykksvake vokalar» for å illustrere dette⁴. For språk der vokalar vert sletta i trykksvake posisjonar vert altså at rangeringa $*V \gg \text{MAX} \gg *V$.

³Dette kravet er kun meint for å illustrere eit interaksjonen og vert ikkje rekna som eit legitimt krav.

⁴Dette kravet er i likhet med $*V$ kun meint som ein illustrasjon.

satara	* \check{V}	MAX	*V
a. 'satara	*!*		***
b. 'satar	*!	*	**
c. 'satr		**	*
d. 'str		***!	
e. 'stara	*!	*	**
f. 'star	*!	**	*
g. 'stra	*!	**	*

Figur 5.13: Posisjonell markertheit.

Rangeringa MMAX>>*V ville gi ['satara] som optimal kandidat, då den bryt det høgst-rangerte kravet minst. Men denne kandidaten og alle andre som har trykksvake vert eliminerte av * \check{V} , sidan den er rangert over MMAX. Sidan den initiale vokal er trykksvak vert den ikkje eliminert av * \check{V} . Rangeringa MMAX>>*V gjer då at ['satr] vert den optimale kandidaten.

Kapittel 6

Analyse

6.1 Vokalane i NOM.SG

Som nemnt i datakapittelet kan ein dele substantivsformene i NOM.SG i typer basert på kva vokal dei ender på: [ie], [a], eller [ø]. Ut ifrå det faktum åleine kunne ein leggje 3 hypotesar til grunn. Ein kan tenkje seg at dei forskjellede vokalane er suffiks (grammatiske eller leksikalske) som festar seg til bundne røter, ein kan forklare dei som epentetiske vokalar, eller så kan ein tenkje seg at dei utgjer ein del av røtene, det vil seie at røtene ender på desse vokalane utan at det ligg ei systematisk tyding bak. Nedanfor vil eg argumentere for og imot desse tre analysane, før eg vel éi av dei og drøftar den nærmare.

6.1.1 Vokalar som epentese

Ein mogleg analyse av vokalane er som nemnt at dei er epentiserte. Det vil seie at ein skyt inn vokalar for å etterkome strukturelle krav til fonologisk form¹. Slike operasjonar kjem gjerne til syne når språket tek til seg nye ord frå andre språk. I japansk har ein til dømes skote inn vokalar i det engelske låneordet <Christmas> slik at det passar med krava til fonologisk form i japansk: <kurisumasu>². Når ein så ser på sørsamiske <karre> ‘kar/mann’, importert frå nordisk <kar> av same tyding, kan ein sjå fordelane med ein slik analyse. Ein kan tenkje seg at den finale vokalen i <karre> er eit resultat av ei liknande tilpassing til fonologisk form i overgangen frå norsk til sørsamisk.

I ein OT-analyse vil det seie at minst eitt, potensielt fleire, markerheitskrav vert brote ved at ein ikkje har ein vokal der. Slike krav kan ta mange former, men to potensielle kandidatar her kan vere *CODA og FT-BIN.

*CODA krev at ein ikkje har eit segment i kodaen på ei staving, slik at overflatekandidaten [ma:na] er meir harmonisk enn *[ma:n] med hensyn til *CODA, då den ikkje har ein kodakonsonant. Det same er tilfellet for FT-BIN, som krev at kvar fot har minimum 2 stavningar: *[ma:n] har éi staving og bryt slik FT-BIN,

¹Sjå Kap. 2.

²Mi romanisering av japanske katakana.

medan [ma:na] har to stavingar og slik ikkje får brotsmerke av FT-BIN. Innskotet av [a] ville derimot bryte eit anna krav, DEP-V, som krev at ein ikkje skyt inn ein vokal. I denne analysen ville ein då konkludere at DEP-V er rangert under *CODA dersom ein anser det som den utløysande årsaken, eller under FT-BIN, dersom ein ser på det som utløysande for epentese:

ma:n	*CODA	FT-BIN	DEP-V
a. ma:n	*!	*	
b. ma:n ma:na			*

Figur 6.1: Hypotese som skal avvisast - Interaksjonen *CODA/FT-BIN>>DEP-V

Om ein ser nærmare på desse krava vert det derimot klart at det ikkje kan vere *CODA som står bak vokalane. Sørsamisk tillet nemleg konsonantar i koda, som ein kan sjå frå <maana> vs. <maanan>, høvevis NOM.SG og GEN.SG av ‘barn’. Dersom det var *CODA som gjorde at ein hadde [a] i NOM.SG så ville det vere for å unngå ein [n] i koda, som er nøyaktig den situasjonen ein får i GEN.SG. Dersom det var tilfellet at CODA>>DEP-V skulle ein få [ma:nana] eller noko liknande i GEN.SG. Tablået nedanfor viser korleis den korrekte kandidaten [ma:nan] vert feilaktig eliminert av *CODA, medan *[ma:na] vert vald som optimal. Dette er feil vinnar, noko som er markert med eit bombeteikn, ~~•~~:

ma:n + n	*CODA	FT-BIN	DEP-V
a. ma:nan	*!		*
b. ma:nana		*!	**
c. • ma:na			*

Figur 6.2: *CODA er ikkje årsaka bak dei finale vokalane.

Ein kan finne rangeringar der *CODA gir rett form, og FT-BIN held sjølv om ein tek dette under betrakting, men ingen av dei kan forklare ikkje eit grunnleggjande problem med analysen: Dersom det er antal stavingar eller koda som er den utløysande faktoren skulle ein ikkje vente at ein fekk *tre* epentetiske vokalar, ein skulle heller vente éin, i alle fall under dei same fonologiske kontekstane. Kvifor skulle ein til dømes epentisere [a] for <maana> ‘barn’, men [ie] for <baenie> ‘tann’? Ein kan ikkje forklare det ut ifrå konsonantkonteksten, då begge har [n] før seg og ordgrense etter seg. Ein kan ikkje forklare det som omlydsveksling heller, då det er den andre vokalen som førar til omlydsveksling i den fyrste vokalen, ikkje omvendt (Magga og Magga, 2012, s. 22). Slik vert epentese ein uattraktiv analyse med mindre ein finn løysingar på desse problema.

6.1.2 Vokalar som suffiks

Dersom ein går ut ifrå at [ie], [a], og [ø] er suffiks, dvs. at strukturen i NOM.SG av <goetie> ‘hus’ er /goet+ie/, må ein i fyrste omgang finne ut kva tyding desse vokalane skal bere.

Grovt sett kan ein dele potensielle tydingar inn i to grupper, grammatiske og avleialende. Begge desse potensielle analysane står overfor liknande problem. Sidan settet med ord som skal ha denne tydinga er så stort vil det seie at den tydinga suffiksa skulle bere måtte vere veldig brei. Nedanfor tek eg for meg nokre kandidatar til ei slik tyding.

Dersom ein går ut ifrå at «suffiksa» er grammatiske skulle ein vente at dei samvarierte med éi eller fleire grammatiske «tydingar». To umiddelbare kandidatar er kasus og numerus, sidan dette er dei grammatiske kategoriane sørsamiske substantiv vert bøygde i. Men ingen av desse passar. For det fyrste går dei same vokalane igjen i forskjellege kasus: NOM.SG, [ma:na] vs. AKK.SG [ma:nam] vs. GEN.SG [ma:nan] av ‘barn’. Dersom [a] hadde ei tyding knytt til kasus i NOM.SG skulle ein ikkje vente å finne den igjen i både AKK.SG og GEN.SG. For det andre går dei same vokalane igjen i forskjellege numerus: NOM.SG [goetie] vs. GEN.PL [goetie] av ‘hus’. Om [ie] var knytt til tydinga «eintal» skulle ein i alle fall ikkje vente å finne den i eit ord med tydinga «fleirtal» og omvendt. Vokalane kan altså ikkje ha ei av desse to tydingane, og eg har ikkje funne andre tydingar som er breie nok til å dekkje breidda av tydingar hjå substantiva. Eg konkluderer difor at vokalane i NOM.SG ikkje er grammatiske suffiks.

Det andre alternativet under suffiksanalysen er at vokalane representerer derivasjonelle morfem, og då slike som avleiar substantiv frå andre ordklasser. Andre meir leksikalske tydingar vil ikkje vere vide nok til å femne om den breidda av tyding som fins i substantiva. Med det sagt har ikkje ein analyse med ordklasseavleiring færre problem enn ein analyse med meir leksikalsk tyding ville hatt. For dersom ein avleiar eit ord, « X^2 », frå eit anna, « X^1 », skulle ein for dei fleste « X^2 » vente å finne igjen ein « X^1 » som det blei avleidd frå. Og der finst plausible kandidatar for slike derivasjonar. Ein har til dømes i sørsamisk ortografi verbet <barkedh> ‘å arbeide/jobbe’. Samstundes har ein substantivet <barkoe> ‘arbeid/jobb’. Det er openbert at dei to orda har felles opphav, då dei er så like i form og det einaste som skil tydingane er om det er ein aktivitet vs. om det er ein ting. Ein kunne då tenkje seg at <barkoe> var avleidd av aktiviteten. Men kva ord skulle så ord som <bearkoe> ‘kjøt’, eller <maana> ‘barn’ kome ifrå dersom [a] var eit avleingssuffiks? Antalet unntak vert mykje større enn antalet som stemmer overeins med hypotesen, og ein må difor slå analysen frå seg.

Ein står då igjen med éin analyse: Vokalane er ein del av rota og ber ikkje ei spesifikk tyding. Dette vil seie at den underliggende forma til [goetie] er lik overflateforma, /goetie/. Dei forskjellege vokalane kan ha utvikla seg ifrå forskjellege kjelder og på forskjellege måtar, men dette skal eg ikkje gå inn på her. Frå eit synkront perspektiv er rot-analysen den som best forklarar dataa.


6.2 Vokalvekslingar

6.2.1 Reduksjon eller hiatussletting?

Dersom vokalane [ie], [a], og [ø] i NOM.SG er rotvokalar har det konsekvensar for korleis ein analyserer dei andre kasusformene. For om vokalane er ein del av rota, men manglar i dei andre kasusformene må ein kunne forklare kvifor dette er slik. Nedanfor skal eg fyrst diskutere variasjonen mellom NOM.SG og INESS.SG for tostava røter og skissere ein analyse som fangar denne variasjonen før eg utviklar analysen i tråd med vekslingane i dei andre kasus- og stavingsformene.

Dersom ein samanliknar NOM.SG-forma til eit substantiv med INESS.SG-forma vil ein få dette mønsteret: der NOM.SG har [ie] [a] eller [ø] har INESS.SG anten [øsnə], [snə] eller [øsn]. Ein har altså vekslinga [ie/a/ø] ~ [snə, øsn, øsnə] mellom NOM.SG og INESS.SG for dei ordformene som er likestava.

Om ein fokuserer på [øsnə]-varianten gir vekslinga, kopla med antagelsen om underliggende /ie, a, ø/, grobunn for to separate analysar. Anten er vokalen i andre staving i INESS.SG, [ø], ein eigen vokal som hører til suffikset, eller så er det ein endra versjon av rotvokalen. I det fyrste tilfellet, heretter «hiatusanalysen», er vekslinga eit resultat av at rotvokalen vert sletta og suffiks vokalen kjem til overflata. I det andre tilfellet, heretter «reduksjonsanalysen», har den originale vokalen vorte redusert til schwa. Desse analysane er illustrerte i figuren nedanfor.



Figur 6.3: To alternative analysar.

Om ein kun ser på vekslinga mellom [ie, a, ø] og [øsnə] kan begge desse analysane gi gode svar på kvifor ein får det mønsteret ein får. Men om ein skal forklare kvifor ein har variantane [snə] og [øsn] vil reduksjonsanalysen få færre problem enn hiatusanalysen. Ein kan til dømes ikkje forklare vekslinga [V] ~ [Ø] i hiatusanalysen. Nedanfor skal eg difor ta utgangspunkt i ein reduksjonsanalyse.

6.2.2 [V] ~ [ø/Ø] i tostava røter

For å fange vekslinga mellom NOM.SG og INESS.SG er der to hovudmoment ein må få med. Det eine er vekslinga mellom [ie/a/ø] i NOM.SG og [ø] i INESS.SG, og det andre er vekslinga mellom [ie/a/ø] i NOM.SG og [Ø] i INESS.SG. I denne analysen skal eg behandle begge delar som eit resultat av

éin underliggjande prosess. Det vil seie at eg reknar sletting som ei meir ekstrem form for reduksjon, eller som enderesultatet av ein reduksjonsprosess. Ein kan då seie at vokalane vert reduserte til [ə] i [øsnø], medan dei i [snø] vert reduserte til null, [Ø]. For å formalisere dette vil eg bruke eit hierarki frå Crosswhite(2004), som foreslår eit sett av fast rangerte krav som forbyr vokalar i trykksvake stavingar, rangert etter sonoritet. Desto høgare sonoritet ein vokal har, desto høgare er kravet som forbyr den i trykksvake stavingar. Krava og rangeringa deira er gjenngitt nedanfor. For å spare plass vil kvart av desse krava verte referert til som «*å» for «*Unstressed/a» osb. i tablåa:

*Unstressed/a>>*Unstressed/ε,ɔ>>*Unstressed/e,o>>*Unstressed/i,u>>*Unstressed/ə

Figur 6.4: Kravhierarki teke frå Crosswhite (2004, s. 209).

Ein kan sjå på vekslingane [ie, a, ə] ~ [ə/Ø] ut ifrå kor reduksjon og sletting skjer: [ie, a, ə] er seg sjølv overalt, unntek der dei vert reduserte til [ə], unntek der dei vert sletta. Hierarkiet til Crosswhite snur opp ned på dette: Om det får verke åleine vil hierarkiet automatisk føre til at trykksvake vokalar vert sletta. For at ein trykksvak vokal skal kome til overflata må slettinga av den vokalen innebere eit brot på eit krav som er høgare rangert enn det kravet som forbyr den vokalen. Eitt eksempel på dette er MAX-V. Dersom ein har ein underliggjande vokal /ə/, så vil den verte sletta av *ə med mindre MAX-V er rangert over og hindrar slettinga. Altså vert formuleringa slik: Alle vokalane vert sletta unntek der konteksten ikkje tillet det, då vert dei reduserte ned mot [ə], unntek når konteksten ikkje tillet *det*, då blir dei som dei er underliggjande.

Som nemnt ovanfor blir /ie/, /a/ og /ə/ nokre gongar til [ə], nokre gongar til [Ø] i staving to av tre i INESS.SG. Sidan schwa vert sletta i visse kontekstar vil det seie at det generelle kravet MAX-V er rangert under *ə. Men vokalane vert ikkje sletta i alle kontekstar. Nokre gongar vert dei reduserte til schwa. Altså må der vere minst eitt krav som er rangert over *ə og hindrar at ein slettar vokalane heilt. For å analysere dette må ein først identifisere konteksten der ein reduserer vokalane til [ə] heller enn å slette dei. Dette skal eg kome tilbake til seinare. Sidan årsakene bak ei slik sletting kan vere komplekse og bestå av fleire krav vil eg enn så lenge, bruke eit plasshaldarkrav «*SETT» for å vise interaksjonen. *SETT er då ein variabel for alle dei potensielle krava som hindrar sletting i kraft av å vere rangerte over *ə. *SETT kan altså stå for éitt einsleg krav, til dømes AGREE[x], der [x] står for eit trekk eller ein node, eller så kan det stå for eit heilt sett med rangerte krav. Interaksjonen er vist i tablået nedanfor:

goetie+snie	*ă	*i	*SLETT	*õ	MAX-V
a. goetiesnə		*!		*	
b. goetəsnə				* *	
c. goet goetsnə				*	*
ma:na+snie	*ă	*i	*SLETT	*õ	MAX-V
a. ma:nasnə	*!			*	
b. ma: ma:nəsnə				* *	
c. ma:nsnə			*!	*	*

Figur 6.5: Interaksjonen som hindrar sletting med det midlertidige *SLETT.

Tablået ovanfor viser korleis trykksvake /ie/ vert sletta³ mellom /t/ og /s/, medan /a/ ikkje vert det pga. *SLETT. Dersom det ikkje hadde vore der ville ein få forma [ma:nsnə] for /ma:na/. Tablået viser også korleis /a/ vert redusert til [ə]: Kravet *ă er rangert over *õ, slik at trufaste *[ma:nasnə] vert eliminert, medan mindre trufaste [ma:nəsnə] kjem til overflata. Med dette kan ein modellere reduksjonen av vokalar i andre staving i ord som <maanesne> og slettinga i <gåetesne>. Men grammatikken ville også redusere og slette desse same vokalane i NOM.SG og dei andre kasusa der vi veit at dette ikkje skjer:

goetie	*ă	*i	*SLETT	*õ	MAX-V
a. goetie		*!			
b. goetə				*!	
c. goet					*

Figur 6.6: Grammatikken slettar feilaktig vokalen i NOM.SG.

Kvifor reduserer/slettar ein så ikkje /ie/ i NOM.SG, men i INESS.SG? Slettinga i INESS.SG er klårt avgrensa av konsonantkonteksten⁴, slik at ein kan mistenkje at ein ikkje slettar/reduserer fordi ein ikkje har den rette konsonantale konteksten i NOM.SG: /ie/ vert sletta mellom [t_s] i [goetsnə], medan i NOM.SG er konteksten [t_#] og /ie/ vert difor ikkje sletta. Men om ein ser på GEN.SG-forma får ei slik forklaring problem: ein har ein konsonantal kontekst som tillet sletting i trestava former, [t_n]⁵, men framleis inga sletting: [goetien] vs. *[goeten]. Det må altså vere noko anna enn berre konsonantkonteksten som hindrar sletting i dei tostava formene.

Ein ting som skil /ie/ i NOM.SG og i INESS.SG er at i fyrstnemnde er vokalen ordfinal, medan i sistnemnde er den ikkje det. Dette er relevant fordi ordfinale stavingar er ein «sterk posisjon»: Segment i ordfinale stavingar viser ein tendens til å vere meir trufaste mot den underliggende forma enn vokalar i andre posisjonar (Walker, 2011, s. 22-24). Ein kan då hypotisere at /ie/ og /a/ vert

³Eg overser her den finale /ie/. Dette kjem eg tilbake til nedanfor.

⁴Sjå nedanfor.

⁵Jf. [giētnə], ESS av <giete> ‘hand’.

reduserte i staving to av tre fordi dei generelle krava Ident-[high] og Ident[low], som ville hindra reduksjon av høvevis /ie/ og /a/ om dei var høgtrangerte, er rangert under *ă og *í, medan dei same vokalane i NOM.SG ikkje vert reduserte fordi dei er i ein sterk posisjon. Dette er formelt uttrykt i teorien om «positional faithfulness», som skil ut spesialiserte former av meir generelle krav for sterke posisjonar.

Krava eg brukar her er MAX-FINAL[high] og MAX-FINAL[low] (begge forkorta til MAX-F nedanfor). Desse er versjonar av MAX-FINAL[F], «dersom eit underliggjande segment er spesifisert for eit trekk [F], skal det ha den same spesifikasjonen for [F] om det opptrer i ei ordfinal staving». Eg har her brukt [high] og [low] for å hindre slettinga av høvevis /ie/ og /a/, men nøyaktig kva trekk det er som hindrar reduksjon for kvar av vokalane er ikkje så lett å seie utan å undersøke dette nærmare. [high] og [low] verkar likevel som plausible kandidatar for slike trekk og er det eg kjem til å bruke her. MAX-FINAL[low] må vere rangert over *ă, elles vil *ă redusere /a/ i NOM.SG, og MAX-FINAL[high] må vere rangert over *í for tilsvarende grunn.

goetie	MAX-F[low]	*ă	MAX-F[high]	*í	*SLETT	*õ
a. goetie goetie				*		
b. goetə			*!			
c. goet			*!			
ma:na	MAX-F[low]	*ă	MAX-F[high]	*í	*SLETT	*õ
a. ma:na ma:na		*				
b. ma:nə	*!					
c. man:	*!					

Figur 6.7: Grammatikken verken slettar eller reduserer /ie/ eller /a/ i NOM.SG.

Som det går fram av tablået ovanfor vert både *[goetə] og *[goet] eliminerte i NOM.SG: Dei slettar begge det underliggende [high] trekkjet til /ie/ når den er ordfinal. Dette bryt med MAX-FINAL[high], som er rangert over *í og difor vert desse kandidatane eliminerte før [goetie]. Det same er tilfellet for [ma:nə] og [ma:n], berre at dei bryt MAX-FINAL[low] heller enn MAX-FINAL[high]. I INESS.SG er situasjonen ein annan.

goetie+snie	MAX-F[low]	*ă	MAX-F[high]	*i̯	*SLETT	*ɔ̄
a. goetiesnə				*!		*
b. goetəsnə						* *
c. goet goetsnə						*
ma:na+snie	MAX-F[low]	*ă	MAX-F[high]	*i̯	*SLETT	*ɔ̄
a. ma:nasnə		*!				*
b. ma: ma:nəsnə						* *
c. ma:nsnə					*!	*

Figur 6.8: Grammatikken slettar /ie/ og reduserer /a/ i INESS.SG.

Sidan /ie/ ikkje er ordfinal⁶ blir den ikkje redda av MAX-FINAL[high] som i NOM.SG. Kandidaten med [ie] blir slik eliminert av *i̯. Den reduserte kandidaten [goetəsnə] vert eliminert fordi der er ein kandidat som bryt *ɔ̄ mindre, nemleg [goetsnə]. /a/ i /ma:na+snie/ blir heller ikkje verna, då den ikkje er ord-final. Men i kontrast til /goetie+snie/ vil slettinga av den andre vokalen bryte med *SLETT og kandidaten *[ma:nsnə] blir difor eliminert.

Med dette reduserer/slettar ein /ie/ og /a/ berre der ein skal, i INESS.SG, og let dei vere i NOM.SG, GEN.SG og andre kasus der dei er ordfinal. /ə/ vert framleis sletta i GEN.SG, då den er ein trekklaus vokal og ikkje vert «redda» av dei høgtrangerte MAX-FINAL-krava, sjølv om den er i den siste stavinga av ordet. Men av same grunn vert den også framleis sletta av grammatikken i NOM.SG, noko som ikkje er støtta av dataa.

a:tə	MAX-F[low]	*ă	MAX-F[high]	*i̯	*SLETT	*ɔ̄	MAX-V
a. a:tə						*!	
b. a: a:t							*

Figur 6.9: Grammatikken slettar feilaktig /ə/.

Eg hypotiserer at /ə/ ikkje vert sletta i NOM.SG fordi dette ville føre til at ein bryt FT-BIN. FT-BIN gir som sagt brotsmerke for kvar fot som ikkje er binær, dvs. som har meir eller mindre enn to stavingar. Dersom ein slettar /ə/ i /a:tə/ vil ein få éi staving, og slik bryte FT-BIN⁷.

gietə	FT-BIN	*ɔ̄	MAX-V
a. gi gietə		*	
b. giet	*!		*

Figur 6.10: Grammatikken slettar ikkje ord-final /ə/ fordi den bryt FT-BIN.

⁶Her òg ser eg vekk ifrå den finale /ie/.

⁷Dette er gitt at sør-samiske føter er syllabiske trokéar.

Slik utelukkar ein slettinga av /ə/ i NOM.SG. Men, av same grunn ville rangeringa ovanfor utelukke [gietn], då ein slettar den andre vokalen og får eit ord med éi staving. Dette er strid mot det eg konkluderte ovanfor: Ein slettar ikkje /ə/ i NOM.SG av /a:tə/ for å unngå ein ein-stava fot, men tillet samstundes den ein-stava foten i GEN.SG av /gietə+n/ ved å slette /ə/.

Ein måte å forstå dette på er å gå ut ifrå at [gietn] faktisk har to stavingar, ikkje éi, og at overflateforma til /gietə+n/ faktisk er [gie.tn], ikkje *[gietn]. Der finns gode grunnar til å gå ut ifrå ein slik analyse, som eg skal vise i 6.2.3 nedanfor.

6.2.3 Stavingstal

Dersom ein ser på suffiksa i INESS.SG, ELAT.SG, og ESS er der ein klår distribusjon mellom former som sluttar på [ie] og dei som sluttar på [ə]. Generelt er dei som sluttar på [ie] alltid likestava ordformer, medan dei som sluttar på [ə] er ulikestava. For [ie]-formene er generaliseringa ovanfor alltid sann, men for dei med [ə] er der to unntak: Når den fyrste av vokalane vert sletta, som i INESS.SG [sno], og når den andre vokalen vert sletta, som i INESS.SG [əsn]. Ein har altså eit klårt distribusjonelt skilje mellom [ie] og [ə] unntekene i dei tilfella der ein slettar ein vokal. Det vil då innebere vesentleg forenkling dersom vi forstår det som at dei ordformene som er «likestava» med sletta vokal faktisk er ulikestava med ein syllabisk konsonant. Det vil seie at <goetesne> er tre-stava og ikkje burde verte transkribert som [goetsnə], men som [goetsnə].

At det er /s/ som skal rekna som syllabisk er ikkje noko som fylgjer automatisk dersom <goetesne> rekna som tre-stava. Språk vil gjerne ha det mest sonore segmentet som stavingskjerne, og nabosegmentet, /n/, er meir sonort enn /s/. Kan det ikkje då vere at <goetesne> er [goet.sn.ə]? Der er to ting som talar imot ein slik analyse. Det eine er at dersom /n/ blir syllabisk, vil den fylgjande vokalen bli utan ei opptakt, noko ein unngår med /s/ som stavingskjerne, for då kan /n/ tene som opptakt for den fylgjande vokalen. Det andre er at /s/ må rekna som stavingskjerne i ELAT.SG, der ein ikkje har meir sonore nabosegment: [goeststə]. Om ein likevel tillet [s], gir det også meinig at ein ville prioritere å få opptakt for den tredje stavinga i INESS.SG.

Syllabiske konsonantar ville også hjelpe med å forklare eit anna avvik mht. stavingar, nemleg mangelen på einstava substantiv. For alle kasusformene er det slik at dersom dei er likestava så er dei anten 2-, 4-, eller 6-stava, og om dei er ulikestava så er dei anten 3-, 5- eller 7-stava. Der er to unntak til dette: GEN.SG- og NOM.PL-formene for substantiv som er tostava og endar på /ə/ i NOM.SG. Faktisk er det ganske sjeldent med einstava ord i sørsamisk generelt(REF). Dei som avvik frå dette er i hovudsak funksjonsord og andre grammatiske partiklar. Det verkar då merkeleg at kun denne veldig avgrensa gruppa med leksikalske ordformer skulle vere einstava. Då er det lettare å gå ut ifrå at desse ordformene faktisk er tostava og har ein syllabisk konsonant som stavingskjerne i staving to. Denne antakelsen er lettare å gjere for GEN.SG enn for NOM.PL, då der er lite eller ingen indikasjon på at der er eit segment der som kan vere syllabisk i det heile i NOM.PL. Dette er ei alvorleg innvending som eg skal diskutere seinare i seksjon 6.2.5.

Til sist kan ein sjå på formene i GEN.PL. I dei føregåande avsnitta har eg diskutert avvik i antal stavingar og forklart desse med at der vokalar vert sletta tek ein konsonant over som stavingskjerne. I GEN.PL er denne prosessen heilt klår. For /a/-finale røter får ein forma [aj]. Ein kan då postulere underliggjande /j/ for GEN.PL-suffikset. /ə/-finale røter får ingen [j], men dei får den syllabiske motparten, [i] på slutten av ordet. Dette speglar mørsteret frå dei tidlegare diskuterte mørstra fullstendig, og her kan ein ikkje vere i tvil om at den påfylgjande konsonanten har vorte syllabisk, då den har vorte ein vokal.

Basert på det som har vorte diskutert ovanfor vil eg konkludere at når ein slettar ein vokal i sørsamisk er det berre i dei tilfella der den påfylgjande konsonanten kan verte stavingsnukleus i staden for vokalen som vert sletta. Eg vil då bytte ut *SLETT med eit litt meir presist, men framleis ad-hoc-krev SYLL-K «syllabisk konsonant» som gir eit brotsmerke til kandidatar for kvar vokal som vert sletta der den fylgjande konsonanten ikkje kan verte syllabisk av ein eller annan grunn. I likhet med *SLETT kan SYLL-K gøyme meir enn eitt krev og forskjellelege typar krev. Nøyaktig kva som bestemmer om den fylgjande konsonanten kan verte syllabisk eller ikkje skal eg diskutere nøyare i seksjon 6.2.5.

Vi har no ein grammatikk som med visse etterhald kan gjere greie for vekslingane i andre staving til to/likestava stammer i GEN-, INESS-, ELAT.SG, NOM- og GEN.PL og ESS: Hierarkiet til Crosswhite(2004) slettar alle vokalar, unntek der SYLL-K, FT-BIN, MAX-FINAL[high], eller MAX-FINAL[low] hindrar det. I dei tilfella der dette skjer vert /ie/ og /a/ reduserte til [ə] unntek i slutten av ord⁸:

	MAX-F[low]	*ā	MAX-F[high]	*ī	FT-BIN	*ə
a.	goetie			*		
b.	goetə			*!		*
c.	goet			*!	*	
a.	ma:na		*			
b.	ma:nə	*!				*
c.	ma:n	*!			*	
a.	gietə					*
b.	giet				*!	

Figur 6.11: NOM.SG for /goetie/, /ma:na/ og /gietə/.

⁸I tablået for INESS.SG har eg utelete MAX-FINAL-krava, då dei ikkje blir brotne uansett.

	*ă	*í	FT-BIN	SYLL-K	*õ	MAX-V
a. goetiesnə		*!			*	
b. goetəsnə					* *	
c. goetsnə					*	*
a. ma:nasnə	*!				*	
b. ma:nəsnə					**	
c. ma:nəsnə				*!	*	*
a. gietəsnə					* *	
b. gietsnə					*	*

Figur 6.12: INESS.SG for /goetie/, /ma:nə/ og /gietə/.

6.2.4 Reduksjon i staving tre av tre

I denne seksjonen skal eg fokusere på dei ordfinale vokalane i INESS.SG, ELAT.SG, og ESS. Som nemnt ovanfor kan ein dele suffiksa inn i grupper etter kor mange stavingar dei har: Dersom dei har eit partal stavingar endar dei på [ie], jf. [ga:.mø.gi.snie], og dersom dei har eit oddetal stavingar endar dei på [ə], jf. [ma:.nø.snə]. For alle desse para er vokalane forskjellelege, men konsonantane er dei same for kvar kasusform, [isnie/əsnə] for INESS.SG, [istie/əstə] for ELAT.SG., [inie/ənə] for ESS. Vi har sett at ein har reduksjon av /ie/ og /a/ i andre av tredje staving. Det er då nærliggjande å mistenkje ei liknande årsak bak vekslinga i siste staving av kasussuffiksa.

Ein skulle gjerne kunne forklare denne reduksjonen på same måte som i andre staving. Men denne reduksjonen skil seg på ein vesentleg måte ifrå den i andre staving. Tidlegare forklarte eg at ein ikkje reduserer /ie/ i NOM.SG fordi den er ordfinal der. Men her har ein ordfinal /ie/ som vert redusert som om den ikkje var i siste stavinga i ordet. Sett i isolasjon ville dette implisere at MAX-FINAL[high] er rangert under *í. Men NOM.SG-formene impliserer den motsette rangeringa.

goetie+snie	MAX-F[high]	*í	SYLL-K	*@	MAX-V
a. goetiesnie		**!			
b. goetiesnə	*!	*		*	
c. goetiesn	*!	*			*
d. goetsnie		*		*	
e. goetəsnə	*!			**	
f. goetəsn	*!			*	*


Figur 6.13: MAX-FINAL[high] \gg *í gir feil form i INESS.SG.

Alle formene utan ordfinal [ie] vert eliminerte av MAX-FINAL[high]. Den einaste måten ein kan få den rette overflateforma er då om ein slår ut dei kandidatane som ikkje vert eliminerte av MAX-FINAL[high] før dei andre kandidatane vert eliminerte. Ein måte å gjere dette på er å omrangere MAX-FINAL[high] og **i*. Då vil kandidat a. og d. ovanfor verte eliminerte, og den rette forma vil bli vald som optimal. Men dersom ein gjer dette vil overfltekandidaten i NOM.SG bli ekskludert:

goetie	* <i>i</i>	MAX-FINAL[high]	SYLL-K	* <i>ə</i>	MAX-V
a. goetie	*!				
b. goete		*		*	
c.  goet		*			*

Figur 6.14: **i* >> MAX-FINAL[high] gir feil form i NOM.SG.

Uansett korleis ein rangerer desse to krava i den noverande grammatikken vil ein kome til ei rangering som gir feil form anten i NOM.SG eller i INESS.SG. Frå dette konkluderer eg at ein må skille mellom dei ordfinale stavingane i likestava former og dei i ulikestava former. Gitt at ein opererer med syllabiske trokéar, som eg har gjort tidlegare i oppgåva vil skilnaden mellom ordfinale /ie/ i NOM.SG og INESS.SG vere fot-intern vs. fot-ekstern:



Figur 6.15: Fotstrukturen til <goetie> vs. <goetiesnie>

For å spegle dette skal eg postulere eit sett krav som er identisk med hierarkiet til Crosswhite ovanfor sett vekk ifrå at det kun gjeld for stavingar utanfor foton. Desse krava er presenterte nedanfor. I likhet med det originale hierarkiet frå Crosswhite skal eg forkorte desse - *Ufota/X blir skrive som *<X>.

*Ufota/a>>*Ufota/ε,o>>*Ufota/e,o>>*Ufota/i,u>>*Ufota/ə

Figur 6.16: *Ufota-hierarkiet, tilpassa etter Crosswhite(2004, s. 209).

Med desse krava kan ein modellere vekslingane i dataa. Vi brukar det originale hierarkiet, med MAX-V rangert under **ɔ*, slik at ein får reduksjon av alle trykksvake vokalar og sletting der dette ikkje er blokkert av SYLL-K. MAX-FINAL[low] er rangert over **ă* og MAX-FINAL[high] over i slik at /ie/ og /a/ ikkje vert reduserte ordfinalt. For å unngå at også den ordfinale /ie/ i <goetesne> ikkje blir beheldt rangerer ein så *<i> over MAX-FINAL[high]. Kandidatar med final [ie] vil då verte ekskluderte fordi dei bryt *<i>:

goetie+snie	*<i>	MAX-FINAL[high]	* <i>ǐ</i>
a. (goetie)snie	*!		
b. (goetie)snə		*	*!
c. (goetə)snie	*!		
d. (goetə) snə		*	

Figur 6.17: *<i> gir rett form i INESS.SG

Med denne rangeringa kan ein på ein generell måte fange reduksjonen i staving to av tre, mangelen på reduksjon i staving to av to, og reduksjonen i staving tre av tre. Vi kan då gå vidare til nokre av dei andre kasusformene enn dei vi har sett på til no, og behandle nokre fakta som tilsynelatande går imot det vi har konkludert her.

AKK/ILL.PL og GEN.PL

Den noverande grammatikken gjer det slik at dersom ein vokal er i staving to av tre, eller i staving tre av tre, så vil den automatisk verte omgjort anten til schwa, eller så vil den verte sletta. Ein ser dette i begge dei trykklette vokalane i /goetiesnie/, som blir til [goetsnə]. Basert på dette skulle ein ikkje vente formene i GEN.PL, AKK/ILL.PL og ELAT.PL, som alle har ein [i] i ein av desse posisjonane. Ein må kunne gjere greie for kvifor desse formene er tillatne, men ikkje dei andre som vi allereie har eliminert.

AKK/ILL.PL og ELAT.PL har høvevis formene [idə] og [istə] i ulikestava former, dvs. med ein [i] i staving to av tre. Kvar kjem desse [i]-ane ifrå? Eit alternativ er at det er ein redusert versjon av ein rotvokal. Men dette gir ikkje mykje mening. For det første er der ikkje mindre grunn til å redusere ein rotvokal i ELAT.PL enn det er i ELAT.SG, som har identisk form med ELAT.PL sett vekk ifrå [i]-en. For det andre kjem [i]-en til overflata også i ord som har [a] som rotvokal. [i] i overflateforma må altså kome ifrå suffikset. Eg går her ut ifrå ein underliggende form for suffiksa: /idie/ for AKK/ILL.PL og /istie/ for ELAT.PL.

Dersom ein brukte innputten /goetie+istie/ ville grammatikken framleis produsere [goetsnə], då både rotfinale /ie/ og suffiksinitiale /i/ er trykklause vokalar og slik bryt **ǐ*.

goetie+istie	* <i>i</i>	SYLL-K	* <i>ə</i>	MAX-V
a. goe.tie.i.stə	*!*			
b. goe.tie.stə	*!			
c. goe.ti.stə	*!			
d. goe.tə.stə			*!	
e. goe.ts.tə				*

Figur 6.18: Grammatikken spår feil vinnar for ELAT.PL.

I tablået ovanfor har eg utelate fleire krav for å gjere det meir oversiktig. Det viktige er at /i/ vert sletta på same måte som /ie/, då den er trykksvak og ikkje ordfinal. Ein kunne teke vare på /i/ ved å sørge for at den blei trykksterk, som i [goe.tie.i.stie]. Då ville ein ikkje slette /i/ sidan den var trykksvak lenger. Dette alternativet skal eg sjå vekk ifrå her, men kome tilbake til seinare, då det utgjer eit problem for analysen i nokre tilfelle. Foreløpig skal eg ta ein trestavingsstruktur for gitt og fokusere på kvifor /i/ kjem til overflata.

/i/ er, i motsetning til /ie/, ein morfem-initial vokal. Ifylgje (Walker, 2011, s. 18-22) er dette, i likhet med slutten av ordet, ein sterk posisjon. Vi kan då seie at /i/ ikkje vert sletta fordi den er i ein sterk posisjon. Vi fangar dette i grammatikken ved å rangere eit krav MAX-INIT[high], over **i*. MAX-INIT[high] forbyr sletting av trekket [high] når det er ein del av eit morfem-initiale segment. /i/ i /istie/ er morfem-initialt og sletting/reduksjon av /i/ til [ə] eller [Ø] vil difor bryte det. Sidan MAX-INIT[high] er rangert over **i* vil ein ikkje redusere eller slette /i/, og den kjem til overflata som [i]:

goetie+istie	MAX-INIT[high]	* <i>i</i>	SYLL-K	* <i>ə</i>	MAX-V
a. goe.tie.i.stə		* *			
b. goe.tie.stə	*!	*			
c. goe.ts.tə		*			
d. goe.tə.stə	*!			*	
e. goe.ts.tə	*!				*

Figur 6.19: MAX-INIT[high] tek vare på /i/.

Med denne analysen på plass kan ein lett utvide den til å gjere greie for formene i GEN.PL. Dei røtene som endar underliggjande på /ə/ har [i] som siste vokal, både i likestava og i ulikestava former. Dei likestava formene vil allereie få rett overflateform med rangeringa ovanfor, då /j/ er morfem-initial, og ordfinal innanfor ein fot til dømes i ord som <bodti>, GEN.PL av ‘stund’. Der blir den beskytta frå **i* både av MAX-INIT[high] og MAX-FINAL[high].

Dei ulikestava formene av GEN.PL vil /j/ derimot ikkje bli beskytta av MAX-FINAL[high], då den er rangert under *<i>. Fylgjeleg må ein rangere MAX-INIT[high] over *<i> for at /j/ skal kome til overflata som [i]. Tablået nedanfor viser korleis MAX-INIT[high] vernar om trekka til GEN.PL-suffikset /j/. I den underliggende forma har eg skrive den siste vokalen som V. Dette er fordi det ikkje er openert kva den underliggende vokalen er. Dette blir diskutert nedanfor.

ga:məgV+j	MAX-INIT[high]	*<i>	MAX-FINAL[high]
a. ga:məgi gaxməgi		*	
b. gaxməgə	*!		*
c. gaxməg	*!		*

Figur 6.20: MAX-INIT[high] vernar /j/.

Ovanfor skreiv eg at det ikkje er så enkelt å seie kva vokal den siste rotvokalen i trestava former er underliggende. I NOM.SG har desse ein final [ø], slik at ein kan postulere /ø/. Men i likestava former, som i INESS.SG, har dei ein [i] på tilsvarannde plass, jf. [ga:məgə] og [ga:məgisnie], høvevis NOM.SG og INESS.SG av ‘sko’. Korleis skal ein tolke dette? Ein kan seie at [i] i INESS.SG er rotvokalen. Det vil seie at [ø] i NOM.SG er ein redusert versjon av /i/. Dette er ein analyse som passar godt inn i analysen så langt. Grammatikken ovanfor vil automatisk produsere [ga:məgə] av underliggende /ga:məgi/, slik at ein ganske enkelt kan forklare denne vekslinga.

Eit anna alternativ kunne vere å gå ut ifrå at underliggende /ø/ vert forsterka i trykksterk staving. Men sidan ein kan forklare variasjonen med den noverande grammatikken skal eg ikkje gå nærrare inn på det her.

6.2.5 «SYLL-K»

Basisen for analysen er at hierarkiet til Crosswhite (2004) slettar alle vokalar med mindre noko hindar det ved å vere rangert over *ø. Nedanfor skal eg drøfte kva desse krava kan bestå av. Eg kjem då berre til å referere til det siste kravet i hierarkiet, *ø, då det kun er rangeringa i høve til det som avgjer om noko vert sletta. Rangering i høve til dei høgare rangerte krava i hierarkiet vil bestemme om noko vert redusert, men det er rangeringa i høve *ø som avgjer om ein vokal vert sletta.

Eit fundamentalt premiss for analysen som har blitt presentert ovanfor er at i dei tilfella der /ie/, /a/ og /ø/ ikkje vert sletta, men heller vert reduserte til [ø] og ein ikkje kan grunne dette i andre faktorar, så er dette fordi ein ikkje tolererer ein syllabisk konsonant i desse kontekstane: Når /maana+snie/ ikkje har forma *[ma:nṣnø], så er det fordi sekvensen *[nṣ] ikkje er tillaten.

Om ein ser på GEN.PL-suffikset /j/ verkar dette til å vere tillate i alle tilfelle der ein har ein /ə/ før /j/. For syllabisk [s] og [n] verkar der derimot til å vere klare avgrensingar. Dersom ein har ein syllabisk [n] er den føregåande konsonanten anten ein plosiv eller ein frikativ. For [s] er den føregåande konsonanten alltid ein plosiv.

Zec(2007, s. 187-91) diskuterer sonoritetsavstand mellom nabosegment. Ho set obstruentar(O), nasalar(N) og likvidar(L) på kvar sine sonoritetssteg, høvevis 3, 2, og 1. Avstanden mellom konsonantane i ein OO-sekvens er då 0, medan i ein ON-sekvens har ein avstand på 1, og OL har ein avstand på 2. Zec foreslår at språk varierer i kor store steg som må vere mellom nabokonsonantar, kva som er «minimal sonority distance» (MSD). Ein kan då postulere at MSD for sørsamisk er 1 i opptakt-nukleus-sekvensar, dvs. at i ei konsonantklyngje K₁K₂ der K₂ er i nukleus, må K₁ vere minst eitt sonoritetssteg under K₂, elles så bryt ein MSD. Ved å rangere MSD over *ə vil ein hindre sletting i konteksten /FəF/, /NəN/ osb., men framleis tillate det i /PəN/, /FəN/ og /PəF/.

Framgangsmåten ovanfor er ikkje upproblematiske. Zec brukar MSD for å karakterisere tilhøvet mellom konsonantar, der begge er utanfor nukleus. Ved å bruke MSD for tilhøvet mellom opptakt og nukleus legg eg implisitt til grunn at eit liknande tilhøve gjeld mellom desse som mellom dei i same syllabiske kontekst (som mellom konsonantar i opptakt). Det er ikkje sikkert at dette er tilfellet.

For syllabisk [n] er det også slik at dersom den føregåande konsonanten er ein plosiv, så må den samsvare i artikulasjonsstad med nasalen. Ein har altså [tn], men ikkje *[pn]. Dette gjeld ikkje for frikativane, som kan ha [p, t, k] før seg og framleis vere syllabisk.

Sidan plosivane og nasalane må samsvare gir det intuitivt mening å kople ein forklaringsmodell opp mot kravet AGREE, som gir eit brotsmerke for kvart segment som har ein annan verdi for eit gitt trekk enn nabosegmentet, dvs. for kvart par med segment som ikkje samsvarar for eit gitt trekk. Ein kunne sjå for seg at [ə] ikkje vert sletta for å unngå ein slik sekvens, eller for å hindre brotet på eit av IDENT-krava for place gitt rangeringa AGR[place]>>IDENT[place].

Begge desse hypotesane kan ein sjå vekk ifrå, då AGREE vert brote i sekvensane [ps] og [ks]. Dette vil seie at ein heller vil bryte AGREE enn å ha ein trykklett schwa. Altså er *ə rangert over AGREE:

	*ə	AGREE[place]
a. pəs	*	
b. pəs ps		*


Figur 6.21: AGREE er rangert under *ə.

Ein kunne innvende at sidan [s] er i stavingskjerna så er den ikkje nabo åt den føregåande plosiven og kjem difor ikkje under effekten til AGREE. Men om det er tilfellet for [s] er det også tilfellet for [n] og hypotesen ville då miste all forklaringskraft.

Sidan *ə er rangert over AGREE kan heller ikkje IDENT-krav fungere som forklaring. For dersom IDENT-krava er rangerte over AGREE vil ein unngå å forandre på trekka, og dersom IDENT-krava er rangerte under AGREE er dei også rangerte under *ə slik at brot på [place] er å foretrekkje over å ha trykklaus [ø].

Eit anna alternativ er å anta at plass-samsvaret ikkje er den direkte utløysande faktoren, men heller eit bi-produkt av ein annan prosess. Dei motiverande faktaa bak ein slik analyse er det at samsvaret kun gjeld mellom konsonantar som er [-continuant]. Dersom ein antek, slik som Van de Weijer(1992, s. 137), at [place]-noden er dominert av [continuant]-noden kan ein modellere samsvaret i plass som eit resultat av interaksjonen mellom to motstøyande [-cont]-nodar.

Dersom ein har ein PN-sekvens med to separate [-cont]-nodar etter kvarandre vil det stride mot OCP, som forbyr to like nodar atmed kvarandre. Ei løysing på dette er å slette ein av [-cont]-nodane. Dette vil bryte med IDENT-kravet for den relevante noden. Eit svar er då å spreie den andre [-cont]-noden til segmenetet som sletta sin [-cont]-node, og slik supplere trekk for det. Sidan [place]-noden er dominert av [-cont] vil ei slik spreiling innebere at segmentet tek over plass-spesifikasjonane til det spreiane segmentet.



Figur 6.22: Spreiing av [place] gjennom spreiing av [-cont].

Gitt rangeringa OCP>>Ident[place] vil ein alltid slette ein av [-cont]-nodane og spreie den overlevande [-cont]-noden. Eg går her ut ifrå at MAX[-cont.] er så lågrangert at det ikkje har innverknad på vekslingane. Sidan [place]-noden er dominert av [-cont]-noden vil det seie at når to [-cont]-segment kjem i kontakt, så kjem ein av dei til å få dei same spesifikasjonane for [place] som nabosegmentet: Dersom til dømes underliggjande nasal kjem i kontakt med ein underliggjande plosiv vil OCP>>Ident[place] gjere at ein slettar [-cont] og begge segmenta delar éin [-cont]-node, og slik éin [place]-node. Dersom nasalen og plosiven har forskjellelege plass-spesifikasjoner underliggjande vil ein av dei bytte artikulasjonsstad. Ein skulle då vente å finne kontaktassimilasjon mellom nasalar og plosivar i sørsamisk, og dette finn vi i korpuset. Ein har former som [suəm] for <soenh> NOM.PL av 'sen' når det neste segmentet er ein labial plosiv.

Dersom ein tek ein underliggjande sekvens /pən/ vil hierarkiet til Crosswhite(2004) slette /ə/. Men å slette /ə/ vil gjere slik at /p/ og /n/ kjem i kontakt. Dette vil bryte OCP, og slik Ident[place]. *ɔ vil slik vere i konflikt med det rangerte settet OCP>>Ident[place]. Ein kan difor rangere dei i høve til kvarandre basert på om ein slettar /ə/ i /pən/-sekvensar. Ordformer som <tjoh[pən]>, GEN.SG av ‘lue’, viser at ein ikkje slettar /ə/ der. Det vil seie at ein heller vil ha ein trykksvak [ə] enn å skifte artikulasjonsstad på nasalen eller plosiven. Fylgjeleg er Ident[place] rangert over *ɔ. Dette vil hindre sletting av vokalar når to [-continuant]-segment står på kvar side av ein vokal som elles ville blitt sletta:

pən	OCP	Ident[place]	*ɔ
a. pən pən			*
b. pn _i	*!		
c. pm _i		*!	
d. tn _i		*!	

Figur 6.23: IDENT[place] hindrar sletting.

I dei tilfella der plosiven og nasalen samsvarar i plass vil ein kunne slette vokalen, fordi artikulasjonsstaden til begge dei underliggjande konsonantane kjem til å vere den same på overflata. Ein bryt difor ikkje IDENT[place] og kan slette vokalen.

tən	OCP	Ident[place]	*ɔ
a. tən			*
b. tən tn _i			
c. tn _i	*!		

Figur 6.24: OCP>>IDENT[place] hindrar ikkje sletting.

Dersom ein tek ein liknande situasjon med underliggjande /s/ vil den same rangeringa ikkje hindre sletting, då ein ikkje får ein sekvens med like [cont]-nodar; /s/ er [+cont], medan /p/ er [-cont] og bryt slik ikkje OCP. Sidan ein ikkje bryt OCP treng ein heller ikkje slette ein [cont]-node, og slik ikkje spreie ein [place]-node, slik at ein heller ikkje bryt med IDENT[place]. Ein kan difor slette /ə/ i <tjoh[psnə]>, INESS.SG av ‘lue’, utan å bli stoppa av dei høgtrangerte krava.

Analysen kan altså forklare kvifor ein må ha samsvar mellom plosivar og nasalar, men ikkje mellom frikativar og nasalar. Men, analysen har eit problem som gjer den uhaldbar. Sidan den ikkje set restriksjonar på kontakt mellom frikativar og nasalar skulle ein vente å finne sekvensar som *[sm] og *[fm]. Dette går fram av tablået nedanfor.

søm	OCP	Ident[place]	*ɔ
a. søm			*!
b.  sm			

Figur 6.25: Grammatikken tillet feilaktig *[sm].

Kontakten mellom [s] og [m] bryt OCP like lite som den mellom [s] og [n]. Grammatikken let difor underliggjande /søm/ bli til [sm]. Men ein finn ikkje eksempel på [sm]. Dersom ein skal unngå å forkaste denne analysen må ein i så fall finne ein annan grunn til at *[sm] ikkje er tillete, medan [sn] er tillete. Ein kunne postulert at det er fordi ein ikkje vil ha trekket [LAB] i stavingskjerna. Denne hypotesen held ikkje når ein ser at minst ein av talarane, talar B, tillet syllabisk [m] etter [p], men ikkje [sm]. Ein kan ikkje nekte sekvensen [sm] på grunnlag av at ein ikkje tillet syllabiske labialar, samstundes som ein tillet sekvensen [pm], med ein syllabisk labial.

/h/

I seksjon 6.2.3 konkluderte eg at i dei tilfella der ein slettar ein vokal er det slik at ein fylgjande konsonant vert syllabisk. For /s/, /n/ og /j/ har ein klåre kandidatar for denne konsonantene. Men i NOM.PL har ein vokalsletting, men ingen fylgjande konsonant i det heile. Korleis kan ein forsøre ein slik analyse når ein har eit tilsynelatande direkte motbevis i NOM.PL?

Ein kan tenkje forskjellige forklaringar for dette. Ei tilnærming er å postulere ein underliggjande konsonant som fungerer som stavingsnukleus, men som ikkje har ein klår fonetisk motpart i tale. Eit anna alternativ er å seie at rotvokalen i NOM.PL blei sletta på eit tidlegare stadium i språkhistoria, pga. ein då tilstadeværande /h/. Denne /h/ har sidan då vert sletta, og vekslinga [V] ~ [Ø] har vorte morfologisert. Eg kjem ikkje til å drøfte dette i denne oppgåva.

$$\begin{aligned}
 /kəh/ &\longrightarrow [Kəh] & \text{Trinn 1} \\
 /Kəh/ &\longrightarrow [Kh] & \text{Trinn 2} \\
 /Kh/ &\longrightarrow [K] & \text{Trinn 3}
 \end{aligned}$$

Figur 6.26: Ei mogleg utvikling i NOM.PL.

Andre problem

Dersom ein reduserer alle fot-interne vokalar unntekje dei som er ordfinale skulle ein vente at <aehtjiebasse> ‘til sin far’, blei uttalt <aehtj[ə]>, heller enn

slik det blir uttalt, <aehtj[ie]basse>. Sidan /ie/ er trykklaus vil den bryte med *i og slik verte redusert til [ø] med mindre eit anna krav hindrar det. Ingen av dei krava vi har brukt så langt kan hindre denne reduksjonen: Verken MAX-FINAL[high] eller MAX-INITIAL[high] verkar på den, då den verken er ordfinal eller morfeminitial.

Eit anna moment som ikkje vert ordentleg forklart er vekslinga [øsn] ~ [sne]. I nokre former slettar ein rotvokalen, medan ein i andre former slettar den finale /ie/. Det er inga forklaring i den grammatiske modellen på kvifor dette skulle vere tilfellet. Etter modellen skulle alle vokalar utanfor foten verte sletta om ikkje SYLL-K hindrar det. Det er klart ut ifrå [øsn]-formene at /n/ kan verte syllabisk i desse tilfellene. Så kvifor blir den ikkje det i alle tilfella?

Eitt aspekt av svaret må vere knytt til det at ein aldri slettar begge samstundes: Ein får aldri [sn]. Ein slik konstruksjon kunne reknast vekk som fylgje av at den fekk ei staving utan opptakt, [n]. Men ein kunne likevel ikkje forklare med bakgrunn i grammatikken kvifor /ie/ ikkje vert sletta i dei formene der rotvokalen berre vert redusert.

Kapittel 7

Oppsummering

I denne oppgåva har eg undersøkt variasjonane ein finn i dei trykksvake vokalane i sørsamiske substantivsparadigme. Eg fann at vekslingane ein finn mellom former med «fulle» vokalar, som i nominativ eintal og dei med schwa, som i inessiv eintal, må reknast som reduksjon, og ikkje ei rein morfologisk veksling. Eg konkluderte også at der vokalane vert sletta er dette kun dersom ein nærliggjande konsonant kan verte syllabisk i staden for vokalen.

Eg forsøkte å analysere dette i eit optimalitetsteoretisk rammeverk, og konstruerte ein grammatikk der reduksjonen er eit resultat av eit sett markertheitskrav som militerar mot forskjellege vokalar i trykksvake stavingar.

Grammatikken i denne oppgåva kan spegle ein del av regelmessighetene ein ser i sørsamiske paradigme, men gir ikkje fullgode svar på alt, som kvifor den andre vokalen i <goetesne> vert redusert, men ikkje den andre vokalen i <aehtji-ebasse>. Forhåpentlegvis vil desse manglane føre til meir diskusjon rundt temaet og utviklinga av betre modellar for språket.

Litteratur

- [1] Abondolo, David. (1998). Introduction. I David Abondolo (red.), *The Uralic Languages*(s. 1-42). London: Routledge.
- [2] Ashby, Michael, John Maidment. (2005). *Introducing Phonetic Science*. Cambridge: Cambridge University Press.
- [3] Backer, Inge Lorange, Henrik Bull (red.). (2015). *Norges lover: 1687-2014*. Fagbokforlaget.
- [4] Berg, Bård A. (2003). *Samisk kulturkunnskap*. Nesbru: Vett & Viten.
- [5] Bergsland, Knut. (1946). *Røroslappisk grammatikk et forsøk på strukturell spåkbeskrivelse*. Oslo: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- [6] Bergsland, Knut, Ella Holm Bull. (1987). *Gåebrehki soptshesh: (Røros-samiske tekster)*(2. utgåva). Oslo: Universitetsforlaget.
- [7] Bergsland, Knut. (1994). *Sydsamisk grammatikk*(2. utgåva). Davvi Girji o.s.
- [8] Bergsland, Knut, Julie Axmann, Vanja Torkelsson, Karin Rensberg Ripa. (2010). *Gåebrehki soptshesh: (Røros-samiske tekster)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- [9] Crosswhite, Katherine M. (2004). Vowel Reduction. I Bruce Hayes, Robert Kirchner, Donca Steriade (red.), *Phonetically based phonology*(s. 191-231). Cambridge: Cambridge University Press.
- [10] Durand, Jacques, Ulrike Git, Gjert Kristoffersen (red.). (2014). *The Oxford Handbook of Corpus Phonology*. Oxford: Oxford University Press.
- [11] Hall, Nancy. (2006). *Cross-linguistic patterns of vowel intrusion*. Phonology, Vol. 23, s. 387-429. Cambridge University Press.
- [12] Hall, Nancy. (2011). Epenthesis. I Marc van Oostendorp, Colin J. Ewen, Elizabeth Hume, Keren Rice, *The Blackwell Companion to Phonology*(Vol. 3)(s. 1576-1596). Malden, Mass: Wiley-Blackwell.
- [13] Hansen, Lars Ivar, Bjørnar Olsen. (2004). *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag as.
- [14] Harris, John. (2011). Deletion. I Marc van Oostendorp, Colin J. Ewen, Elizabeth Hume, Keren Rice, *The Blackwell Companion to Phonology*(Vol. 3)(s. 1597-1621). Malden, Mass: Wiley-Blackwell.

- [15] Hasselbrink, Gustav. (1944). *Vilhelminalapskans ljudlära : med särskild hänsyn till första stavelsens vokaler*(Avhandling). Uppsala: Almqvist & Wiksell.
- [16] Hasselbrink, Gustav. (1965). *Alternative analyses of the phonemic system in central south-Lappish*. Vol. 49 av Indiana University publications. Uralic and Altaic series. Indiana University.
- [17] Hætta, Odd Mathis. (2002). *Samene Nordkalottens urfolk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- [18] Hætta, Odd Mathis. (2006) *Samiske tradisjoner og skikker Temaer fra Kau-tokeino*. Davvi Girji os.
- [19] Hætta, Odd Mathis. (2007). *Samene - et arktisk urfolk*. Davvi Girji OS.
- [20] Kager, René. (2007). Feet and Metrical Stress. I Paul de Lacy (red.), *The Cambridge Handbook of Phonology*(s. 195-227). Cambridge: Cambridge University Press.
- [21] Korhonen, Mikko. (1988). The Lapp Language. I Denis Sinor (red.), *The Uralic Languages: description, history and foreign influences*(s. 41-57). Leiden: Brill.
- [22] Ladefoged, Peter, Ian Maddieson. (1996). *The sounds of the world's languages*. Oxford: Blackwell.
- [23] Lorentz, Ove. (1973). *Towards a generative phonology of southern lappish*(hovudfagsoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- [24] Magga, Lajla Mattsson. (2009). *Norsk-sydsamisk ordbok Daaroen-åarjelsaemien baakoegærja*. Iðut.
- [25] Magga, Ole Henrik, Lajla Mattsson Magga. (2012). *Sørsamisk grammatikk*. Davvi Girji AS.
- [26] McEnery, Tony, Andrew Wilson. (2001). *Corpus Linguistics: An Introduction*. Edinburgh University Press.
- [27] Moseley, Christopher (red.) (2010). *Atlas of the World's Languages in Danger*(3. utgåva). Paris: UNESCO Publishing. Nettversjon: <http://www.unesco.org/culture/en/endangeredlanguages/atlas>.
- [28] Nedtedigibaakoeh. Nettadresse: <http://baakoeh.oahpa.no/>
- [29] Nickel, Klaus Peter, Pekka Sammallahti. (2011). *Nordsamisk grammatikk*. Davvi Girji AS.
- [30] Oostendorp, Marc van. (1995). *Vowel Quality and Phonological Projection*(Doktoravhandling). Henta fra <http://roa.rutgers.edu/files/84-0000/84-0000-2-0.PDF>
- [31] Oostendorp, Marc van. (1999). *Schwa in phonological theory*. Henta fra <http://www.vanoostendorp.nl/fonologie/schwaip.htm>.

- [32] Rydving, Håkan. (2008). Sørsamisk. I *Trøndersk språkhistorie Språkforhold i ein region* (s.357-397). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- [33] Sammallahti, Pekka. (1998a). Saamic. I Daniel Abondolo (Red.), *The Uralic Languages* (s. 43-95). London: Routledge.
- [34] Sammallahti, Pekka. (1998b). *The Saami Languages An Introduction*. Kárasjok: Davvi Girji OS.
- [35] Sampson, Geoffrey. (2001). *Empirical Linguistics*. London: Continuum.
- [36] Solbakk, John Trygve, Britt Hansen Biti (red.). (2004). *Samene - en håndbok*. Davvi Girji OS.
- [37] Solbakk, Aage. (2007). *Sápmi Sameland*. Davvi Girji os.
- [38] Solstad, Karl Jan, Áila Márga Varsi Balto, Vigdis Nygaard, Eva Josefsen, Marit Solstad. (2012). Samisk Språkundersøkelse 2012. *NF-rapport 7/2012*. Henta frå <https://www.sametinget.no/Dokumenter>.
- [39] van de Weijer, Jeroen. (1992). *Basque affricates and the manner-place dependency*. Lingua, Vol. 88(2), s. 129-147.
- [40] Walker, Rachel. (2011). *Vowel Patterns in Languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- [41] Zec, Draga. (2003). Prosodic Weight. I Caroline Féry, Ruben van de Vijver (red.), *The Syllable in Optimality Theory*(s. 123-143). Cambridge: Cambridge University Press.
- [42] Zec, Draga. (2007). The syllable. I Paul de Lacy (red.), *The Cambridge Handbook of Phonology*(s. 159-194). Cambridge: Cambridge University Press.